

Høtt skjer'a?

Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet til unge i Vest-Telemark

Olav Aasmundtveit



Masteravhandling i Nordisk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitetet i Bergen
Våren 2008

*Ingen andre stader i verdi er slik som der millom fjølli.
Hott tenkte Vårherre på når han desse telene skapte
og let dei stuke og rå seg uppe i dalar og hei? (Vaa 1989: 16)*

FØREORD

Fyrst og fremst vil eg takke rettleiaren min Gunnstein Akselberg og Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen for den velvilja dei har vist reint praktisk gjennom denne prosessen. I ei tid der Kvalitetsreforma har kome for fullt og stilt strenge krav til innleveringar til normert tid og liknande, er eg svært takksam for at dei har vore så romslege og fleksible med meg. Eg har nemleg jobba som tekstar for TV 2 under heile perioden som eg har vore mastergradsstudent på deltid, og eg har såleis fått høve til å kombinere studiane med verdifull arbeidsrøynsle i eit yrke som er svært relevant for utdanninga mi. Dette har eg sett stor pris på. Eg vil òg takke medstudentar for faglege og ufaglege stunder i sofakroken utanfor lesesalen. Det kjem til å verte vemodig å rydde lesesalplassen for godt, men eg kjem truleg heller ikkje til å sakne han med det aller fyrste.

Når det gjeld arbeidet med sjølve avhandlinga, vil eg rette ein særskild stor takk til Gunnstein Akselberg for verdifull oppfylging og konstruktive tilbakemeldingar. Dette har vore ein interessant og lærerik prosess, og Akselberg har vore ein god støttespelar gjennom tider prega av uvisse, undring og motløyse. I tillegg vil eg takke elevar og lærarar ved Seljord ungdomsskule i Seljord og Åmot skule i Vinje for at dei var viljuge til å vere med på dette talemålsprosjektet. Ungdomane har vore verdifulle informantar i arbeidet med å prøve å finne ut korleis det går med det særeigne vesttelemålet. Eg vil òg takke far min for at han stilte opp som ein høveleg representant for foreldregenerasjonen, og for at han har kome med nyttige innspel undervegs. Til slutt vil eg rette ein stor takk til sambuaren min Ingrid Kristine for all moralsk støtte og for at ho har halde ut med meg og alle tankane og utgreiingane eg har hatt om sosiolingvistiske tema. Eg håpar at denne avhandlinga vil vere interessant lesing både for forskarar og andre som måtte vere interesserte i talemålsutviklinga i Vest-Telemark.

Bergen, våren 2008

Olav Aasmundtveit

INNHALD

1. INNLEIING	1
1.1 Bakgrunn og problemstillingar	1
1.2 Hypotesar	3
1.3 Vest-Telemark	5
1.3.1 Geografi	5
1.3.2 Kultur og identitet	6
1.3.3 Vinje kommune	8
1.3.4 Seljord kommune	10
1.3.5 Vesttelemålet	11
1.4 Sentrale omgrep i avhandlinga	13
1.4.1 Regionalisering og sentralisering	13
1.4.2 Dialekt og standardtalemål	14
1.4.3 Tradisjon og modernitet	15
1.4.4 Bygdemål og bymål	16
1.4.5 Dialektdaude eller naturleg endring?	17
2. TEORI	18
2.1 Kva er dialekt?	18
2.2 Fokus innan talemålsforskinga	20
2.2.1 Homogenitet og historiske ideal	20
2.2.2 Heterogenitet og språkleg variasjon	21
2.3 Teoretiske val i denne avhandlinga	22
2.3.1 Kjønn	23
2.3.2 Bustad	23
2.3.3 Alder og foreldrebakgrunn	24
2.3.4 Sosiale felt	27
2.4 Språkendring	31
2.4.1 Indre faktorar	31
2.4.2 Ytre faktorar	32
2.5 Konvergeringsprosessane	34
2.5.1 Hierarkipyramiden	34
2.5.2 Horisontale krefter	36
2.5.3 Vertikale krefter	39
2.5.4 Modellar for spreing	42
3. METODE	45
3.1 Metodeval i sosiolingvistikken	45

3.1.1	<i>Kvantitativ metode</i>	45
3.1.2	<i>Kvalitativ metode</i>	45
3.2	Metodeval i denne avhandlinga	47
3.2.1	<i>Innsamlingsmetodar</i>	47
3.2.2	<i>Etiske omsyn</i>	51
3.2.3	<i>Intervjuaren</i>	53
3.2.4	<i>Innsamlingssituasjonen</i>	54
3.3	Informantane	56
3.3.1	<i>Informantutval</i>	56
3.3.2	<i>Utveljingskriterium</i>	57
4.	DEI SPRÅKLEGE VARIABLANE	60
4.1	Avgrensing	60
4.2	Fonologisk variabel:	61
4.2.1	<i>Variabel 1: Palatalisering</i>	61
4.3	Morfologiske variablar:	62
4.3.1	<i>Variabel 2: Fleirtal av sterke hankjønnsord (a-klassa, u-klassa, r-klassa i norrønt)</i> 62	
4.3.2	<i>Variabel 3: Fleirtal av sterke hankjønnsord (i-klassa i norrønt)</i>	63
4.3.3	<i>Variabel 4: Fleirtal av svake hokjønnsord</i>	63
4.3.4	<i>Variabel 5: Bunden form eintal av sterke hokjønnsord</i>	63
4.3.5	<i>Variabel 6: Presens av sterke verb i 6. og 7. klasse</i>	64
4.3.6	<i>Variabel 7: Partisippforma av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse</i>	64
4.3.7	<i>Variabel 8: Diftong i preteritum i 2. klasse av sterke verb</i>	64
4.4	Tradisjonelle og nyare former	65
5.	ENDRINGAR I VESTTELEMÅLET	66
5.1	Det rapporterte talemålet	66
5.1.1	<i>Variabel 1: Palatalisering</i>	66
5.1.2	<i>Variabel 2: Fleirtal av sterke hankjønnsord (a-klassa, u-klassa, r-klassa i norrønt)</i> 68	
5.1.3	<i>Variabel 3: Fleirtal av sterke hankjønnsord (i-klassa i norrønt)</i>	68
5.1.4	<i>Variabel 4: Fleirtal av svake hokjønnsord</i>	69
5.1.5	<i>Variabel 5: Bunden form eintal av sterke hokjønnsord</i>	70
5.1.6	<i>Variabel 6: Presens av sterke verb i 6. og 7. klasse</i>	71
5.1.7	<i>Variabel 7: Partisippforma av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse</i>	72
5.1.8	<i>Variabel 8: Diftong i preteritum i 2. klasse av sterke verb</i>	73
5.1.9	<i>Spreiingsdiagram</i>	74
5.2	Det ‘eigntlege’ talemålet	74
5.2.1	<i>Rapportert og faktisk språkbruk</i>	74
5.2.2	<i>Overrapportering og underrapportering</i>	76
5.3	Sosiale bakgrunnsvariablar	78
5.3.1	<i>Kjønn:</i>	78
5.3.2	<i>Foreldrebakgrunn:</i>	81

5.3.3 Bustad:	86
5.3.4 Interesse for tradisjonelle felt:	90
6. MOGLEGE GRUNNAR FOR ENDRINGANE	94
6.1 Påverknad frå standardtalemål	94
6.1.1 Skrift og tale	94
6.1.2 Uheldige omgrep	96
6.1.3 Opplevde standardspråk	97
6.1.4 Konservative og radikale normer	100
6.2 Regionalisering	101
6.2.1 Utjamning og forenkling	101
6.2.2 “Straumdraget fraa aust og sudaust”	103
6.2.3 Geografisk nærleik	104
6.2.4 Sentralisering	106
6.3 Sosiale tilhøve	108
6.3.1 Likestilling	108
6.3.2 Busetjingsmønster	109
6.3.3 Innflyttarar	111
6.3.4 Lokal identitet	112
7. AVSLUTNING	116
7.1 Mål og meining	116
7.2 Endringar i vesttelemålet	117
7.3 Krefter i talemåsendringane	119
7.4 Kjem vesttelemålet til å døy ut?	121
8. KJELDER	124
9. VEDLEGG	130
Vedlegg 1: Informasjon til foreldre/føresette	130
Vedlegg 2: Spørjeskjemaet	131
Vedlegg 3: Tema under intervju	135
Vedlegg 4: Bilete og teikningar	137
10. SAMANDRAG	142

OVERSYN OVER FIGURAR OG TABELLAR

Figurar:

Figur 1.1: Kart over kommunane i Telemark fylke	6
Figur 1.2: Kommunevåpenet til Vinje	8
Figur 1.3: Kommunevåpenet til Seljord	10
Figur 2.1: Den talespråklege hierarkipyramiden	34
Figur 5.1: Tradisjonsprosent for palatalisering i innlyd	67
Figur 5.2: Tradisjonsprosent for <i>ar</i> -ending i fleirtal av sterke hankjønnsord	68
Figur 5.3: Tradisjonsprosent for <i>ir</i> -ending i sterke hankjønnsord (<i>i</i> -klassa i norrønt)	68
Figur 5.4: Tradisjonsprosent for <i>ur</i> -ending i fleirtal av svake hokjønnsord	69
Figur 5.5: Tradisjonsprosent for <i>i</i> - eller <i>e</i> -ending i b. form eint. av sterke hokjønnsord	70
Figur 5.6: Tradisjonsprosent for presens av sterke verb i 6. og 7. klasse	71
Figur 5.7: Tradisjonsprosent for partisippformer av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse	72
Figur 5.8: Tradisjonsprosent for diftong i preteritum i 2. klasse av sterke verb	73
Figur 5.9: Samla oversyn over førekomsten av tradisjonelle former	74
Figur 5.10: Bruken av tradisjonelle former, inndelt etter kjønn og kommune	79
Figur 5.11: Førekomst av tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter kjønn	80
Figur 5.12: Førekomst av tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter kjønn	80
Figur 5.13: Foreldrebakgrunn til informantane frå Vinje	82
Figur 5.14: Foreldrebakgrunn til informantane frå Seljord	82
Figur 5.15: Tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter foreldrebakgrunn	84
Figur 5.16: Tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter foreldrebakgrunn	86
Figur 5.17: Tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter bustad i kommunen	88
Figur 5.18: Tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter bustad i kommunen	88
Figur 5.19: Tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk	91
Figur 5.20: Tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk	91

Tabellar:

Tabell 3.1: Oversyn over dei til saman 50 informantane frå Seljord og Vinje	59
Tabell 4.1: Oversyn over alle variablane	65
Tabell 5.1: Overrapportering og underrapportering hjå informantane	77

Tabell 5.2: Skilnader mellom kjønna når det gjeld bruken av tradisjonelle former	78
Tabell 5.3: Tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter foreldrebakgrunn	83
Tabell 5.4: Tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter foreldrebakgrunn	85
Tabell 5.5: Tradisjonelle former i Seljord og Vinje, inndelt etter bustad	87
Tabell 5.6: Tradisjonelle former i Seljord og Vinje, inndelt etter interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk	90
Tabell 6.1: Idealiserte motsetningar mellom dialekt og standardtalemål	99
Tabell 6.2: Oversyn over foreldrebakgrunn og bustad til informantane	111

1. INNLEIING

1.1 Bakgrunn og problemstillingar

Talemålsforskarar har dei seinare åra peika på at det går føre seg stor påverknad mellom norske talemål. Blant anna er det registrert ei utjamning og forenkling av stadbundne og særeigne talemålstrekk, noko som kan tyde på at talemåla vert stadig meir like kvarandre over eit større område enn tidlegare. Det er viktig å peike på at det finst regionale skilnader, så farten på denne utjammings- eller nivelleringsprosessen kan vere ulik frå landsdel til landsdel. Men når det gjeld den generelle talemålsutviklinga på Austlandet, er det mykje som tyder på at det bokmålsnære talemålet i hovudstaden kan ha stor påverknadskraft på bygdemål med færre talemålsbrukarar. Innanfor dei austlandske talemåla er det altså ein tendens til at det går føre seg ei utjamning og forenkling, og fleire stader ser ein at særeigne bygdemålsformer er under press frå meir utbreidde sentralaustlandske talemålsformer. Dette er ei utvikling ein særleg har sett i dei store austlandske dalføra, der til dømes midlandsmål er i ferd med å miste stadig fleire av sine særeigne talemålsformer som ein følgje av det språklege presset frå talemål på det sentrale Austlandet.

Det er gjort ei rekkje sosiolingvistiske granskingar av norske talemål i bygder og byar dei siste åra, blant anna under det omfattande nasjonale talemålsprosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN)¹, som stadfestar mykje av den same utjammings- og forenklingstendensen ein særleg har funne innanfor dei austlandske talemåla. Det er derimot skrive lite om kva endringar som går føre seg i talemålet i Vest-Telemark, og kva innverknad dei sentralaustlandske talemåla har på eit typisk midlandsmål som vesttelemålet. Dette er noko eg ville finne ut av, og eg set difor opp følgjande problemstillingar for denne avhandlinga:

1: Kva innverknad har dei sentralaustlandske talemåla på det tradisjonelle vesttelemålet?

2: Kva er bakgrunnen for at endringane slår gjennom?

Denne avhandlinga er altså ei sosiolingvistisk gransking av det stadbundne og tradisjonelle vesttelemålet, der målet mitt er å sjå nærare på korleis dette vert påverka både av generelle samfunnstilhøve og sosiale tilhøve hjå den einskilte talemålsbrukaren. I denne samanhengen

¹ TEIN, som starta i 1998, er eit samarbeidsprosjekt mellom dei nordiske institutta ved universiteta i Bergen, Oslo, Tromsø, Trondheim, og ved Høgskolen i Agder (Akselberg 1999: 8).

vil eg sjå utviklinga i vesttelemålet på bakgrunn av endringstendensane forskarar har funne elles på Austlandet, og då særleg med tanke på korleis tilhøvet eller påverknaden er i dag mellom dei ulike austlandske talemåla, eller mellom talemåla og ei eventuell nasjonal eller overregional talemålsnorm. Det vil såleis òg vere aktuelt å sjå utviklinga i samband med den auka sentraliseringa og regionaliseringa i Noreg, og drøfte kva dette har å seie for vesttelemålet.

For å finne svar på kva innverknad sentralaustlandske talemål har på talemålet i Vest-Telemark, vil eg kartleggje korleis eit utval av særeigne vesttelemålsformer held seg i dag, med andre ord kva endringar talemålet går gjennom og kor omfattande desse er. Sidan det som regel er dei unge som byrjar å ta i bruk nye talemålsformer i form av innovasjonar og lån, er det gjerne hjå ungdommen ein ser dei fyrste signala på kva som går føre seg av endringar i det lokale talemålet. Ungdomar utgjer såleis ei viktig rolle i korleis dialektane utviklar seg, og dermed vil dei vere sentrale informantar i ei talemålsgransking som denne.

Granskinga byggjer difor på talemålet til ei gruppe informantar frå ungdomsskulen i kommunesenteret Seljord i Seljord kommune og ei gruppe informantar frå ungdomsskulen i kommunesenteret Åmot i Vinje kommune. Informantane skal fyrst fylle ut eit spørjeskjema, der dei blant anna skal svare på kva talemålsformer dei brukar, før nokre av dei deretter vert tekne inn til ei samtale med meg (sjå 3.2.1). Ved på denne måten å samanlikne den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet med den faktiske språkbruken under intervjuet, håpar eg å få eit godt bilete av kor pålitelege resultata er. Dersom det til dømes viser seg å vere store skilnader mellom dei opplyste språkformene i spørjeskjemaet og språkformene som kjem fram under intervjuet, vil ein risikere å sitje att med mykje feilinformasjon i form av over- eller underrapportering. På den eine sida kan informantane overrapportere språkbruken ved å opplyse om at dei brukar fleire tradisjonelle former enn dei faktisk gjer under intervjuet. Men på den andre sida kan dei òg underrapportere ved å opplyse at dei brukar færre tradisjonelle former enn kva som er tilfellet. Dersom derimot den rapporterte og faktiske språkbruken viser seg å vere temmeleg like, altså at det er lite utslag av over- eller underrapportering, så kan mykje tyde på at spørjeskjemaet gjev pålitelege opplysningar om korleis informantane snakkar til dagleg.

I tillegg til å kartleggje konkrete endringar i talemålet, vil eg gå inn på kva som kan vere bakgrunnen for språkvala til informantane. Kulturelle og sosiale faktorar kan ha mykje å seie for språkvala, og difor vil dei språklege variablane verte sett i samanheng med sosiale variablar som kjønn, alder, foreldrebakgrunn og haldning. Haldning vil på mange måtar hengje nært saman med faktorar som lokal tilhøyrslse og identitet, og i denne samanhengen vil

det vere interessant å sjå nærare på kor opptekne informantane er av sitt eige lokalsamfunn, med andre ord sjå om blant anna ei aktiv deltaking i eller positiv haldning til tradisjonelle felt i lokalsamfunnet kan ha noko å seie for språkvala.

Avhandlinga tek føre seg førekomstane av både *synkron* og *diakron* variasjon i vesttelemålet. For det fyrste vil ho ha eit *synkront perspektiv* ved at informantane vert testa ut på ei rekkje variablar av bygdemålsformer, og såleis vil eg altså få kartlagt den talespråklege variasjonen hjå ungdomane frå Seljord og Vinje. For det andre vil avhandlinga ha eit *diakront perspektiv*, der målet er å sjå korleis talemålet endrar seg over tid. Eg har derimot ikkje teke med eit stort utval av informantar frå foreldregenerasjonen som samanlikningsgrunnlag, men talemålet til ungdomane vert samanlikna med kunnskapen eg har om dei særneigne formene i vesttelemålet, og kva former *eg* brukar, som sjølv har vakse opp i Kviteseid kommune i Vest-Telemark og snakkar vesttelemålet. Dessutan har eg samanlikna talemålet til ungdomane med kva talemålsformer far min brukar, som òg har vakse opp og budd i Vest-Telemark. Ved å gjere ei samanlikning av talemålet til ungdomar i to ulike kommunar innanfor same målføreområdet, kan ein etter mi meining få eit godt bilete av kva retning og omfang talemålet i denne regionen endrar seg i dag. Dersom det til dømes viser seg å vere ein klar skilnad i talemålet til ungdomane når det gjeld bruk av vesttelemålsformer i dei to kommunane, kan det vere eit teikn på korleis og kor raskt vesttelemålet utviklar seg både i høve til tidlegare språksteg og i høve til andre dialektområde på Austlandet.

1.2 Hypotesar

Sidan målet med avhandlinga er å finne ut kva innverknad dei sentralaustlandske talemåla har på vesttelemålet og kva som kan vere bakgrunnen for at endringane slår gjennom, vil det vere naturleg å sjå resultatane frå denne talemålsgranskninga i samband med forskingsresultat frå andre talemålsområde på Austlandet. Mykje tyder nemleg på at ei rekkje bygdemål i denne landsdelen vert utsette for talespråkleg påverknad både frå nærliggjande dialektområde og frå hovudstaden (jf. til dømes *Austlandsmål i endring* eller TEIN). Når det gjeld bakgrunnen for denne tendensen, peikar talemålsgranskarar på at blant anna sosiale faktorar som foreldrebakgrunn og innflytting kan ha avgjerande innverknad på språkvala til dei unge, i tillegg til individuelle faktorar som haldning og tilknytning til lokalsamfunnet ein har vakse opp i (Vikør 1999: 38). Dette er bakgrunnsfaktorar som òg kan ha mykje å seie for utviklinga til vesttelemålet, og eg legg difor til grunn fire hypotesar for denne avhandlinga:

Hypotese 1: Talemålsformer frå det bokmålsnære talemålet i dei sentrale delane av Austlandet påverkar det tradisjonelle vesttelemålet.

Hypotese 2: Ungdomar frå Seljord brukar færre tradisjonelle former enn ungdomar frå Vinje.

Hypotese 3: Sosiale bakgrunnsvariablar som kjønn, bustad og foreldrebakgrunn verkar inn på språkvala til ungdomane.

Hypotese 4: Det er ein samanheng mellom språkval og haldning til eller deltaking i sosiale felt.

Desse fire hypotesane heng på mange måtar nært saman, men dei representerer òg ulike innfallsvinklar til spørsmålet om talemålsendring. *Hypotese 1* vil vere den aller viktigaste, og det er denne som kjem til å gå som ein raud tråd gjennom avhandlinga. I samband med problemstilling 1 vil altså hovudspørsmålet her vere om det går føre seg ei endring der det tradisjonelle vesttelemålet tek opp sentralaustlandske talemålstrekk.

Sidan mange av bygdemåla på Austlandet har det til felles at dei vert påverka av sentralaustlandske talemål, er det såleis godt mogleg at vesttelemålet òg vert påverka frå aust, til dømes frå byar i det sentrale austlandsområdet. Dersom dette er tilfellet, kan i så fall mykje tyde på at Seljord ligg meir utsett til enn Vinje. Geografisk sett representerer nemleg kommunane Seljord og Vinje to ytterpunkt i Vest-Telemark. Vinje ligg lengst mot nordvest, medan Seljord ligg lengst mot søraust. Denne geografiske skilnaden kan vise seg å spele ei sentral rolle i korleis vesttelemålet utviklar seg i dag, og nettopp difor ønskjer eg å samanlikne desse to kommunane. *Hypotese 2* vil dermed hange nært saman med hypotese 1. Dersom det viser seg at ungdomar frå Seljord brukar færre tradisjonelle talemålsformer enn ungdomar frå Vinje, vil det vere med på å stø opp om den fyrste hypotesen, men samstundes kan det vere eit teikn på at det er i ferd med å verte større språklege skilnader mellom dei ulike kommunane i Vest-Telemark. Både desse to fyrste hypotesane har altså ei geografisk vinkling, der eg fyrst og fremst er ute etter å finne variabilitet på tvers av dei etablerte talemåls grensene.

I motsetnad til dei to fyrste hypotesane vil *hypotese 3* og *hypotese 4* derimot ha ei meir sosial vinkling med større fokus på den einskilde informanten. Desse to hypotesane vil såleis hange nært saman med den andre problemstillinga for avhandlinga, nemleg å forklare kva som kan vere *bakgrunnen* for utviklinga. I samband med *hypotese 3* vil eg ta føre meg kva innverknad sosiale faktorar som kjønn, bustad og foreldrebakgrunn har på valet av talemålsformer. Når det gjeld *hypotese 4*, skal eg gå nærare inn på aktivitets- og interesseområda til den einskilde informanten, og sjå på om det kan vere ein samanheng

mellom bruken av vesttelemålsformer og graden av lokal forankring. Her vil eg undersøkje om haldning til eller deltaking i såkalla tradisjonelle felt kan ha noko å seie for språkvala til informantane, med andre ord om det er ein samanheng mellom bruken av tradisjonelle former og det at ein er med i eller interessert i aktivitetsfelt med lokal tilknytning. Eg håpar såleis at desse fire hypotesane til saman kan gje eit godt bilete av kva som hender med vesttelemålet hjå den yngre generasjonen i Vinje og Seljord.


1.3 Vest-Telemark

1.3.1 Geografi

Vest-Telemark utgjer om lag halvparten av Telemark fylke i areal, og er sett saman av dei seks kommunane Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Ein god karakteristikk av heile denne delen av fylket er at her er mykje skog, vatn, fjell og dalar. Alle desse kommunane har såleis i større eller mindre grad spreidd busetnad og mykje utmark.

Tidlegare var gjerne vassvegen den viktigaste måten ein kunne kome seg ut i verda på. Særleg frå 1850-talet vart vassdraga Bandak, Kviteseidvatn, Flåvatn og Nordsjø viktige transportvegar anten ein ville til byane i nedre Telemark eller endå lenger av stad, som til dømes til hovudstaden (Sanden 2004: 33). Kanalbåtane vart såleis ein erstattar for hestetransport, og då Telemarkskanalen stod ferdig i 1892, kunne folk frå Vest-Telemark ta båt heilt frå Dalen i Tokke kommune og ut til kysten.

Etter kvart vart det derimot bygd ut stadig fleire og betre vegar, noko som letta kommunikasjonen og knytte regionane og landsdelane tettare saman. I dag er blant anna heilårsvegen E-134 over Haukeli ein av dei viktigaste kommunikasjonsårene mellom Aust- og Vest-Noreg, og han strekkjer seg tvers gjennom Vest-Telemark, frå Seljord i aust til Vinje i vest. I tillegg har Norsk Bane AS store planar om å byggje høgfartsbane gjennom fylket. Dersom desse planane vert realiserte, vil ei togreise frå Oslo til Bergen ta berre om lag 2,5 timar (jf. Norsk Bane AS sine heimesider), noko som vil minske reisetida og knyte landsdelane og regionane endå tettare saman. Dette vil dermed få avgjerande innverknad på infrastrukturen og dei mange lokalsamfunna langs banen, noko som i eit talemålsperspektiv mest sannsynleg òg vil vere ein medverkande faktor til å setje fart på påverknaden mot til dømes vesttelemålet.



Figur 1.1: Kart over kommunane i Telemark fylke (innfelt), der kommunesentra Åmot i Vinje kommune og Seljord i Seljord kommune er utheva.

1.3.2 Kultur og identitet

Telen set sitt eige høgt
og ser med tvil og vanvyrnad på det framande (Flatin 1942: 383).

Vest-Telemark er kjent for sine rike kulturtradisjonar, og eit stort utval av folkeviser, eventyr og anna folkedikting kjem nettopp herifrå. Dette har blant anna gjort bygdemålet til ein viktig del av folkediktinga (Flatin 1942: 384). Fellestrekk både i talemålet og kulturen gjer blant anna at Vest-Telemark skil seg klart ut frå det ein kan finne lenger aust i fylket. Dette er derimot ikkje noko som har skjedd i nyare tid, for granskingar viser at det kunne vere store kulturskilnader mellom dei ulike delane av Telemark heilt frå dei fyrste menneska slo seg ned i fylket. Når det gjeld den tidlege busetnaden her, går ein ut frå at dei fyrste innflyttarane kom frå ulike kantar av landet. Ei folkegruppe, grenene, kom frå kysten og slo seg ned i dei søraustlege delane av fylket, og dette området fekk såleis namnet Grenland. Nord- og austfrå kom ei anna folkegruppe, telane, og slo seg ned ved dei store vatna i dei øvre delane av fylket. Riket deira vart dermed kalla Telemark (Vesaas 1992: 20).

I dei nedre delane av fylket (Grenland) voks byane og industrien fram, og her hadde ein blant anna tett kontakt med Sørlandet og områda rundt Oslofjorden. Dei mange sagbruka gjorde at Skien vart eit viktig handelssentrum, og trelasthandelen førte til større kontakt med resten av Europa. Overklassa i Grenland var stort sett innflyttarar og innvandra familiar, noko som førte med seg nye kulturimpulsar (Gardåsen 1996: 6). I denne delen av fylket har såleis stadig nye impulsar fått fofeste, noko som truleg har vore med på å gjere påverknadskrafta mot naboregionane større.

I dei vestre delane av fylket har derimot den sjølvberga bonden rådd, og tradisjonar og konservative verdiar har alltid stått sterkt. Her livnærte folk seg av jorda og skogen og utvikla sine eigne levemåtar og sin eigen kultur. Dette var dermed ein sterk kontrast til handelsdistrikta i Grenland, som bøndene i øvre Telemark gjerne såg på som “sagbruksadelen” (Vesaas 1992: 35). Dessutan har skepsisen og motstanden mot alt som kom utanfrå vore stor blant innbyggjarane i Vest-Telemark, og dei har vore kjende for å vere opposisjonelle mot alle som har prøvd å rå over dei. Det har blant anna vore ei rekkje feidar mellom bøndene i Vest-Telemark og sentralmakta opp gjennom tidene, så det var heller ikkje snakk om nokon kortvarig strid. På 1100-talet prøvde til dømes embetsmennene å få innbyggjarane i Vest-Telemark til å betale tiend til Kyrkja, men måtte gje opp (Gardåsen 1996: 9). Og då Noreg vart delt opp i len under unionen med Danmark, kom både Grenland og øvre Telemark under lensherren på Akershus. Dette var noko bøndene i Vest-Telemark likte svært dårleg, og fleire gonger i dei følgjande hundreåra gjekk dei kraftig imot dette “framandfolket” (Vesaas 1992: 34). Dei sjølvveigande bøndene i vest fann seg rett og slett ikkje i å verte styrte av sentralmakta på denne måten.

Grunnen til at eg ønskjer å trekkje fram denne historiske bakgrunnen for dei ulike områda i Telemark, er at det på mange måtar viser kvifor fylket den dag i dag er så mangfaldig. Skiljet mellom bygd og by har vore ekstra tydeleg her, og den kulturelle bakgrunnen mellom dei nedre og øvre delane av Telemark har vore stor opp gjennom hundreåra. Vest-Telemark som eigen *kulturell region* (Fossåskaret 2000: 31) har såleis ein sterk identitetsskapande funksjon, og dette er ein viktig faktor å ta med når ein skal sjå nærare på språkleg og kulturell påverknad mellom dei ulike delane av fylket i dag. At innbyggjarane i Vest-Telemark alltid har vore svært opptekne av sin eigen kultur og identitet, både når det gjeld tradisjonar, skikkar og talemål, er såleis ein svært interessant faktor når ein skal sjå nærare på dette med regional samkjensle og identitet. For er det i det heile mogleg å sjå på Telemark som éin region når fylket har eit så rikt kulturelt mangfald? Sjølv om det i Vest-Telemark kan vere ein del skuling over kommunegrensene og interne kranglar om kvar til

dømmes vinmonopol og bensinstasjonar skal liggje, så vil truleg dei fleste innbyggjarane her framleis føle både ei kulturell og geografisk tilhøyrse til den vestlege regionen av fylket. Telemarksforsking-Bø konkluderer til dømes med at skiljet mellom by og land er svært tydeleg den dag i dag, og meiner såleis at ein kan dele inn fylket i bygderegionen “Telemark” og byregionen “Grenland” (Haukeland 2005: 13). Denne sterke identitetskjenninga kan dermed vere ein viktig faktor for korleis bygdemålet utviklar seg i høve til dei sentralaustlandske bymåla, og Vinje og Seljord vil difor vere høvelege kommunar å gjennomføre ei sosiolingvistisk talemålsundersøking i.

1.3.3 Vinje kommune



Figur 1.2: Kommunevåpenet til Vinje, der geita bl.a. er eit symbol på kraft (kommunen har store inntekter frå kraftproduksjon), folkedikting (jf. Aasmund Olavsson Vinje sitt kjende dikt “Blåmann”) og fjellandskapet i kommunen (jf. Vinje kommune si heimeside).

Vinje kommune er sett saman av fleire mindre bygder, som Edland, Rauland, Vinje, Øy fjell og Åmot. Det er til saman fem skular i kommunen, og i Rauland ligg Institutt for folkekultur, som er ei avdeling under Høgskulen i Telemark. Når det gjeld denne talemålsgranskinga, har eg valt å sjå nærare på talemålet til elevar ved ungdomsskulen i Åmot. Åmot er kommunesenteret i Vinje, og det er her dei fleste kultur- og servicetilboda er samla. Vinje kommune ligg lengst mot nordvest i Telemark fylke, og går langt inn i Hardangervidda nasjonalpark. I vest grensar han mot Suldal, Ullensvang og Odda, i nord mot Nore og Uvdal, i sør mot Bykle og Tokke, og i aust mot Tinn og Seljord (sjå figur 1.1). Kommunen er 3106 kvadratkilometer stor og har 3635 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 28.02.08). Han har dermed fleire innbyggjarar og er mykje større i areal enn Seljord, men med sine 1,2 innbyggjarar per kvadratkilometer er det likevel lenger mellom naboane her enn i Seljord. Dessutan har Vinje kommune lenge vore prega av eit stadig minkande folketal. Dette er derimot ikkje ei utvikling som berre har ramma Vinje, for bygdene i Telemark har opplevd nedgang i folketalet stort sett heile perioden etter andre verdskrigen (Haukeland 2005: 34).

Generelt har den store utflyttinga frå dei mange bygdesamfunna i Noreg bakgrunn i den sterke urbaniseringa og sentraliseringa som har gått føre seg dei siste tiåra, og den kraftige nedgangen i folketalet kan blant anna ha bakgrunn i arbeidstilhøva i den enskilde kommunen. Telemarksforsking-Bø har til dømes funne ut at kommunane Porsgrunn og Bø er dei einaste kommunane i Telemark som har overskot på arbeidsplassar. Den gode arbeidsmarknaden kan såleis vere ein viktig grunn til at desse to kommunane har størst vekst i folkesetnaden. Tal viser nemleg at det er lita arbeidspendling frå Vest-Telemark og ned til byane i Grenland, noko som blant anna vert forklart med dei store avstandane (Haukeland 2005: 36). Den store fråflyttinga frå Vest-Telemark kan dermed verte forklart med at folk i staden for å pendle lange avstandar, flytter ut av regionen for godt på jakt etter arbeid.

Telemarksforsking-Bø karakteriserer dessutan Vinje som ein typisk “skjerma kommune”, der det er lite konkurranseutsett næringsliv og lite inn- og utpendling (Vest-Telemark Blad, 06.02.06). I tillegg har arbeidsvilkåra og næringsvegane endra seg med tida. Innbyggjarane i kommunen har tradisjonelt sett livnært seg av primærnæringane, men i dag har dette snudd, og no jobbar dei fleste (65 %) i tertiærnæringane.

Ein god karakteristikk av Vinje finn ein på kommunen si eiga heimeside, der det står kva kulturelle og tradisjonsrike opplevingar ein kan få med seg her:

Grender med solsvidde tun frå mellomalderen, helleristningar frå bronsealderen og gravhaugar frå eldre jernalder. Ein diktartradisjon frå eventyra og folkevisene til Aasmund O. Vinje og Tarjei Vesaas til ein musikktradisjon frå Myllarguten til unge spelemenn og rockemusikarar (frå heimesida til Vinje kommune).

Men det er ikkje berre tradisjonsrike faktorar som folkedikting og gamle bygningar som lokkar tilreisande til kommunen. I dag har nemleg Vinje blant anna òg vorte ein populær vintersportsstad, og dei siste åra har ein sett i gang store hytte- og leilegheitsprosjekt ved skisentra i Rauland og Haukeli. Kommunen er såleis i ferd med å verte ein viktig utfartsstad for folk frå heile landet, og lokkar til seg ferie- og hyttefolk året rundt.

1.3.4 Seljord kommune



Figur 1.3: Kommunevåpenet til Seljord syner sjøormen Selma som visstnok skal halde til i Seljordsvatnet.

Seljord kommune er sett saman av fleire mindre bygder, som Flatdal, Svartdal, Åmotsdal, Langlim, Garvik og kommunesenteret Seljord. Det er barneskular både i Flatdal, Åmotsdal og Seljord, medan ungdomsskulen ligg i kommunesenteret Seljord. Det er her ved ungdomsskulen eg har gjort talemålsgranskningane til denne avhandlinga. Seljord kommune grensar i vest mot Tokke og Vinje, i nord mot Tinn, i sørvest mot Kviteseid og i aust mot Hjartdal, Notodden og Bø (sjå figur 1.1). Kommunen er 715 kvadratkilometer stor og har 2930 innbyggjarar (Statistisk sentralbyrå, 28.02.08), noko som inneber at det er 4,1 innbyggjarar per kvadratkilometer. Men som i Vinje har Seljord i mange år opplevd auka fråflytting, og då er det særleg dei yngre som flytter ut.

Situasjonen er derimot annleis enn i Vinje når det gjeld arbeidstilhøva. Medan Telemarksforsking-Bø karakteriserer Vinje som ein “skjerma kommune” (sjå 1.3.3), vert Seljord karakterisert som ein “motorkommune”. I dette ligg det at det er over middel storleik på konkurranseutsett sektor samanlikna med talet på sysselsette. Dessutan har kommunen meir inn- og utpendling enn gjennomsnittet, noko som har bakgrunn i at han trekkjer til seg naudsynt arbeidskraft frå nabokommunane (Vest-Telemark Blad, 06.02.06). I tillegg har Seljord på same måte som Vinje opplevd eit tydeleg skifte i næringsvegane. I dag er Seljord eit handelssenter i stadig vekst, og dei fleste innbyggjarane her (72 %) jobbar no i tertiærnæringsvegane. Eg meiner at desse momenta er viktige å ta med i denne avhandlinga, for arbeidssituasjonen i dei to kommunane kan nemleg ha stor innverknad på talemålsutviklinga. Til dømes kan nettopp skilnaden i inn- og utpendling mellom Vinje og Seljord ha mykje å seie med tanke på den språklege påverknaden bygdefolket opplever frå folk med annan talemålsbakgrunn enn dei sjølve.

Seljord har på same måte som Vinje ei rik kulturhistorie å vise til, både når det gjeld folkekunst, folkemusikk og folkedikting. Mange turistar kjem til dømes for å få eit glimt av den vidgjetne sjøormen Selma som held til i Seljordsvatnet. På kommunen si heimeside vert

det, som i Vinje, vist til denne rike kulturarven, men i motsetnad til Vinje seier Seljord samstundes tydeleg at dei har som mål å verte det viktigaste sentrumet for regionen:

Målsetjinga for nærings- og tiltaksarbeidet er å vidareutvikle Seljord som regionalt handels-, teneste- og produksjonssenter (frå heimesida til Seljord kommune).

Seljord har ikkje store skisenter og flotte turistanlegg som kan trekkje folk til bygda, slik som i Vinje, men kommunen byrjar no til dømes å verte svært kjend for dei mange årlege kulturelle, musikalske og sosiale tilstellingane. Kvar sommar vert det arrangert ei rekkje store festivalar og stemne som trekkjer til seg folk frå heile landet, og som set stadig nye publikumsrekordar. Det største arrangementet er handelsstemnet Dyrsku'n, som går over tre dagar kvar haust, og som åleine lokkar over 70 000 besøkjande til bygda. Seljord er såleis i ferd med å etablere seg som ein velkjend og populær utfartsstad for tilreisande frå heile landet.

1.3.5 Vesttelemålet

Vest-Telemåle er av dei rikaste og sviplegaste bygdemåli i lande. Dei hev haldi uppe ein større rikdom av gamle ord og vendingar og er dertil meir liksom velstelt og kultivera enn kanskje noko anna målvald i lande. Dette tykkjest alle kunnige folk vera samde om (Flatin 1942: 383).

Utdraget ovanfor er henta frå bygdesoga om Seljord frå 1942, og ber kanskje preg av å vere ei noko subjektiv favorisering av vesttelemålet framfor andre norske bygdemål. Likevel er det eit godt døme på at vesttelemålet opp gjennom tidene har vorte sett på som eit tradisjonsrikt bygdemål som har halde seg svært godt.

Vesttelemålet omfattar måla i øvre og vestre Telemark, det vil seie Vinje, Seljord, Kviteseid, Lårdal og Mo (Helleland og Papazian 1981: 51). Sjølv om det er visse mindre skilnader i talemålet mellom dei ulike kommunane og jamvel mellom mindre bygdelag innanfor kvar einskild kommune, har dei samla sett store likskapar. Dersom ein til dømes samanliknar vesttelemålet med talemål i nabokommunane lenger aust i fylket, vil ein nemleg finne fleire og meir markante skilnader. Medan talemålet i aust og sør (til dømes Notodden, Skien og Porsgrunn) har store likskapar med talemålet i hovudstaden, er talemålet i vest eit godt bevart tradisjonelt midlandsmål.

Midlandsmåla omfattar målføra i fjellbygdene, det vil seie Numedal, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen og Vest-Telemark (Helleland og Papazian 1981: 49). Talemålet i Vest-Telemark har såleis trekk som viser samband både vestover og austover. Når det gjeld samband vestover, manglar til dømes vesttelemålet tjukk *l*. Dette målmerket deler fylket nærmast i to frå nord til sør, noko som blant anna inneber ein viktig skilnad mellom talemålet i Seljord og talemålet i nabokommunen Bø. Medan Bø har tjukk *l* som resten av Austlandet, har talemålet i Seljord dental *l* som resten av Vest-Telemark og Vestlandet.² Andre vestlege drag i midlandsmåla er til dømes dei personlege pronomena i eintal og fleirtal (i vesttelemålet *eg* og *me*), hankjønn eintal av det ubundne pronomenet *nokon* (i vesttelemålet *nokon*) og nektingsadverbet *ikkje* (Venås 1990: 49).

Når det gjeld samband austover, har vesttelemålet kløyvd infinitiv som andre talemål på Austlandet. I motsetnad til talemål på Vestlandet har vesttelemålet såleis ulik endingsvokal i verb, slik at ein vil seie *gjera* og *lesa*, men *kaste* og *hoppe*. Samla sett ligg midlandsmåla nærast opp mot talemålet på Austlandet, men dei har langt fleire eldre språktrekk enn austlandsk. Austlandsk skil til dømes ikkje mellom sterk og svak bøyning av substantiva, så her vil både sterke og svake hokjønnsord ha *a*-ending (*jenta*, *dama*, *bygda*, *sola*). Midlandsmåla vil derimot ha både sterk og svak bøyning av substantiva, noko som dei har arva frå norrønt (Helleland og Papazian 1981: 49). I vesttelemålet har til dømes svake hokjønnsord *a*-ending (*jenta*, *dama*), medan sterke hokjønnsord har *i*-ending (*bygdi*, *solli*).³ Dette er målmerke som har halde seg godt heilt fram til i dag.

Mykje tyder derimot på at dei fleste bygdemåla på Austlandet i dag er under stort press frå andre talemål, særleg frå sterke regionsenter som til dømes Oslo. Meir utbreidde talemål med fleire talemålsbrukarar ser ut til å vinne stadig meir terreng, noko som kan gå utover det dialektale mangfaldet. Men kvifor kan det eigentleg verke som om vesttelemålet har halde seg betre enn andre midlandsmål i denne samanhengen? Her ligg truleg mykje av forklaringa i dei topografiske tilhøva, og då vil eg særleg trekkje fram dei tydelege geografiske skilnadene mellom målføreområda på Austlandet. Ein må hugse på at naturen gjerne har lagt grunnlaget for spreidd busetnad, noko som anten kan ha ført til samkvem eller vore ei hindring for det (Venås 1990: 50). Faktorar som gjerne vernar mot språkleg påverknad, kan vere naturlege hindringar som fjell, vatn og store skogsområde. Slik sett har nok Vest-Telemark lege meir bortgøymt til i motsetnad til andre område på Austlandet som

² I Bø vil ein til dømes ha tjukk *l* både i ord med /rd/ (*gard*) og /l/ (*sola*), medan ein i Vest-Telemark vil ha /r/ og dental *l*. Sjå til dømes Helleland og Papazian 1981 for dialektkart og meir detaljerte oversyn.

³ I visse delar av Vinje kommune har dei sterke hokjønnsorda *e*-ending i staden for *i*-ending (sjå 4.3.4).

på si side har lege meir utsett til for språkleg kontakt og påverknad. I Telemark har nettopp mektige fjellområde, store vatn og djupe skogar vore naturlege hindringar for kontakt utanfrå. Andre store dalføre austanfjells, til dømes typiske midlandsmålområde som Hallingdal og Numedal, har på si side lege meir opne og vore enklare å kome til. Kvar dei ulike bygdesamfunna ligg, kan såleis spele ei viktig rolle for korleis dialektane utviklar seg, og Olai Skulerud gjev ei god skildring av Telemark i høve til andre stader på Austlandet:

Telemark er ikkje som dei fleste andre landskapa austanfjells eit stort hovuddalføre, men eit flokut net av dalar, som ligg ved sida aat einannan um lag som radiar i ein sirkel, med Selgjord til midtpunkt og ein ringmur av megtige fjell rundt ikring (Skulerud 1918: 1).

Det er godt mogleg at det kuperte landskapet i Vest-Telemark har vore med på å bremse den språklege utjamningstendensen som forskarar har sett gå føre seg andre stader på Austlandet, men det kan òg hende at vesttelemålet i dag er i ferd med å ta opp stadig fleire sentraustlandske talemålstrekk. Det er derimot gjort lite forskning på utviklinga innanfor vesttelemålet, så det er såleis heller få resultat å vise til frå dette området. Sigfrid Tvitekkja er ei av dei få som har gjort ei sosiolingvistisk gransking av vesttelemålet, då ho i 1998 skreiv ei hovudfagsoppgåve om talemålet i Vinje. Sidan eg tek føre meg noko av det same som henne, vil det difor vere naturleg å trekkje ein del trådar til kva ho kom fram til den gongen.

1.4 Sentrale omgrep i avhandlinga

Regionalisering og sentralisering, dialekt og standardtalemål, bygdemål og bymål, dialektdaude og naturleg endring, og tradisjon og modernitet. Desse omgrepa vil vere svært sentrale å ha med i denne avhandlinga når ein skal sjå på dei generelle endringstendensane på Austlandet og kontrastane mellom dei ulike talemåla ein kan finne her. Desse termene, som eg her har sett opp parvis, kan på den eine sida vere motpolar til kvarandre ved at dei på mange måtar representerer både språklege og kulturelle ytterpunkt. Men på den andre sida kan termene òg i større eller mindre grad overlappe eller utfylle kvarandre. Det kan difor vere greitt å gå litt nærare inn på desse sentrale omgrepa fyrst som sist:

1.4.1 Regionalisering og sentralisering

Språkleg regionalisering er eit fenomen som har fått stor merksemd blant forskarar dei seinare åra. Når ein til dømes tenkjer på faktorar som samfunnsutvikling og samhandling, vert

regionalisering gjerne forklart som ein prosess der ein skal “dele inn i distrikter (regioner); vurdere ut fra de enkelte distrikter og deres interesser” (Berulfsen og Gundersen 2000: 383). Omgrepet *region* vert såleis gjerne karakterisert som eit geografisk område med “hovedsakelig likeartede forhold” (op.cit.: 383), og har gjerne synonym som *landsdel*, *son*, *strok*, *distrikt* og *provins* (Rommetveit 2000: 579). Omgrepet *region* kan såleis i seg sjølv vere temmeleg vidt og ha ei rekkje tydingar alt etter kva samanheng det vert brukt i. Eg meiner difor at ein nettopp må sjå på *region* som eit mangetydig omgrep, anten ein til dømes ser det i ein nasjonal eller ein meir lokal samanheng.

På nasjonalt nivå kan ein på bakgrunn av dei meir regionale skilnadane i talemåla dele landet inn i fem delar: austlandsk, midlandsk, vestlandsk, trøndersk og nordnorsk (jf. til dømes Vikør 1999: 14). Innanfor desse landsdelane er det mykje som tyder på at det er dei store byane som verkar som regionale sentrum, og for Austlandet sin del vil nok Oslo vere det klaraste sentrumet for regionen Austlandet. På bakgrunn av den sterke både maktpolitiske og språklege stillinga som hovudstaden har, vil det såleis vere interessant å sjå korleis vesttelemålet som eit typisk midlandsmål klarar seg i dag i høve til påverknaden frå dei sentraustlandske talemåla.

På eit endå meir lokalt nivå kan det derimot vere ei anna geografisk og kulturell inndeling. På den eine sida kan mykje tyde på at byane i nedre Telemark verkar som regionale sentrum for resten av fylket. Ungdomar flytter frå bygdene for å gå på skule i tettstadene eller byane, og mange trekkjer nok òg til byane på fritida for å handle eller nytte seg av andre fritidstilbod. På denne måten kan dermed til dømes Skien og Porsgrunn vere sentrale byar for både språkleg og kulturell påverknad i høve til kommunane og bygdesamfunna omkring, noko som i så fall vil vere ei utvikling som samsvarar med det mange forskarar har funne andre stader i landet. I denne avhandlinga skal eg gå inn på kva vi eigentleg legg i omgrepet *region*, og sjå nærare på kva sentraliserings- og regionaliseringsprosessane kan ha å seie for talemålsutviklinga i Vest-Telemark.

1.4.2 Dialekt og standardtalemål

Korleis er eigentleg tilhøva mellom dei norske dialektane? Er alle norske dialektar så å seie på same nivå, eller har vi eit talespråkleg hierarki med eit mektig norsk standardtalemål på toppen? Dette er eit både språkleg og politisk svært omdiskutert tema, og det er stor usemje blant forskarar rundt desse spørsmåla. Medan nokre vil seie at ein av historiske og politiske grunnar ikkje har standardtalemål i Noreg, vil andre påstå at vi har det. Om vi har jamstilte dialektar eller ei hierarkisk inndeling, er difor viktige faktorar å ta med når ein skal sjå nærare

på og drøfte talemålssituasjonen i Noreg og for den saks skuld situasjonen i Vest-Telemark. Debatten rundt kva vi legg i omgrepa *dialekt* og *standardtalemål* og kva følgjer eit eventuelt talemålshierarki vil ha for utviklinga av dei norske dialektane, vil difor vere eit sentralt tema i denne avhandlinga.

1.4.3 Tradisjon og modernitet

Tradisjon og *modernitet* er kjende termar innanfor sosiolingvistisk forskning, men kva legg ein i denne kategoriseringa? I utgangspunktet kan det vere vanskeleg å avklare kva ein eigentleg meiner med tradisjonelle og moderne former, i og med at dette gjerne kan ha grunnlag i meir eller mindre subjektive vurderingar med uklare skiljeliner. Sjølv om omgrepa i seg sjølv kan verke som klare motsetningar og kulturelle eller språklege ytterpunkt, kan dei òg overlappe kvarandre. Tradisjonelle former kan til dømes òg verte sedde på som moderne dersom dei framleis er i bruk i dag. Dessutan kan former som ein i dag ser på som moderne, av komande generasjonar verte sedde på som tradisjonelle og ein del av det lokale talemålet. I tillegg er det til dømes fleire trekk ved vesttelemålet som ein òg kan finne i sentralaustlandske talemål. Vil ein då kalle dette for eit tradisjonelt trekk eller eit moderne trekk ved vesttelemålet?

I denne avhandlinga kjem *tradisjon* og *modernitet* til å vere sentrale termar, særleg når det er snakk om aktivitet eller interesser innanfor såkalla sosiale felt (sjå 2.3.4 og 5.3.4). Med omgrepet *tradisjonelle former* meiner eg former som ein kan heimfeste geografisk til vesttelemålet, og som har vorte overførte frå den eine generasjonen til den neste. Difor vil eg blant anna ta tak i særleine, markerte og saliente trekk ved vesttelemålet, og ikkje trekk som ein kan finne att i sentralaustlandske bymål. *Moderne* eller *nyare former* vil på si side vere talemålstrekk som har kome inn i vesttelemålet, og som har erstatta dei tradisjonelle formene hjå den yngre generasjonen. Dette vil i utgangspunktet vere trekk som kan ha kome inn som ein følgje av påverknad frå til dømes sentralaustlandske talemål, men ein skal heller ikkje sjå bort frå at ein del av formene kan ha oppstått som følgje av til dømes analogi (sjå 2.4.1).

Derimot kan det innebere ei større utfordring å skilje mellom kven som snakkar *tradisjonelt* vesttelemål og kven som ikkje gjer det. Kor mange nyare former skal eigentleg til før ein kan seie at vedkomande ikkje snakkar tradisjonelt lenger? Det er med andre ord vanskeleg å setje ei klar grense mellom ein tradisjonell og ein meir moderne talemålsvarietet, og truleg er det ikkje noko fasitsvar heller. Derimot har eg prøvd å løyse dette ved å stille visse krav til informantane, blant anna at dei skal ha visse former i talemålet sitt for i det heile å vere med i talgrunnet for undersøkinga (sjå 3.3.2). På denne måten kan ein i alle fall

klare å skilje mellom dei som brukar dei mest sentrale vesttelemålsformene og dei som brukar typiske sentralaustlandske former.

1.4.4 Bygdemål og bymål

Sjølv om skilnaden mellom by og land av historiske og kulturelle grunnar alltid har vore stor i Telemark (sjå 1.3.2), så ligg nok talemåla i bygde- og bysamfunna mykje nærare kvarandre i dag enn før, og dei tydelege skilja på det språklege planet er fleire stader i ferd med å verte viska ut. Sidan mange typiske bymålsformer i dag har spreidd seg til rurale strok, vil talemålet i mange bygdelag vere meir eller mindre tilnærma bymål (sjå til dømes Papazian 1997).

Dermed har ein òg fått eit definisjonsproblem på kva som er bygdemål og kva som er bymål. For når typiske bymålsformer har spreidd seg og slått rot i eit bygdesamfunn, vil ein då framleis kalle dette talemålet for bygdemål, eller vil ein seie at bymålet har teke over? Og dersom det er glidande overgangar mellom desse varietetane, kvar går så den endelege grensa for å skilje mellom eit typisk bygdemål og eit typisk bymål? Dette handlar mykje om kva ein reknar for saliente trekk ved talemålet, altså kva trekk språkbrukarane sjølve er medvitne om (Røyneland 2005: 69). Kvar ein vel å setje denne grensa for kva ein reknar for saliente trekk i talemålet, vil nok nettopp vere tufta på subjektive kjensler og vurderingar.

Vesttelemålet held enno på viktige og særleine talemålstrekk som heimfestar varieteten geografisk til bygdesamfunna i Vest-Telemark. Det er difor framleis klare skilnader mellom vesttelemålet og bymål i dei sentrale stroka av Austlandet, både på det leksikalske, morfologiske og fonologiske nivået (sjå til dømes 1.3.5 og kap. 4 for nærare oversyn). På bakgrunn av dette vil vesttelemålet etter mi meining difor (framleis) vere eit typisk bygdemål, og i denne avhandlinga vil det verte karakterisert som nettopp det.

Men kva skal ein så kalle varieteten som ein gjerne på folkemunne kallar for *bymål*? Når det gjeld austlandsområdet, er dette omgrepet i seg sjølv temmeleg vidt med mange namn. Språkgranskarar har kalla dei ulike variantane av meir eller mindre bokmålsnære bymål for *midtaustlandsk bymål*, *oslomål*, *sentralaustlandsk*, *vikværsk*, *normaltalemål*, *normalisert austlandsk* og liknande. Når det gjeld den talespråklege påverknaden mot Vest-Telemark, kan det vere vanskeleg å avgjere kva term som er mest dekkjande, og det er godt mogleg fleire av desse vil gjere seg gjeldande (sjå 6.2). Etter mi meining vil derimot *sentralaustlandsk* vere eit godt samleomgrep for talemåla som er karakteristiske for byane på det sentrale Austlandet, og difor kjem dette til å vere eit sentralt omgrep når ein skal skildre den moglege talespråklege påverknaden mot vesttelemålet.

1.4.5 Dialektdaude eller naturleg endring?

Mykje tyder altså på at bygdemål på Austlandet vert påverka av sentralaustlandske bymål. Det store dialektale mangfaldet kan blant anna føre til både tilnærming (akkommodasjon) og utjamning (nivellering) av særigne dialektdrag, noko som vidare kan resultere i omfattande endringar i talemåla. Men kva hender eigentleg når bymål frå det sentrale Austlandet pressar ut lokale bygdemål og vert det dominerande talemålet i små bygdesamfunn? Språkforskarar er usamde om korleis ein nettopp skal definere utfallet av denne utviklinga.

På den eine sida kan ein påstå at det går føre seg dialektdaude. For kan ein eigentleg seie at eit bygdemål framleis lever dersom det har mista alle dei særigne og stadbundne talemålstrekk det ein gong hadde? Når det lingvistiske og dermed kulturelle tapet vert stort, er det mykje som tyder på at bygdemålet har døydd ut og vorte erstatta av ein annan talemålsvarietet. Men kor mange talemålstrekk må ein då ideelt sett ha mista før ein kan seie at bygdemålet ikkje finst meir? Her vil nok tidspunktet for dialektdauden vere tufta på subjektive kjensler, for det er trass alt vanskeleg å setje ei klar grense for når eit bygdemål har døydd ut og vorte erstatta av eit anna. For at ein dialekt skal vere utdøydd, må det altså ikkje vere spor att etter han, noko som kan vere svært vanskeleg å slå fast i praksis.

Sjølv om ein kanskje aldri vil verte samde om det går føre seg dialektdaude eller naturleg endring, er det likevel viktig å ha denne problemstillinga i bakhovudet. Det er godt mogleg at det går føre seg større endringar i dei norske dialektane no enn før, noko som i så fall kan vere med på å forklare kvifor ein del talemålsforskarar ser på utviklinga med meir pessimistiske augo og spår ein endeleg undergang og daude for dei norske bygdemåla. Men ein må samstundes hugse på at ei endring i bygdemåla ikkje automatisk treng å innebere kroken på døra for godt, og etter mi meining må ein difor ikkje tolke alt i retning av dialektdaude. Det kan kanskje heller vere betre å fokusere på dette med *naturleg endring*, og sjå på språkleg variasjon og endring i vesttelemålet som ei heilt naturleg følgje av samfunnsutviklinga.

2. TEORI

I dette kapittelet skal eg setje endringstendensane innanfor vesttelemålet inn i ei teoretisk ramme. Aller fyrst vil eg greie litt ut om kva ein legg i omgrepet *dialekt*, før eg går kort inn på kva fokus og tilnærmingar talemålsforskarar har hatt når dei har ønskt å skildre dialekten innanfor eit geografisk område. Under punkt 2.3 gjev eg ein nærare presentasjon av kva teoretiske val eg har gjort for denne granskinga, og kvifor eg har valt akkurat desse. Deretter skal eg gå inn på fenomenet språkending og trekkje trådar til problemstillingar og resultat innanfor både norsk og internasjonal talemålsforskning. Når det gjeld tendensane innanfor den norske talemålsutviklinga, vil eg trekkje fram kva faktorar og krefter som kan liggje bak endringane. Sidan denne avhandlinga handlar om vesttelemålet, vil det vere naturleg at det særleg er talemålsutviklinga på Austlandet og dei generelle endringstendensane i denne landsdelen som kjem til å stå i sentrum.

2.1 Kva er dialekt?

I utgangspunktet er omgrepet *dialekt* ein overordna fellesnemnar for geolekt, sosiolekt, idiolekt og etnolekt, og det vert såleis sett på som “ein geografisk, sosial eller etnisk varietet som i seg sjølv utgjer eit komplett språkssystem” (Røyneland 2003: 22). Dette inneber med andre ord at kvar dialekt er kjenneteikna av å ha sin eigen grammatiske oppbygning som byggjer på “nedarva drag og tilfang i lokalt (og regionalt) mål” (Rommetveit 2000: 499). Når det gjeld desse undergruppene, er det kanskje fyrst og fremst den geografisk avgrensa varietetten (altså *geolekt*) ein tenkjer på når ein høyrer ordet *dialekt*, og *Nynorskordboka* karakteriserer til dømes ein dialekt som ein “variant av eit språk som blir talt innanfor eit visst geografisk område; målføre” (Hovdenak et al. 1993: 92).

Kva ein legg i “eit visst geografisk område”, kan derimot vere temmeleg vanskeleg å svare på, for dialektgrenser og dialektovergangar er flytande og til tider vanskelege å få auge på. Ein seier gjerne at dialektar er geografisk avgrensa, altså at dialektgrensene skil mellom ulike særeigne geografiske talemålstrekk. Dialektgrensene kan såleis ha grunnlag både i natur- og samfunnsforhold, og dialektkart viser til dømes at delet mellom fleire av dei store dialektområda går ved Langfjella mellom Aust- og Vest-Noreg. Dette har bakgrunn i at fjellområde opp gjennom tidene har stengt av for samferdsel og kontakt, noko som på mange måtar fått avgjerande innverknad på skiljemerka mellom dei norske dialektane. Når det

derimot er snakk om samfunnsforhold, samsvarar gjerne dialektområda med gamle administrasjonsgrenser, og dei har dermed grunnlag i samfunnsfaktorar som kommunikasjon, arbeid og samhandel (Sandøy 1993: 111). Det same er tilfellet med til dømes grensene for dei gamle sokne- og prestegjelda, og i dag vil desse samsvare betre med dialektgrensene enn kommune- og fylkesgrensene vi har i dag (Sandøy 1993: 141).

Når talemålstrekk frå andre stader av landet spreier seg til nye område, kan det innebære at dei etablerte dialektgrensene flytter seg. Det er likevel ein viss skilnad mellom språk og dialekt i denne samanhengen, for når ein snakkar om nasjonalspråk, kan ei språkgrense vere ei effektiv sperre mot spreing av språklege innovasjonar (Torp 1998: 32). Dette er etter mi meining derimot ikkje tilfellet med dialektgrenser. Dialektar er blant anna kjenneteikna ved å vere gjensidig forståelege, og dermed vil dei på same tid vere meir utsette for gjensidig påverknad ved at talemålsbrukarane innanfor dialektkontinuumet påverkar og tilnærmar seg kvarandre språkleg. At dialektane påverkar kvarandre og vert meir like kvarandre, kan dermed gjere det vanskelegare å sjå kvar dialektgrensene går, det vil seie å slå fast kvar den eine dialekten sluttar og den neste byrjar.

I denne avhandlinga tek eg føre meg vesttelemålet som ein geografisk avgrensa talemålsvarietet (altså geolekt). Men eg ser òg på talemålet som ein sosiolekt, i og med at talemålsvariasjonane hjå ungdomane i Vest-Telemark vert sett på bakgrunn av sosiale faktorar som kjønn, alder, bustad og foreldrebakgrunn. Det kan likevel vere vanskeleg å oppnå ei endeleg avgrensing av sjølve dialektomgrepet, for dei ulike lokalsamfunna kan til dømes vere prega av stor variasjon i talemålet. Å dele inn Noreg etter ulike dialektområde kan difor på mange måtar vere ei uoppnåeleg form for generalisering i seg sjølv, noko Helge Sandøy kallar “språkssystematisk idealisering” (Sandøy 1993: 20). Dialektane vil alltid vere i endring, så dei vil aldri vere faste og statiske storleikar med klare skiljelinjer. Sidan det trass alt ikkje er nokon som snakkar heilt likt, vil det alltid vere mindre nyansar innanfor kvart einskild målføre. Eg meiner likevel at ein vil få eit godt oversyn over korleis det særeigne vesttelemålet held seg dersom ein tek føre seg dei klare og mest særeigne talemålstrekka for Vest-Telemark. Dette er altså fellestrekk ved vesttelemålet som vil vere klart geografisk avgrensande i høve til andre talemål på Austlandet. Det finst dessutan ei rekkje synonymord til sjølve dialektomgrepet, og i denne avhandlinga kjem eg til dømes til å bruke *mål*, *målføre* og *dialekt* meir eller mindre om kvarandre.⁴

⁴ Helge Sandøy (1993: 20) og Martin Skjekkeland (1997: 16) brukar til dømes òg omgrepa *mål* og *målføre* synonymt med lånordet *dialekt*.

2.2 Fokus innan talemålsforskinga

2.2.1 Homogenitet og historiske ideal

Den tidlege talemålsforskinga interesserte seg for fortida, og forskarane var difor mest opptekne av å dokumentere dei mest homogene og arkaiske talemålstrekka. Dei var såleis ikkje ute etter å finne språkleg variasjon, og difor tok dei gjerne føre seg eldre informantar som hadde budd i same bygdesamfunn mesteparten av livet (Chambers og Trudgill 1998: 30). Det var gjerne tre viktige grunnar til at forskarane gjorde dette valet: For det fyrste representerte eldre informantar eit eldre språksteg enn yngre informantar. For det andre var bygdesamfunna meir homogene enn bysamfunna, sidan byane var prega av større innflytting frå andre område og dermed større mobilitet og språkleg mangfald. Og for det tredje ville det at informantane hadde budd på same staden mesteparten av livet, gjere dei til gode representantar for den regionen dei budde i. Ein var såleis til dømes ikkje interessert i å sjå på språkleg variasjon eller andre samfunnsmessige faktorar som kunne ha innverknad på talemålssituasjonen.

For talemålsgranskarane var altså det *diakrone* perspektivet det viktigaste, der dei ønskte å sjå utviklingslinjene innanfor talemålet. Denne interessa for å trekkje linjer attende til tidlegare språksteg har òg vore ein viktig del av den norske språkgranskinga. Då Noreg endeleg vart ein fri nasjon etter fleire hundreår i union med Danmark og Sverige, vart språket på mange måtar ein viktig del av sjølvstendekampen. Med nasjonalromantikken på 1800-talet kom historie og nasjonal identitet i fokus, noko som førte til at forskarar byrja å interessere seg for dei norske dialektane. Før denne tida hadde dialektane berre vorte sett på som mislukka atgjevingar av det “korrekte” språket, nemleg skriftmålet (Sandøy 1993: 12). Denne tidsepoken markerte såleis eit stort skifte i synet på det språklege mangfaldet i Noreg. Etter dansketida hadde ein behov for å finne sin eigen identitet som nasjon, og då vart dialektane og bonden symbolet på det ekte norske.

Ein viktig grunn til at bygdedialektane stod så sterkt, var at dei låg nærare det gamle norrøne språket enn det danske skriftspråket (jf. til dømes Gjerdevik 2006: 81). Dialektane hadde røter til eit eldre språksteg, noko som førte til at dei vart det språklege idealet for forskarane. Mykje av dialektgranskinga hadde difor bakgrunn i at ein ønskte å dokumentere det språklege mangfaldet i Noreg fordi ein frykta at dialektane var på veg til å døy ut (Vikør 1999: 15). Forskarane ønskte såleis å gje eit så heilskapleg og grundig bilete av oppbyggnaden til dialektane som råd, før det var for seint.

2.2.2 Heterogenitet og språkleg variasjon

Etter kvart byrja derimot språkforskinga å endre fokus når ein skulle sjå nærare på språk- eller dialektendring. Den amerikanske språkforskaren William Labov meinte at sosiale makrofaktorar som til dømes kjønn, klasse og alder hadde stor innverknad på språkvala til folk. Og då han gjennomførte sine sosiolingvistiske granskingar av talemålet i New York på 1960-talet, grunnla han sosiolingvistikken som vitskapleg disiplin (Akselberg 1995: 40). I motsetnad til den tidlege talemålsforskinga byrja ein såleis med sosiolingvistikken i staden å sjå nærare på samanhengen mellom sosiale faktorar og språklege val. Der talemålsforskinga tidlegare hadde fokusert på svært få og eldre informantar, byrja ein med sosiolingvistikken i staden å ha mange informantar, i alle aldrar. Sosiolingvistane ønskte på denne måten å få eit meir heilskapleg og påliteleg bilete av talemålsvariasjonen innanfor eit geografisk område, og hadde såleis eit meir *synkront* perspektiv på talemålsutviklinga, i motsetnad til dei tidlegare dialektologane sitt *diakrone* perspektiv (Akselberg 2003a: 126).

Ein kan på mange måtar sjå på sosiolingvistikken som ei vidareutvikling av den klassiske dialektologien, men det er òg ein del viktige teoretiske skilnader mellom dei to disiplinane. Medan dialektologane gjerne såg på språkendringane på bakgrunn av geografisk variasjon frå stad til stad, såg sosiolingvistane språkendringane på bakgrunn av individuell variasjon innom det einskilte geografiske området. J.K. Chambers skildrar dette som ein overgang frå “the dialectology of isolation (dialect geography) to the dialectology of interaction (sociolinguistics)” (Chambers 2003: 97). Med sosiolingvistikken vart altså fokuset flytt over på språkleg *variasjon*, og ikkje berre språket som ein uforanderleg og idealistisk storleik innanfor avgrensa geografiske område.

Men sjølv om både dialektologane og sosiolingvistane granskar talemål i språksamfunn, har dei ulike framgangsmåtar og ulike teoretiske vinklingar. Kritkarane av dialektologien meinte at dialektologane hadde for stort fokus på det homogene språksamfunnet i staden for å ta føre seg variasjonen og ulikskapane i talemålet innanfor det einskilte lokalsamfunnet. Med andre ord kunne dei arkaiske trekka som forskarane hadde fokusert på, eigentleg gje eit ufullstendig bilete av korleis talemålssituasjonen faktisk var. Den seinare sosiale dialektologien skil seg derimot frå den klassiske dialektologien ved at ein skifta fokus frå rurale og homogene bygdesamfunn til samfunn med større mobilitet og innflytting (Britain og Cheshire 2003: 2). I denne samanhengen er Peter Trudgill si gransking av talemålet i Norwich på slutten av 1960-talet eit godt døme på korleis dialektologien nærma seg sosiolingvistikken ved å fokusere meir på urbane språksamfunn (Kerswill 2003: 225). Då byrja ein nemleg i staden å interessere seg meir for dei sosiale faktorane bak språkendringane.

Men sosiolingvistikken har på mange måtar òg nærma seg dialektologien når det er snakk om kva talemålssamfunn ein har ønskt å sjå på. Eit døme på dette er at forskarar innom sosiolingvistikken fyrst og fremst har vore opptekne av den talespråklege variasjonen i byane, men i dei seinare åra har ein òg byrja å interessere seg for talemålsvariasjonen på landsbygda (Akselberg 2003a: 127). Såleis kan ein på mange måtar seie at dialektologien som disiplin i dag har nærma seg mykje sosiolingvistikken, samstundes som sosiolingvistikken sjølv sagt òg har teke med seg ei rekkje grunnleggjande trekk frå dialektologien.

2.3 Teoretiske val i denne avhandlinga

Når ein skal gjennomføre ei gransking av vesttelemålet, vil ein etter mi meining automatisk trekkje trådar til både desse leirane, altså både til dialektologien og sosiolingvistikken. Denne avhandlinga vil på den eine sida vere ei gransking av eit ruralt talemål innanfor eit avgrensa geografisk område, der eg ser nærare på talemålet til eit utval informantar som snakkar det tradisjonelle vesttelemålet. Men på den andre sida vil talemålsvariasjonen og talemålsendingane verte sett inn i ein sosial samanheng, der resultatane blant anna vil verte tolka ut ifrå endringstendensane elles i samfunnet og den sosiale bakgrunnen til informantane.

Samanhengen mellom sosial bakgrunn og språkval har nemleg vore ein sentral del av sosiolingvistikken som fagdisiplin. Med sosiolingvistikken byrja ein å interessere seg for kva korrelasjon eller samsvar det var mellom språklege variantar og sosiale bakgrunnsvariablar, og blant anna har sosioøkonomiske faktorar som til dømes yrkesbakgrunn vorte sett på som ein viktig faktor når ein har granska talemålet i høve til den sosiale lagdelinga i samfunnet (til dømes ‘upper class’, ‘middle class’ og ‘lower class’). Sjølv om det nok kan vere nyttig å sjå nærare på samanhengen mellom prestisjeformer og sosiale klassar, meiner eg likevel at dette er svært vanskeleg å måle blant til dømes informantar i ungdomsskulen i små bygdesamfunn i Noreg. På bygda vil ein nok ikkje finne slike klare sosiale inndelingar som ein kan finne i byane, der det er eit større mangfald av folk med ulik sosial og språkleg bakgrunn. Sidan ei slik sosial rangering såleis har vore vanskeleg å overføre til norske samfunnsforhold (Sandøy 1993: 81), kjem eg difor heller ikkje til å gå nærare inn på dette i denne avhandlinga. I staden vil eg sjå om det kan vere ein samanheng mellom språkval og dei sosiale bakgrunnsvariablane kjøn, bustad, alder, foreldrebakgrunn og sosiale felt. At det er ein samanheng mellom språkval og kjøn, bustad, alder og foreldrebakgrunn, utgjer altså *hypotese 3* av denne avhandlinga. At det er ein samanheng mellom språkval og sosiale felt, utgjer på si side

hypotese 4 (sjå 1.2). I dei følgjande avsnitta skal eg gå inn på kvifor eg har valt å sjå nærare på akkurat desse faktorane.

2.3.1 Kjønn

Under si sosiolingvistiske gransking av talemålet i New York på 1960-talet fann Labov ut at det var ein samanheng mellom kjønn og språkval, der “women use the most advanced forms in their own casual speech, and correct more sharply to the other extreme in their formal speech” (Labov 1972: 301). At det har vore ein samanheng mellom kjønn og val av språkformer, har sidan den gongen vore eit av dei mest tydelege teikna innanfor sosiolingvistisk forskning (Hudson 2003: 194). Ein av grunnane til at ein har ønskt å sjå på menn og kvinner kvar for seg, er at kvart kjønn gjerne har hatt sterkare band og fleire felles normer og ideal seg imellom enn kva kjønna har hatt samla (Sandøy 1993: 80). På denne måten har det vore grunnlag for å dele inn menn for seg og kvinner for seg, og dermed finne kjønnsmessige og statistiske utslag på det språklege planet. Granskingar har nemleg vist at kvinner brukar fleire nyare talemålstrekk enn menn, og ein har av og til sett på kvinner sine val av språklege former som eit tidleg signal på korleis språket eller dialekten kjem til å endre seg (Cheshire m.fl. 2005: 143). Ei rekkje granskingar dei seinare åra har derimot vist at denne skilnaden mellom kjønna er i ferd med å verte utjamna, slik at kvinner og menn i dag vil vere meir like i språkbruken. I denne avhandlinga vil eg sjå om den sosiale bakgrunnsvariabelen kjønn kan spele ei rolle for utviklinga av vesttalemålet, og difor er samanhengen mellom kjønn og språkval noko som vil verte testa ut hjå informantane.

2.3.2 Bustad

Ei rekkje sosiolingvistiske granskingar viser at sentrumsmål har stor påverknadskraft på områda omkring (Sandøy 1993: 107). Så kan ein sjølv sagt diskutere kva ein legg i nettopp omgrepet *sentrum*, for det kan etter mi meining ha fleire tydingar. Kva ein definerer som sentrum og kva ein definerer som utkant, vil nemleg vere heilt avhengig av kva samfunnsfaktorar ein vel å leggje til grunn, eller kor stor utstrekning den einskilde regionen har. Dersom ein tenkjer på lokalt plan, har kvar kommune kvart sitt bygdesentrum der kommunale tenester og serviceytande næringar er samla. Dermed kan ein karakterisere alle småbygdene og grendene rundt som utkantar til dette sentrumet. Men dersom ein til dømes vel å sjå heile Telemark fylke under eitt, vil nok både Vinje og Seljord verte karakteriserte som typiske utkantkommunar, medan byar og tettstader i nedre Telemark vert typiske sentrum. Og på eit endå meir overordna plan kan ein sjølv sagt òg sjå på Austlandet under eitt,

der Oslo kan verte sett på som regionsenteret for fylka og kommunane omkring. I denne samanhengen vert nok Telemark sett på som eit typisk utkantsfylke i høve til Oslo. På denne måten kan det såleis gå føre seg påverknad frå sentrum til utkant både på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.

Eit slikt sentrum–utkant-perspektiv er interessant å sjå nærare på i ei talemålsgransking som dette, og i denne avhandlinga vil eg nettopp sjå på om det er ein samanheng mellom språkvala til ungdomane og kvar i kommunen dei bur. Når til dømes skulane ofte er sentraliserte til kommunesentrumet, er det lett for nye talemålstrekk å spreie seg til bustadområda elles i kommunen. Sidan det gjerne er eit slikt sentrum at nyare talemålsformer har ein tendens til å spreie seg frå, har ein difor blant anna peika på at det er ein samanheng mellom det å bu på gard og det å bruke fleire tradisjonelle former i talemålet. Dersom ein ser på resultat innanfor den norske språkforskinga, har til dømes Ann Kjersti Holland sett nærare på hedmarksdialekten blant ungdomar, og ho fann ut at bruken av hedmarksvarieteteten auka i takt med ruraliteten til området. Dei som kom frå meir rurale område, bruka òg fleire hedmarksvariantar (Holland 2001: 116). Det same kom Karen Marie Kvåle (1999: 50) og Sigfrid Tvitekkja (1999: 126) fram til i granskingane av talemålet i høvesvis Valdres og Vinje, der dei informantane som kom frå gard, hadde høgare grad av tradisjonelle former enn dei som ikkje kom frå gard. Denne skilnaden i bustadmønsteret inneber altså at dei som bur i sentrum, gjerne vil vere dei fyrste til å erstatte tradisjonelle former med talemålstrekk frå andre stader. Slik sett vil dei som bur i områda utanfor eit slikt sentrum, vere mindre utsett for denne påverknaden.

2.3.3 Alder og foreldrebakgrunn

Alder er nok òg ein viktig bakgrunnsvariabel når ein skal sjå på val av språklege variablar. Sidan kvar ny generasjon må lære seg dialekten på nytt, vil det alltid vere visse skilnader mellom generasjonane. Ungdomar har sine eigne identitets- og tilpassingsnormer, og jamaldrande har såleis gjerne teke over rolla til foreldra som både språklege og sosiale førebilete. Ungdomsåra er såleis ei sentral tid av livet når det gjeld språkval:

Den alderen i livet som er sterkast prega av gruppedanningar, er ungdomsåra. Derfor er det heller inga overrasking at det er ungdomsgruppa, særleg frå 14 til 18 år, som skaper flest språkendingar (Sandøy 2003b: 217).

Ein grunn til dette er at dei unge gjerne kan vere i opposisjon til foreldregenerasjonen, eller at dei vil skape sin eigen identitet som ungdom. Eller som Vigdis Thoengen (1999: 71) seier det: “Me har fått eigne ungdomskulturar, som ofte er i opposisjon til foreldra og det tradisjonelle, overleverte.” Dette inneber altså at ein lett vil kunne binde dei tradisjonelle talemålsformene saman med korleis foreldra snakkar, medan ungdomane gjerne tek etter nyare former. Det handlar såleis om gruppetilhøyrse, men der dei særreigne tradisjonelle formene som har gått frå generasjon til generasjon i lokalsamfunnet, kanskje ikkje er ein del av denne.

Ungdomar vil difor vere interessante å ha som informantar i ei talemålsgransking som denne. Eg har derimot ikkje teke med eit utval av informantar frå foreldregenerasjonen, for det hadde lett vorte eit altfor omfattande prosjekt å gjennomføre i praksis. I staden har talemålet til ungdomane vorte samanlikna med mitt eige talemål og kunnskapen eg har om tradisjonelle former i vesttelemålet. I tillegg har det vorte samanlikna med talemålet til far min, som på same måte som meg har vakse opp i Kviteseid kommune i Vest-Telemark og som snakkar det tradisjonelle vesttelemålet. Dette inneber altså at eg måler endringar i *apparent time* (eller ‘tilsynelatande tid’), som er ein kjent term innanfor sosiolingvistisk forskning, der ein synkront ser på skilnadene i talemålet mellom ulike aldersgrupper som eit teikn på korleis talemålet har endra seg over tid. Dette er i motsetnad til diakrone talemålsundersøkingar i *real time* (eller ‘verkeleg tid’), der ein til dømes gjennomfører ei ny gransking av dei same informantane fleire år seinare (jf. til dømes Røyneland 2005: 72).

Sjølv om eg ikkje har lagt like stor vekt på språklege realiseringar hjå foreldregenerasjonen som hjå ungdomsgenerasjonen i denne granskinga, kan likevel *foreldrebakgrunnen* til informantane vere ein viktig faktor. Foreldra er gjerne dei fyrste og viktigaste førebileta for borna, og såleis kan talemålet deira ha stor innverknad på språkvala til dei unge. Ei rekkje granskingar viser nemleg at minst éin av foreldra bør vere frå bygda og snakke det lokale talemålet for at borna skal ta over (Vikør 1999: 42). Då til dømes Arvilla Payne såg nærare på talemålet i Philadelphia på 1980-talet, fann ho ut at foreldrebakgrunn hadde mykje å seie for språkvala til borna. Det var altså ikkje nok at borna hadde vakse opp i området. For at dei skulle lære dei særreigne, lokale og komplekse talemålsformene, måtte nemleg foreldra deira òg vere frå staden (referert frå Milroy 2003: 160).

Dersom ein vender blikket mot den norske talemålsforskninga på dette punktet, har til dømes Eric Papazian teke føre seg talemålet i Numedal. Resultata hans viser blant anna at foreldrebakgrunnen hadde svært mykje å seie for språkvala til dei unge, mykje meir enn kva til dømes kjønn hadde. Han fann klare teikn på at dei informantane som ikkje hadde foreldre frå bygda, heller ikkje snakka bygdemålet, sjølv om dei hadde vakse opp der (Papazian 1997:

178). På same måte konkluderer Vigdis Thoengen (1999: 70) i si gransking av talemålet i Hallingdal med at talemålsbakgrunnen til foreldra ser ut til å spele størst rolle for talemålet til dei unge. Nina Berge Rudi (1999: 80) kjem fram til mykje av det same i si samanliknande gransking av talemålet i Hallingdal og Gudbrandsdalen. Ho meiner nemleg òg at foreldrebakgrunnen til informantane kan vere ei viktig forklaring til kvifor det er meir dialektbruk i Gudbrandsdalen enn i Hallingdal.

Fleire granskingar viser altså ein tendens til at talemålet til dei unge har færre markerte lokale talemålsformer dersom foreldra ikkje kjem frå staden, og då er det gjerne dei særeigne og mest kompliserte formene som må gje tapt. Ellen Skolseg (1999: 27) meiner til dømes at born som har foreldre som ikkje snakkar det lokale målet, vil ta i bruk dei mest sentrale og typiske trekka, medan dei droppar meir kompliserte språkdrag. I denne samanhengen vil truleg eldre talemålsformer vere i faresona, eller former som ikkje er så vanlege å bruke blant dei unge. Då kan ein nok òg rekne med at dess fleire born som har foreldre som ikkje snakkar det lokale målet, dess større press vert det lokale bygdemålet utsett for. Slik sett vil nok typiske, stadbundne og for mange kanskje kompliserte former ved vesttelemålet måtta vike for meir utbreidde former. Noko som kan vere med på å setje ekstra fart i denne utjamningsprosessen, er vel dersom brukarane av det tradisjonelle talemålet kjem i mindretal, slik at presset frå folk med annan talemålsbakgrunn dermed vert mykje større. Papazian fann ut at talemålet i Numedal var i nettopp denne situasjonen på midten av 1990-talet. Der hadde nemleg ungdomar som bruka bygdemålsformene, kome i mindretal, noko som innebar at innflyttarborn frå det sentrale Austlandet ikkje lenger trong å leggje om. Papazian konkluderer med at når innflyttarane kan halde fram med å bruke bokmål eller midtaustlandsk bymål, kan dei “tilmed bli toneangivende i ungdomsgruppa”, slik at det faktisk er bygdemålsbrukarane som må leggje om (Papazian 1997: 180).

I tillegg vil foreldra gjennom haldningane sine vise kva som vert rekna som akseptabelt og ikkje å seie (Haugen 2004: 55), og på denne måten vil borna lære kva normer som er knytt til lokalsamfunnet dei lever i. Det er såleis gjennom denne *sosialiseringprosessen* at ein møter dei uskrivne normene for kva språklege val ein skal ta (Sandøy 1985: 136), eller for å sitere Reidunn Hernes:

Individet opptrer som ein fortolkande og handlande aktør, men opplever, tolkar og handlar ut frå ein ståstad som er eit resultat av sosialiseringssjessane det har gått gjennom (Hernes 2006: 60).

Men etter kvart som borna vert eldre, vil truleg jamaldrande vener ta over rolla som foreldra hadde tidlegare. I dag brukar nemleg unge langt mindre tid saman med familien og heller meir tid saman med jamaldringar enn før, noko som vidare fører til at dei gjerne gjer seg opp eigne meiningar og haldningar. Før var til dømes foreldra viktige førebilete for borna; borna var tidleg med foreldra i arbeidet på garden, og det var såleis eit mykje tettare band mellom generasjonane. I dag er ikkje borna i så stor grad med på det daglege arbeidet på garden, men dreg gjerne oftare ut av bygda og er meir i lag med jamaldrande. Ein viktig del av sosialiseringprosessen vil såleis vere at ungdomane “reflekterer sjølve og ikkje godtek alle verdiar og normer” (Haugen 2004: 56). På den måten kan ein dermed òg påstå at foreldrebakgrunnen etter kvart faktisk kan ha *lite* å seie for korleis dei unge snakkar, i og med at foreldrerolla (og rolla til den yngre generasjonen) har endra seg såpass mykje. I denne samanhengen er det òg ein viktig faktor at borna er mykje lenger under utdanning enn tidlegare, og at dei dermed ofte flytter ut av heimbygda for å gå på skule. Der møter dei jamaldrande med annan talemålsbakgrunn enn dei sjølve, noko som kan føre til større språkleg påverknad.

Dette er altså nokre døme på viktige faktorar som kan føre med seg stor påverknad mot det lokale talemålet. Men sjølv om jamaldrande etter kvart kan ha meir å seie for dei unge enn kva foreldra har, kan mykje tyde på at ein meir eller mindre umedvite er prega av foreldra sine haldningar også vidare i livet (Haugen 2004: 56). Born kan med andre ord introdusere endringar i det lokale talemålet, men det vil alltid liggje visse grunnleggjande sosiale normer til grunn for at dei handlar som dei gjer. Kvar foreldra til informantane kjem frå og kva språkleg bakgrunn dei har, vil etter mi meining såleis vere ein svært interessant faktor når ein skal sjå nærare på endringstendensane innanfor vesttelemålet.

2.3.4 Sosiale felt

I tillegg til dei sosiale bakgrunnsvariablar eg har gått inn på i dei førre sidene og som alle høyrer til hypotese 3 i avhandlinga, vil eg sjå på kva samheng det er mellom språkval og såkalla sosiale felt. Granskingar viser nemleg at språkval gjerne er påverka av kva miljø, verdiar og sosiale felt ein identifiserer seg med (Vikør 1999: 44). Gunnstein Akselberg såg nærare på tilhøvet mellom språkval og haldning til, deltaking i eller interesse for sosiale felt då han i 1995 fullførte doktorgradsavhandlinga *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. I denne avhandlinga kombinerte og supplerte han dei sosiolingvistiske forskingsparadigma til William Labov og Lesley Milroy med ei fenomenologisk tilnærming.

For å kunne setje hypotese 4 (sjå 1.2) inn i ein vitskapsteoretisk samanheng, vil eg fyrst gå kort inn på kva grunnlag omgrepet *sosiale felt* som ei fenomenologisk tilnærming byggjer på.

Labov og sosiale makrostrukturar:

Labov meinte at den språklege variasjonen har utgangspunkt i sosiale faktorar, og då han i 1960-åra gjennomførte sine sosiolingvistiske granskingar, såg han på samanhengen mellom språk og makrososiale variablar som sosial klasse, kjønn og alder. Han braut såleis med den tidlegare forskinga ved å bruke bandopptakar og gjere kvantitative granskingar av talemålet hjå eit stort og representativt utval av informantar, og det labovske paradigmet har sidan den gongen hatt stor innverknad på dei seinare utviklingane innom sosiolingvistikken (Akselberg 1993: 62). Likevel har Labov vorte kritisert for å fokusere for mykje på det reint lingvistiske nivået og den språklege variabelen, altså at han har meir fokus på å *skildre* endringane enn å *forklare* dei (Williams 1992: 79).

Milroy og sosiale mikrostrukturar:

Milroy prøver derimot å gå lenger enn Labov i å få ei meir inngåande *forståing* for prosessane bak den språklege variasjonen. Medan Labov var oppteken av sosiale makrostrukturar og bruk av kvantitativ metode i sine granskingar, var Milroy oppteken av sosiale mikrostrukturar som sosiale nettverk og bruk av kvalitativ metode. Nettverksmodellen hennar vart altså på denne måten eit supplement til Labov sitt fokus på sosial klasse. Då Milroy gjennomførte sine granskingar av talemålet i Belfast på 1970-talet, studerte ho samanhengen mellom språkval og nettverkstype hjå einskildindivid, og meinte at sosiale nettverk var viktig for felles normer, verdiar og haldningar (Akselberg 1995: 48). Det er i denne samanhengen ho legg vekt på at tettleiken på nettverket har mykje å seie for graden av påverknad. Nettverk med høg tettleik ('high density') er kjenneteikna ved at mange av medlemene innanfor nettverket har kontakt med kvarandre, og språkbruken her er då gjerne stabil. Nettverk med låg tettleik ('low density') er derimot kjenneteikna ved at få av medlemene har kontakt med kvarandre, og språkbruken her vil gjerne vere meir heterogen og ha meir variasjon. Nettverk med høg tettleik er såleis gjerne kjenneteikna ved at dei blant anna etablerer felles normer og lojalitet til visse talemålstrekk (Milroy 1987: 20).

Fenomenologisk tilnærming:

Akselberg går endå eit steg vidare enn kva Milroy gjer i sine granskingar. Han supplerer nemleg det labov-milroyske paradigmet med ei fenomenologisk tilnærming, for han meiner

dette er ein faktor som manglar både hjå Labov og Milroy. Akselberg er inspirert av tankane til den franske sosiologen Pierre Bourdieu, som blant anna opererer med dei viktige omgrepa *habitus*, *kapital* og *felt* i sine skildringar av dei sosiale tilhøva mellom menneske. Det er vanskeleg å gje eit kortfatta samandrag av desse termane, men *habitus* kan blant anna verte forklara som følgjande:

[...] de system av dispositioner som människor förvärar genom att vistas i en bestemd social miljö [...] och som sedan tillåter dem att utifrån ett litet antal principer generera de tanke- och handlingsätt som krävs på de olika sociala fält där de hamnar (Broady 1984: 63).

Akselberg karakteriserer det som “legning, personlegdom eller tilhug” (Akselberg 1995: 158), og haldning kan såleis vere ein viktig del av dette omgrepet. Omgrepet *kapital* kan på si side verte delt inn i fleire undergrupper, nemleg symbolsk kapital, økonomisk kapital, sosial kapital og kulturell kapital (Broady 1984: 64). Akselberg trekkjer i denne samanhengen fram at symbolsk kapital og kulturell kapital er dei viktigaste, for desse har symbolverdi i det einskilde lokalsamfunnet (Akselberg 1995: 159). Når det gjeld omgrepet *felt*, kan dette verte forklara med “ett sosialt fält, kampfält eller konkurrensfält, befolkas av människor som där strider om något som står på spel och som är gemensamt för dem” (Broady 1984: 62). Personar som er aktive innanfor same felt, er altså samde om kva verdiar det er verdt å stridast om. Dei har med andre ord same verdisystem (Tvitekkja 1998: 26).

Akselberg har såleis ei fenomenologisk tilnærming til talemålsprosjektet sitt, der éin av hypotesane hans nettopp er at “den uformelle daglegtaleten i ein kvardagsleg sosial kontekst blir styrt av korleis vi konstituerer kvardagsverda vår” (Akselberg 1995: 66). På bakgrunn av denne hypotesen plasserer han informantane sine innanfor ei rekkje aktivitetsfelt, der han set eit skilje mellom *tradisjonelle aktivitetar* som jordbruk, lokalhistorie og folkemusikk på den eine sida, og *moderne aktivitetar* som jazz, alpin skisport og hotell-, restaurant- og uteliv på den andre. Resultata frå granskinga viste at det var ein samheng mellom interesse for tradisjonelle felt og bruk av tradisjonelle språktrekk. Dei informantane som var positive til eller som var aktive innanfor tradisjonelle felt, bruka òg fleire tradisjonelle former enn dei som ikkje var det (op.cit.: 359).

Dei seinare åra har andre norske talemålsgranskarar kome fram til mykje av dei same tendensane som Akselberg fann under si gransking av talemålet på Voss. Til dømes har både Tvitekkja (1998) og Ingunn Stokstad (2007) med visse modifikasjonar bygd sine granskingar på teoriane til Akselberg si gransking frå 1995, og i sine sosiolingvistiske avhandlingar av

talemålet til informantar i høvesvis Vinje i Telemark og Aurland i Sogn kom dei òg fram til at det er ein samanheng mellom bruk av tradisjonelle former og deltaking i eller interesse for tradisjonelle felt.

Mykje tyder såleis på at interesse for sin eigen heimstad og for det lokale særleine ved staden kan vere med på å setje preg på talemålet. Er det noko som trass alt knyter ein til lokalsamfunnet ein har vakse opp i og som er med på å gje ein lokal identitet, så er det talemålet. Dei som er opptekne av det tradisjonelle ved heimstaden, vil såleis kanskje òg bruke dei typiske tradisjonelle formene ved sin eigen dialekt. På den andre sida viser det seg derimot at mange unge tek avstand frå dialektformer dei knyter til tradisjonelt bygdeliv (Vikør 1999: 41). I staden vil ein kanskje velje det motsette, nemleg meir ‘moderne’ førestellingar, der ein heller er open for andre impulsar utanfor det tradisjonelle lokalsamfunnet. Ein har såleis å gjere med to ytterpunkt, der tradisjonsomgrepet altså har grunnlag i ei lokal og stadbunden verdiforankring, medan moderniteten bryt med denne tradisjonsbundne måten å konstituere tilværet på (Ulset 2002: 210). Brit Mæhlum peikar i denne samanhengen på at moderniteten vil innebere ei “av-lokalisering, av-tradisjonalisering eller deterritorialisering” (Mæhlum 2002: 85).

Sosiale felt i denne avhandlinga:

Akselberg tilpassar Bourdieus feltomgrep til sitt eige talemålsprosjekt, det vil seie at han modifierer feltavgrensinga til Bourdieu for å fange opp sosiale aktivitetsområde som særpregar språksamfunnet Voss (Akselberg 1995: 163). Når det gjeld Vest-Telemark, vil eg finne ut om det kan vere ein samanheng mellom tradisjonelle felt og tradisjonelle talemålsformer hjå informantane frå Seljord og Vinje, men eg har ikkje gjort ei slik omfattande feltinndeling i moderne og tradisjonelle felt som Akselberg gjorde på Voss. I samband med *hypotese 4*, at det er ein samanheng mellom bruken av tradisjonelle former og tradisjonelle interesserfelt (sjå 1.2), fekk informantane mine spørsmål om dei var interesserte i eller aktive innanfor det tradisjonelle feltet *folkemusikk*. Materialet stør altså opp om hypotesen dersom det viser seg at dei som er interesserte i eller er aktive innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk, vil bruke fleire tradisjonelle former enn dei som ikkje er interesserte i eller ikkje er aktive innanfor dette feltet.

2.4 Språkendring

Kva faktorar er det egentleg som ligg bak dei ulike endringstendensane i talemålet i Vest-Telemark? Er det sjølv strukturen og oppbygginga i målføret som fører til endringar, eller er det heller ulike ytre samfunnsfaktorar som spelar inn? Det kan ofte vere vanskeleg å slå fast nøyaktig kva som ligg bak den einskilde endringa, men ein har gjerne sett utviklinga i samanheng med kva indre og ytre faktorar som spelar inn. Både indre og ytre faktorar er etter mi meining svært sentrale for endringane som går føre seg innanfor vesttelemålet òg, og difor vil eg gå kort inn på desse i dei følgjande avsnitta.

2.4.1 Indre faktorar

Når det gjeld dei indre faktorane, har ein å gjere med sjølv strukturen i språket. Dei indre faktorane har dermed utgangspunkt i dei språklege reglane, slik at det heile tida ligg ei trong til forenkling eller nyregulering i språket (Sandøy 1993: 99). At dialektane har ei rekkje unntak frå reglane, kan derimot vere med på å skape uvisse rundt dei ulike bøyingsformene. Til dømes kan utanlandske lånord bryte med bøyingsmønsteret i dialektane, og dermed kan det verte vanskelegare å halde oppe strukturen som den einskilde dialekten byggjer på.⁵

Språksystemet er i seg sjølv altså heile tida utsett for endring, og det vil gjerne gje ulike realiseringar frå generasjon til generasjon. Sidan kvar språkbrukar må lære seg reglane i språket frå dei er små, vil ein ved kvar generasjon altså få ei nytolking. Då vil ein kanskje både lage seg nye reglar eller kutte ut nokre av dei allereie eksisterande reglane. Eit godt døme på reglar det kan vere vanskeleg å lære seg, er utviklinga av palattalar i infinitiv, der nokre verb har palattalisering medan andre ikkje har det. Det er altså ingen fast regel for når ein skal ha velar og når ein skal ha palatal (Sandøy 1993: 100). I Vest-Telemark vil ein til dømes seie *steikje* med palattalisering, men *leike* utan palattalisering (sjå punkt 4.2.1). Sidan ein dermed ikkje har nokon klar regel om når det skal vere palattalisering eller ikkje i infinitivane, er dette noko kvar einskild språkbrukar må lære seg. Denne uvissa som følgje av mangel på systematisk struktur kan dermed føre til at talemålsbrukarane kuttar ut eldre former med palattalisering til fordel for nyare former utan palattalisering, og det er nettopp dette som går føre seg i mange av dei norske dialektane i dag.

⁵ Norske dialektar kan til dømes få lånord som bryt med assimilasjonsmønsteret i ord med konsonantsambandet *ld* (*kveld*), *nd* (*hånd*) og *ng* (*sang*). Desse lånorda kan dermed føre med seg uassimilerte konsonantsamband, til dømes i ord som *bilde*, *vindu*, *tango* (Sandøy 1993: 105). I dette tilfellet vil ein dermed ikkje lenger ha nokon klar regel for korleis ein skil mellom assimilerte og uassimilerte konsonantsamband.

Noko som òg kan vere ei utfordring i vesttelemålet, er ein del av bøyingsendingane til substantiva. Til dømes har sterke hokjønnsord fleirtalsformer på *-ir* (altså *greinir, sengjir*), men på same tid er det mange ord som får *a*-ending i staden (*bjørkar, dynnar, bygdar*) (Flatin 1942: 391). At sterke hokjønnsord såleis får ulike endingar, kan vere ei utfordring for nye talemålsbrukarar som skal prøve å systematisere dei ulike bøyingsformene. Ei slik språkleg uvisse som dette kan dermed føre til at bøyingsystemet vert forenkla.

Eit anna døme på indre faktorar er analogi. Her vil uproduktive klassar gå over til produktive klassar, det vil seie at stadig fleire former følgjer bøyingsmønsteret frå andre klassar. I vesttelemålet kan ein slik overgang til dømes vere at *i*-stammer i sterke hankjønnsord går over til *a*-stammer, der til dømes *grisir* går over til *grisar* (sjå punkt 4.3.2). Dette er eit godt døme på kor vanskeleg det kan vere å avgjere om det er indre eller ytre faktorar som ligg bak den einskilde endringa. At informantane vel bort den tradisjonelle forma *grisir*, treng nemleg ikkje vere eit teikn på sterk påverknad frå andre talemålsformer; i staden kan det rett og slett gå føre seg ein indre påverknad frå andre og meir produktive substantivklassar innanfor vesttelemålet.

2.4.2 Ytre faktorar

I tillegg til dei indre faktorane vil dei generelle endringane i samfunnet føre til påverknad mellom dialektar, der det både kan vere snakk om sosiale eller kulturelle faktorar. Til dømes fører nye yrkes- og næringsveggar med seg nye ord, anten det er snakk om lånord frå utlandet eller norske avløyssarord. På same tid vil næringar som vert avleggs, føre til endringar i ordforrådet, til dømes ved at namn på reiskapar ikkje vert bruka lenger. Når ein ikkje lenger treng orda, så er det lett for at desse etter kvart vil gå ut av bruk for godt.

I tillegg vil den sterke påverknaden mellom dialektar ofte føre til ei talespråkleg tilnærming mellom talemålsbrukarane, noko som kan resultere i endringar i talemålet. Sjølve tilnærmingprosessen kan derimot vere meir innfløkt enn som så, og ein deler han gjerne inn i tre nivå, nemleg *kortvarig tilpassing* (short-term accommodation), *langvarig tilpassing* (long-term accommodation) og *språkendring* (language change) (jf. til dømes Auer og Hinskens (2005: 335)). På det fyrste og lågaste nivået går det føre seg ei kortvarig tilnærming, det vil seie at talemålsbrukarane tilpassar talemålet sitt ut frå den einskilde situasjonen. Her er det derimot ikkje sikkert at tilpassinga vil føre til *endring* i talemålet, i og med at dette er ein situasjon der tilnærminga går føre seg der og då og såleis ikkje treng å ha nokon varig effekt på språkvanane til talemålsbrukaren. Men så snart den språklege tilnærminga vert ein del av språkvanane, har tilnærmingprosessen nådd det neste nivået, nemleg *langvarig tilpassing*. På

dette nivået vil ein altså bruke dei språklege innovasjonane i andre situasjonar enn når ein snakkar med personar med annan talemålsbakgrunn. Men her kan det framleis handle om individuelle val og skilnader, så for at ein skal nå det tredje nivået (altså *språkending*), må den språklege tilpassinga slå rot i sjølve språksamfunnet. Når utviklinga derimot har kome så langt at dei språklege innovasjonane har slått rot i språksamfunnet, seier ein gjerne at talemålet har vorte utsett for ei språkending.

Denne prosessen med dei tre stega som er skildra ovanfor, kan altså vere svært aktuell for utviklinga av talemålet i Vest-Telemark òg. Granskingar viser at dess oftare ein talemålsbrukar tilpassar seg personar med annan talemålsbakgrunn, dess større sjanse er det for at dei nye talemålsformene vil slå rot for godt (Auer og Hinskens 2005: 336). Ei kortsiktig tilpassing kan med andre ord på sikt endre språkvanane til språkbrukarane, noko som kan føre til at det lokale talemålet vil miste stadig fleire av sine tradisjonelle særtrekk. Ein ytre faktor som tilpassing mellom talemålsbrukarar er såleis ein svært viktig grunn til at innovasjonar kan spreie seg raskt og slå rot i til dømes bygdesamfunn i Vest-Telemark.

Men kva har eigentleg størst innverknad av indre eller ytre faktorar? Som regel vil nok både indre og ytre faktorar gjere seg gjeldande på same tid, og det kan såleis ofte vere vanskeleg å setje fingeren på om det er indre eller ytre årsaker som ligg bak språkendingane. Men etter mi meining har ytre faktorar meir å seie enn indre. Eg meiner altså at ein bør flytte fokuset frå *språket* og over til *språkbrukaren*, for det er språkbrukaren og ikkje språket i seg sjølv som utgjer den viktigaste faktoren for endring. Når alt kjem til alt, er det trass alt språkbrukaren som må ta dei språklege vala. Sidan samfunnsfaktorar kan ha stor innverknad på språkutviklinga, bør ein difor ikkje berre sjå på språket som eit isolert system:

Speech has a social function, both as a means of communication and also as a way of identifying social groups, and to study speech without reference to the society which uses it is to exclude the possibility of finding social explanations for the structures that are used (Hudson 1999: 3).


Likevel meiner eg ikkje at ein skal sjå bort frå dei indre faktorane, og eg er såleis ueinig med Tvitekkja som meiner at det ikkje ligg *årsaker* til endring i språket sjølv. Ho peikar i neste omgang på at det ligg eit *potensial* for endring i språket, men at det er dei ytre faktorane som bestemmer om endringa slår gjennom (Tvitekkja 1998: 16). Etter mi meining er denne argumentasjonen ei sjølvmotseiing. For dersom dei indre faktorane har *potensial* i seg til å endre språket, så er det på same tid ein medverkande *årsak* til at endringa finn stad. Sidan ei språkending ofte nettopp kan ha grunnlag i *både* indre *og* ytre faktorar, bør ein difor heller

ikkje kategorisk velje å sjå bort frå føresetnadene for endring som ligg i sjølve språkstrukturen.

2.5 Konvergeringsprosessane

2.5.1 Hierarkipyramiden

I førre punkt peika eg på korleis talespråkleg tilnærming kan føre til endring i det lokale talemålet. Men når ein skal sjå nærare på dei språklege konvergeringsprosessane, kan ein spørje seg: *Kvar* kjem eigentleg endringane frå, og *korleis* verkar konvergeringsprosessane i det norske språksamfunnet? Peter Auer (2000) skildrar dei talespråklege konvergeringsprosessane i Tyskland, og trekkjer i denne samanhengen fram to sentrale krefter for språkleg endring: Den eine er såkalla *horisontal konvergering*, der ulike dialektar påverkar kvarandre. Den andre er såkalla *vertikal konvergering*, der det går føre seg påverknad mellom eit standardtalemål og dei lokale dialektane. For å gje eit oversyn over korleis teorien med dei horisontale og vertikale kreftene verkar inn på talemålsutviklinga, har ein utvikla den språklege hierarkipyramiden. Figuren nedanfor illustrerer korleis dialektane vil vere ein stad på botnen av pyramiden, medan standardtalemålet vil trone på toppen. Ein stad imellom desse nivåa vil ein finne dei regionale talemåla.



Figur 2.1: Hierarkipyramiden. Ved vertikal konvergering vert dialektane påverka av eit standardtalemål. Ved horisontal konvergering påverkar dialektane kvarandre. (Figuren er inspirert etter Solheim 2006: 13.)

Sjølv om det her er snakk om to ulike konvergeringsprosessar, fører båe til språkleg endring. Dersom det er snakk om påverknad på det horisontale nivået, altså mellom dialektar, kan det i mange tilfelle føre til at den eine dialekten tek opp i seg nye former, medan den andre vert uendra. Det er altså snakk om ein interdialektal konvergeringsprosess (Akselberg 2006: 135). Ved vertikale prosessar er det derimot ikkje snakk om påverknad mellom dialektar, men mellom eit standardtalemål og ein dialekt. Då er det som regel dialektane på botnen av hierarkipyramiden som må gje etter for det sterke språklege presset frå standardtalemålet. Denne utviklinga er såleis ein fellesnemnar for talemålsutviklinga i det nordlege Europa:

[...] ein kombinasjon av regional utjamning og “nøytralisering” av den tidlegare dialektkløyvinga, parallelt med ei “avspenning” og “avformalisering” av prestisjespråket som opnar for større innslag av folkelege språkinnslag (Vikør 1999: 24).

Hierarkipyramiden med dei horisontale og vertikale kreftene har i den seinare tida òg vorte nytta av norske talemålsgranskarar som har sett på tilhøva i dei norske dialektane (Akselberg 2006: 134). Men når det gjeld den norske språkutviklinga, er forskarar derimot usamde om det er dei horisontale eller dei vertikale kreftene som har mest å seie, og om ein i det heile kan bruke den vertikale dimensjonen med påverknad frå eit standardtalemål på det norske språksamfunnet. Etter mi meining kan denne vere aktuell i Noreg òg, for dei seinare åra har ein trass alt sett tendensar til ei liknande utvikling her i landet som ein har sett i nabolanda. På eit meir regionalt nivå har nemleg granskingar vist at mange dialektar på Austlandet vert stadig meir utjamna og standardiserte som følgje av den sterke språklege påverknaden frå sentralaustlandske talemål. Men sjølv om mykje tyder på at det bokmålsnære talemålet i hovudstaden har stor makt, er det altså stor usemje om ein kan bruke dei vertikale kreftene som ein høveleg forklaringsmodell for talemålsutviklinga. I og med at vi har ei språkhistorie og ei språkutvikling som skil seg frå nabolanda våre, er det stor usemje rundt om vi faktisk har eit norsk standardtalemål eller ikkje. Diskusjonen går med andre ord på om endringane fyrst og fremst skuldast vertikale krefter i form av påverknad frå eit standardtalemål, eller horisontale krefter ved gjensidig dialektpåverknad (altså til dømes regionalisering). På bakgrunn av dette deler forskarmiljøet seg difor gjerne i to leirar.

Så kan eigentleg hierarkipyramiden vere ein god modell når ein skal skildre talemålsutviklinga i Vest-Telemark? Ein må hugse på at slike modellar som denne i mange samanhengar kan vere gode verktøy for å skildre kreftene ved talemålsendringar. Som Hernes peikar på, vil ein modell vere “ei *idealiserings* eller forenkling, der føremålet er å fanga det

som er essensielt for å forstå nokre aspekt ved røyndomen” (Hernes 2006: 52). Modellen skal altså gje eit forenkla oversyn over ein teori forskaren jobbar ut frå, men samstundes kan denne òg ha veikskapar. Ein språkleg modell vert på den eine sida bruka for å gjere det enklare å gje eit strukturelt oversyn over moglege samanhengar og tendensar innanfor talemålsutviklinga, men samstundes kan ein slik modell òg vere til hinder for å få med alle sider ved eit saksforhold (op.cit.: 52). Etter mi meining kan den språklege hierarkipyramiden vere ein god modell for å syne kva krefter det er snakk om i Vest-Telemark. Tilhøva mellom horisontale og vertikale konvergeringskrefter kan nemleg vise seg å vere interessante når ein skal sjå nærare på tilhøva mellom dei norske dialektane, der både talespråkleg regionalisering og påverknad frå eit eventuelt norsk standardtalemål vert trekte fram som viktige årsaker til språkleg endring. *Dialekt og standardtalemål* utgjer på mange måtar dei språklege ytterpunkta, og Mæhlum seier i denne samanhengen følgjande:

I den “virkelige” verden eksisterer dialekt og standard for en stor del som normative idealer, der en rekke språkbrukere med sine individuelle repertoarer befinner seg en plass *imellom* disse ytterpunktene (Mæhlum 2002: 76).

Hierarkipyramiden kan difor gje eit godt bilete på tilhøva mellom eit eventuelt norsk standardtalemål, dialektar og eventuelle regiolektar, og såleis vere ein god reiskap for å skildre kreftene i det norske språksamfunnet, anten det er snakk om lokalt, regionalt eller nasjonalt nivå. Etter mi meining er det difor viktig å ha problemstillinga rundt dei vertikale og horisontale kreftene i bakhovudet, og eg kjem til å gå nærare inn på desse under drøftinga av resultata frå denne talemålsgranskinga. Her vil blant anna diskusjonen rundt om vi har eit norsk standardspråk eller ikkje, vere sentral (sjå 6.1). Samstundes kan det vere turvande å drøfte kva ein eigentleg legg i språkleg regionalisering på det horisontale planet, og kor stor regionen som Vest-Telemark er ein del av, i så fall vil vere.

2.5.2 Horisontale krefter

Dialektendring er ikkje eit moderne fenomen. Det har skjedd til alle tider, men utviklinga går kanskje fortare no enn kva vi har vore vande med dei siste generasjonane. Tidlegare var nemleg lokalsamfunna meir isolerte enn i dag, og ein var såleis mindre utsett for språkleg påverknad utanfrå. Men etter kvart vart samfunna meir opne for impulsar, det vart betre kommunikasjon mellom bygdene og folk flytte på seg meir enn før. I dag sit ikkje lokalsamfunna lenger isolerte på kvar si vesle tue, men har opna seg opp for omverda.

Sentraliseringa fører såleis til at grensene for lokalsamfunnet er i ferd med å flytte seg, og ein orienterer seg så å seie stadig lenger vekk frå sin eigen heimstad. Særleg det siste hundreåret har verda vorte mindre og avstandane kortare, noko som naturleg nok har ført til større kontakt mellom regionar som tidlegare både fysisk og psykisk låg lenger frå kvarandre. Det har med andre ord vorte større mobilitet som ein følge av betre kommunikasjon, kortare reisetid og tettare samhald. Kommunar, regionar og landsdelar er i dag knytte nærare kvarandre enn før, noko som i neste omgang har ført til større språkleg påverknad. På mange måtar kan omgrepa *isolasjon* og *kontakt* ha ført til ulike utviklingar på det språklege planet. Medan mange bygdesamfunn før var isolerte frå omverda, har det moderne samfunnet ført til auka kontakt. Det er til dømes store kontrastar mellom det gamle jordbrukssamfunnet der mange bygdelag var isolerte frå omverda, og til det moderne samfunnet med stor samferdsle og ei mengd kommunikasjonskanalar. Dette har naturleg nok stor innverknad på talemålsutviklinga:

The transition from an agrarian to an industrial and, eventually, post-industrial society triggers cultural changes which indirectly and gradually have tremendous effects on the position of dialects (Auer m.fl. 2005: 23).

Store samfunnsomveltingar som industrialisering og urbanisering har altså ført til større mobilitet og kontakt. Då den norske velferdsstaten tok til å vekse fram frå 1930- og 1940-talet, stod utjamning og likskap i sentrum, og regionale særdrag kunne verte sett på som urett og mangel på likskap (Fossåskaret 2000: 29). Regionaliseringa har såleis vore ein sentral del av etterkrigspolitikken i Noreg. I staden for å ha små og sjølvstyrte bygdesamfunn er ein no i ferd med å få større regionar, med sentralisering av både næringsliv og kommunale tenester. Kva vi i dag legg i omgrepet *region*, vil såleis hengje nært saman med samfunnsstrukturar som skule, kommunikasjon, samferdsle, økonomisk samhandel, kulturell samhandling og liknande (Sandøy 2003a: 232). Denne utviklinga kan gje utslag på det språklege planet òg, så den talespråklege regionaliseringa kan på mange måtar vere ein konsekvens av den generelle samfunnsutviklinga. I dag er dialektar på flyttfot, og bygdefolk vert såleis utsette for eit større både språkleg og kulturelt press utanfrå enn tidlegare. Det har vidare gjerne resultert i at dei tidlegare tette sosiale nettverka i avgrensa geografiske område har vorte meir utsette for påverknad utanfrå, noko som blant anna har ført til talespråkleg nivellering (Milroy 2003: 158). Dermed oppstår det altså ein språkleg homogeniseringsprosess, der dei ulike dialektane mistar det lokale særpreget og vert meir like kvarandre over eit større område enn tidlegare

(Mæhlum 2002: 68). Dette kan ein dermed kalle for ein både kulturell og språkleg regionaliseringsprosess.

Språkleg regionalisering inneber språkleg konvergering både på lokalt og regionalt nivå, der ofte særreigne dialektdrag frå mindre bygder og tettstader må vike for dei språklege impulsane frå regionsenteret. Her er det særleg markerte og lokale former som vert erstatta av meir utbreidde former, noko som kan føre til at ein tek i bruk nye talemålstrekk og/eller at ein kuttar ut tradisjonelle trekk (Auer og Hinskens 2005: 335). Utfallet er dermed ein strukturell tilnærming av talemåla:

Obviously, and by definition, the outcome of any process of convergence will be less *distance* between the varieties or variants in the *repertoire* or variational space, comparing them to what they were like before convergence set in (Auer 2000: 11).

Fleire av dei som har studert språkleg regionalisering i Noreg, har særleg fokusert på i kor stor grad til dømes talemålet i hovudstaden har påverka områda omkring. Eit slikt språkleg press frå sentrale språkområde som til dømes Oslo kan dermed få store følgjer for dialektar med færre talemålsbrukarar. Mange språkforskarar ser såleis svært pessimistisk på denne utviklinga, og meiner at omveltingane fleire stader kan føre til ei total utsletting av dei lokale dialektane. Papazian er til dømes ein av dei som meiner at Nore og Uvdal går mot ein dialektdaude. Han ser med gru på korleis lokale bygdemålsformer må vike for talemålstrekk frå det sentrale Austlandet, og konkluderer med at bygdemålet sine dagar i kommunen er talte (Papazian 1997: 180).

Korleis skal ein tolke denne utviklinga på bakgrunn av kreftene som hierarkipyramiden illustrerer? Horisontalistane, det vil seie tilhengjarane av dei horisontale kreftene, vil påstå at det er snakk om påverknad mellom dialektar, der dialektar med færre talemålsbrukarar vert påverka og utjamna av talemålet i regionsentra. Dei kan såleis meine at det vertikale nivået har mindre innverknad, og at horisontal påverknad ved dialektkontakt (dialektnivellering) er ein langt viktigare faktor. Dei kan jamvel påstå at det ikkje finst vertikale krefter i Noreg i det heile, sidan vi her i landet ikkje har noko offisielt standardtalemål. Dessutan peikar horisontalistane på at *skriftstandard* og *talemålsstandard* ikkje er to sider av same sak, og at dei språkpolitiske forholda våre såleis gjer at ein ikkje kan trekkje fram éin norsk dialekt som talemålsstandard i Noreg. I denne samanhengen peikar Akselberg (2006: 141) på at det i Noreg er ein tendens til at ein ser bort frå eller bagatelliserer dei horisontale kreftene, og i staden fokuserer på den vertikale dimensjonen. Eg er heilt samd

i at ein ikkje må sjå bort frå dei horisontale kreftene, men på same tid meiner eg at ein heller ikkje bør sjå bort frå eller bagatellisere dei vertikale kreftene som er til stades.

Akselberg peikar vidare på at medan den tyske og danske regionaliseringa er av urban karakter, har vi i Noreg i tillegg rural regionalisering. Den urbane regionaliseringa som fyrst og fremst ser ut til å gå føre seg på Austlandet, minner såleis mykje om språksituasjonen i Danmark og Tyskland. Men elles i landet har vi altså rural regionalisering med både horisontale konvergeringsprosessar og talespråklege divergeringsprosessar (op.cit.: 140). Dersom ein ser det norske språksamfunnet under eitt, viser det seg nemleg at nivellerings- og standardiseringsprosessane ikkje er dei same over heile landet, for det verkar som om det går eit skilje mellom Austlandet (og midlandsområdet) på den eine sida og resten av landet på den andre. Medan talemåla på Austlandet ser ut til i stadig større grad å nærme seg det bokmålsnære talemålet i hovudstaden, er ikkje dette tilfellet andre stader. På Voss viser det seg til dømes at det bergenske talemålet har svært liten innverknad på talemålet til dei unge (Akselberg 2002a: 98). I andre delar av landet får ein dermed ikkje standardisert austlandsk, for “til dét synes den lingvistiske avstanden til basisdialektene å være *for stor*” (Mæhlum 2002: 72). Men dersom dette er tilfellet, burde mykje tyde på at vesttelemålet faktisk held seg godt. Den lingvistiske avstanden mellom vesttelemålet og det bokmålsnære talemålet i dei sentrale delane av Austlandet er nemleg stor, både på det leksikalske, morfologiske og det fonologiske nivået (jf. til dømes 1.3.5 og kap. 4). I denne samanhengen burde difor nettopp dette vise seg å vere *bevarande* med tanke på påverknaden frå bokmålsnære talemål. Men ein kan òg påstå at denne avstanden kan ha motsatt effekt: Avstanden kan nemleg på mange måtar nettopp vere ein *pådrivar* til at vesttelemålet vert forenkla og assimilert mot dei meir utbreidde sentralaustlandske talemåla, i og med at ein kanskje heller vel å kutte heilt ut markerte trekk ved det lokale bygdemålet rett og slett for å gjere seg forstått når ein møter folk frå andre stader av landet.

2.5.3 Vertikale krefter

Dei vertikale kreftene med standardspråkpåverknad er eigentleg eit temmeleg nytt fenomen. I Tyskland, Storbritannia og Skandinavia var det fyrst på slutten av 1700-talet og framover at det skriftlege og munnlege standardspråket fekk ein viktig symboleffekt som språket til dei leiande og høgt utdanna borgarane innanfor middelklassa, og dermed fekk ein ei ideologisk spreing til andre delar av samfunnet (Pedersen 2005: 174). Dessutan var det fyrst på 1900-talet at folk fekk god opplæring i å lese og skrive (Auer 2005: 37), noko som førte til at standardspråket fekk større makt i høve til dialektane. Dette inneber dermed at det tidlegare i

større grad må ha vore gjensidig språkleg påverknad på det horisontale nivået som var den viktigaste drivkrafta til korleis dialektane endra seg.

I motsetnad til dei horisontale kreftene har dei vertikale kreftene på si side utgangspunkt i påverknaden frå standardspråksnivået og ned til dialektnivået. Dette inneber at både dialektar og regionalmål vert påverka av og nærmar seg eit standardtalemål, altså ei nivellering langs den vertikale aksen (Røyneland 2005: 50). Men dersom ein ser på dei vertikale kreftene på eit meir overordna nasjonalt nivå, har ein fått ulike utfall i Danmark, Sverige og Noreg. I Sverige og Danmark har standardiseringsprosessen kome svært langt, og dansk vert til dømes sett på som eit av dei mest standardiserte språka i Europa (Pedersen 2005: 171). Dette har blant anna bakgrunn i synet ein har hatt på det dialektale mangfaldet. Medan ein i Noreg har hatt større aksept for bruke sin eigen dialekt, vart nemleg alle danske dialektar gjennom heile 1800-talet sett ned på i Danmark (op.cit.: 178). I dag snakkar no dei fleste standardmål eller ei eller anna form for regionalmål i Danmark, og det er særleg det lågkøbenhavnske talemålet som har spreidd seg og erstatta dei tradisjonelle dialektane (Kristiansen og Normann Jørgensen 2005: 293). Den vertikale dimensjonen vil med andre ord ha stor innverknad på utviklinga innanfor dei danske talemåla, og ytterpunkta 'dialekt' og 'standardspråk' er såleis "uproblematiske størrelser, de findes som selvstændige, afgrænselige varieteter" (Kristiansen 1992: 212).

I Noreg er derimot situasjonen ein annan, for her har på mange måtar dialektane ein mykje sterkare ideologisk posisjon enn kva som er tilfellet i nabolanda våre. Eit av kriteria for at eit land har eit offisielt standardtalemål, er til dømes at det må vere ein medviten politikk frå samfunnet si side:

[...] standard languages are the result of a direct and deliberate intervention by society. This intervention, called 'standardisation', produces standard language where before there were just 'dialects' (in the second sense, i.e. non-standard varieties) (Hudson 1999: 32).

I Noreg har vi derimot ikkje ein slik open medviten standardiseringspolitikk. Til dømes kan born bruke sin eigen dialekt i skulen, og den norske skulen har på denne måten ikkje vore ein så sterk pådrivar av standardspråket som til dømes i Sverige og Danmark (Pedersen 2005: 194). Nettopp difor vil nok mange påstå at det heller ikkje er grunnlag for å seie at vi har ei eller anna form for offisiell talemålsnorm i Noreg. Akselberg meiner til dømes at det bokmålsnære talemålet heller er å rekne som dialekt:

Eit talemål som ligg nær opp til bokmål og som kan heimfestast til Sjøraustlandet, kan manifesterast som mange ulike talemål, dialektar og sosiolektar. Det er ikkje kjenneteiknet på ein standard (Akselberg 2006: 147).

Vertikalistane, altså tilhengjarane av dei vertikale kreftene, kan derimot påstå at dei vertikale kreftene med påverknad frå eit standardtalemål er ein viktig faktor til at det kan gå føre seg ei nasjonal utjamning av dei norske talemåla. I denne samanhengen vil det offisielle skriftspråket vere mønsteret for standardtalemålet, og dermed vil det bokmålsnære talemålet i til dømes hovudstaden ha stor makt og prestisje. Målet med ein skriftspråkleg standard er å etablere retningslinjer for korleis språket skal vere, og denne er “vedteken og konstruert med eit gitt formål, nemleg å tene som eit fellesspråk” (Røynealand 2003: 23). Skriftspråklege standardar skal med andre ord verke samlande på oss som nasjon, men det ironiske er at det på same tid kan verke svært splittande. Når to offisielle skriftspråk skal dekkje det same språkområdet, er det kanskje ikkje rart i at vi i Noreg får så mykje debatt rundt vårt eige nasjonalspråk. No er det ikkje tvil om at det særleg er det bokmålsnære talemålet som ein som oftast høyrer til dømes i media eller andre stader i det offentlege rommet, og dette har såleis ei sterk maktpolitisk stilling. Ein kan difor påstå at hovudstaden og “det bokmålsbaserte standardtalemålet” (Røynealand 2005: 49) vil ha ein overordna posisjon i høve til dialektane, altså ei meir eller mindre overdialektal eller geografisk umarkert rolle. Tilhengjarane av dei vertikale kreftene kan såleis påstå at vi har eit norsk standardtalemål som påverkar dei norske dialektane, der det går føre seg “ei nasjonal talemålskonvergering med eit sentral-austnorsk normaltalemål som normsentrum” (Akselberg 2006: 142). Men talemålet her har altså lita påverknadskraft på talemål elles i landet, så denne utviklinga er kanskje fyrst og fremst (førebels) eit austlandsk fenomen.

Ein kan derimot likevel snakke eit bokmålsnært talemål utan at ein nødvendigvis kjem frå Oslo, der ein kan ha innslag av visse lokale uttalar eller andre regionale særtrekk frå talemålet sitt. Det er her Unn Røynealand trekkjer fram nemningane *overregionalt standardtalemål* og *regionalt farga standardtalemål* (Røynealand 2005: 53). Ho meiner i denne samanhengen at det overregionale standardtalemålet vil vere eit bokmålsnært talemål med Oslo vest-aksent, medan meir regionale variantar som til dømes Oslo aust, bergensk, trøndersk eller nordnorsk vil kunne svare til ein regionalt farga standard (op.cit: 54). Alle desse meir regionale variantane vil dermed òg vere med på å setje fart på den språklege utjamninga og såleis vere ein del av den vertikale dimensjonen innanfor talemålsutviklinga. I si gransking av talemålet i Os utanfor Bergen fann til dømes Hernes ut at “nyutviklingane

[...] har altså redusert skilnadene mellom osmålet og bergensk, men på same tid har dei redusert skilnadene mellom osmålet og ‘norsk standardtalemål’” (2006: 153).

Men er hierarkipyramiden ein god reiskap til å skildre talemålsutviklinga i Vest-Telemark? Modellen passar godt på den tyske språkutviklinga, og Auer peikar på at det særleg det siste hundreåret har vore ei oppblomstring av regionale talemål i Tyskland, noko som har ført til at det har gått føre seg både horisontale og vertikale endringsprosessar på same tid (Auer 2000: 23). Men etter mi meining kan den vertikale dimensjonen ha stor innverknad på talemålsutviklinga i Noreg òg, og ein bør ikkje sjå bort frå at det kan gå føre seg påverknad frå eit mogleg norsk standardtalemål. Vertikale krefter har vore ein utbreidd språkendringsfaktor i nabolanda våre, og ein bør vere open for at dette er ein endringsprosess som faktisk kan vere svært sentral i den norske talemålsutviklinga òg.

2.5.4 Modellar for spreining

Det er altså fleire teoriar og stor usemje rundt kva krefter som har mest å seie når dialektar og språk endrar seg. Det er derimot ikkje tvil om at det i dag går føre seg påverknad mellom ulike talemål i Noreg, men *korleis* er det eigentleg dei språklege innovasjonane spreier seg til nye område? Når ein snakkar om geografisk spreining av talemålstrekk, er det i denne samanhengen fleire teoriar, og det er utarbeida ei rekkje modellar for å skildre denne prosessen. Eg skal kort gå inn på eit par av dei desse som eg meiner er svært sentrale når ein skal sjå nærare på talemålsutviklinga i Vest-Telemark.

Bølgjemodellen:

Ein av desse spreiningsteoriane vert illustrert ved den såkalla bølgjemodellen, som vart etablert på 1800-talet. Bølgjemodellen kan vere nyttig når ein til dømes skal sjå nærare på korleis dei ulike dialektane i Noreg påverkar kvarandre i dag, for han viser betre enn den tidlegare stamtremodellen korleis språklege innovasjonar kan oppstå og spreie seg (Torp 1998: 29). Bølgjemodellen framstiller gjerne dei språklege endringane som at ein skulle ha kasta ein stein i eit vatn. I denne samanhengen vil altså språklege innovasjonar spreie seg frå eit sentrum og utover til områda omkring nærmast som ringar i vatn. Men ein kan òg kaste fleire steinar på same tid, slik at bølgjene (dvs. dei språklege innovasjonane) på denne måten etter kvart vil møte kvarandre. Modellen viser såleis at det ikkje treng å vere eitt opphav og éi utviklingslinje, men at endringane til dømes kan skje på same tid eller overlape kvarandre. Her kan ein altså få eit godt oversyn over korleis språklege innovasjonar spreier seg, og dette

er ein modell som forskarar både innom den historiske lingvistikken og sociolingvistikken har godteke (Hudson 1999: 22).

Men bølgeomodellen kan òg ha veikskapar. Når ein kastar ein stein i vatnet, døyrt bølgaene ut etter kort tid. Dette er derimot ikkje tilfellet ved språklege endringar, for her vert innovasjonane overførte frå generasjon til generasjon. Modellen kan med andre ord vere god for å skildre endringar i *rom* (altså konkrete endringar her og no), men ikkje i *tid* (altså over fleire generasjonar). I denne samanhengen har blant anna R. A. Hudson kome med ein alternativ modell, ein modell som på mange måtar kanskje vert meir eller mindre eit tillegg eller ei vidareføring av bølgeomodellen. Hudson trekkjer i staden fram utbreiinga av ulike plantar på ein åker som metafor for spreiking av språklege innovasjonar, og planteriket vert på denne måten eit bilete på språksamfunnet: “the bigger the plants, the more seeds they produce, and the better the chances of the species conquering new territory.” (Hudson 1999: 41.) Ein ny plantetype som slår rot, vil dermed vere biletet på ein ny språkleg innovasjon som kjem inn i språket eller dialekten. Anten vil planten klare å spreie seg og over tid utkonkurrere nokre av dei andre plantane som allereie er der, eller så vil han meir eller mindre døyt ut. Denne modellen kan difor vere eit godt bilete på endringane som går føre seg mellom dei norske dialektane.⁶

Sprangmodellen:

Ein annan spreikingsteori som kan vere sentral med tanke på talemålsutviklinga i Vest-Telemark, vert illustrert ved den såkalla sprangmodellen. Sprangmodellen viser korleis talemålstrekk kan spreie seg ved å hoppe frå by til by eller frå tettstad til tettstad, men dei språklege innovasjonane kan òg spreie seg frå dei største sentruma og ut til rurale område gjennom mindre byar og tettstader. Denne teorien har såleis gjerne ei meir hierarkisk form enn bølgeomodellen, og vert i denne samanhengen til dømes òg referert til som “prestisjehierarki” (Mæhlum 2002: 69).

Men det treng derimot ikkje å vere snakk om to åtskilte teoriar her, for det kan nemleg gå føre seg språkendringar der båe modellane er aktuelle. Talemålstrekk kan ved hjelp av sprangmodellen nå sentrale område lenger unna, og så kan bølgeomodellen føre dei vidare utover til dei meir rurale områda omkring. Ein av dei mest kjende granskingane av dette fenomenet er Peter Trudgill sin studie av spreikinga til skarre-*r* (uvular [R]). Skarre-*r* spreidde seg nemleg fyrst frå Frankrike ved å hoppe frå by til by. Deretter har innovasjonane spreidd

⁶ Hudson har ikkje sjølv sett namn på modellen sin, men Arne Torp foreslår å kalle han for “frømodellen” (Torp 1998: 29).

seg til områda omkring desse urbane sentra ved hjelp av bølgeomodellen (referert etter Taaldeman 2005: 264). Bølgeomodellen fungerer dermed der det er nær geografisk kontakt mellom dei ulike dialektområda, noko som derimot ikkje treng å vere tilfellet ved sprangmodellen. Dei urbane sentruma treng nemleg ikkje å liggje nær kvarandre geografisk, så her kan dei språklege innovasjonane spreie seg over større avstandar enn ved bølgeomodellen (Sandøy 2003a: 226). Dette kan til dømes vere tilfellet på Austlandet, der innovasjonane fyrst spreier seg frå by til by ved hjelp av sprangmodellen, for så å spreie seg vidare til bygdesamfunna i Vest-Telemark ved hjelp av bølgeomodellen. Etter mi meining vil difor både bølgeomodellen og sprangmodellen gjere seg gjeldande når ein skal sjå på korleis vesttelemålet vert påverka av andre talemål, og dette kjem eg nærare inn på under punkt 6.2.

3. METODE

3.1 Metodeval i sosiolingvistikken

Val av metode heng nært saman med kva framgangsmåte ein ønskjer å bruke for å finne svar på det ein er ute etter, med andre ord korleis ein skal samle inn og handsame språklege data. Kva metode ein vel, vil såleis vere avhengig av kva mål ein har med forskingsprosjektet. Sosiolingvistikken som disiplin handlar om språkbruk i samfunnet, og dermed vil ein på same tid trekkje trådar både til språkvitskapen og samfunnsvitskapen. Sidan ein studerer sosial variasjon, har metodane såleis gjerne vorte henta frå sosiologien og sosialantropologien (Akselberg og Mæhlum 2003: 73). Når det gjeld sosiolingvistisk forskning, er det særleg to metodar som har vore vanlege å bruke, nemleg kvantitativ og kvalitativ metode. Ved innsamling og registrering av språklege data kan forskaren velje den metoden som måtte høve best i den aktuelle granskinga. Men ein kan òg kombinere desse to metodane, slik at ein både har kvantitative og kvalitative vinklingar. I dette kapittelet skal eg gå kort inn på desse to metodane, før eg greier ut om dei metodiske vurderingane og vala eg har gjort i denne avhandlinga.

3.1.1 Kvantitativ metode

Kvantitativ metode vert som regel bruka når ein ønskjer å få mest mogleg representative resultat for det språk- eller dialektområdet ein undersøker. Her vil ein altså samanlikne dei språklege og sosiale forholda, og prøve å få eit oversyn over talemålet til folkesetnaden innanfor eit område. I typiske kvantitative undersøkingar presenterer ein gjerne funna statistisk, slik at ein til dømes kan setje resultata inn i tabellar eller finne prosentvise skilnader. Sidan ein er ute etter å få eit godt og representativt oversyn over talmaterialet, vil ein gjerne ha eit stort utval av informantar som grunnlag. I tillegg vil ein i kvantitative undersøkingar helst sjå på målbare og objektive storleikar (Akselberg og Mæhlum 2003: 74), til dømes sosiale faktorar som alder, kjønn og yrke (sjå punkt 2.3).

3.1.2 Kvalitativ metode

I motsetnad til kvantitative undersøkingar er det gjerne ikkje-målbare og subjektive storleikar som står i sentrum ved kvalitative undersøkingar, og ein fokuserer meir på kvar einskild informant (Akselberg og Mæhlum 2003: 75). Ein kan kanskje seie at medan kvantitative

undersøkingar ofte er *populasjonsretta*, er kvalitative undersøkingar ofte meir *individretta*. Ein viktig skilnad mellom kvalitativ og kvantitativ metode er nemleg at ein ved kvalitativ metode ikkje vil få eit klart statistisk oversyn over resultata ein samlar inn, men at ein heller går nærare inn på sjølve *årsakene* til talemålsutviklinga og i mykje større grad fokuserer på haldningar, opplevingar og språklege strategiar hjå den einskilde informanten. Det var særleg frå 1990-talet at ein innanfor sosiolingvistisk forskning byrja å fokusere meir på kvalitative vinklingar, der ein blant anna ønskte å kartleggje dei psykososiale faktorane rundt språkbruk og språkending (Skjekkeland 1997: 15). I ei typisk kvalitativ undersøking vil det difor vere få informantar, og utsegnene deira vil vere ein viktig del av analysegrunnlaget.

Men kan ein stole på at dei ulike metodane gjev pålitelege resultat? Under sosiolingvistiske granskingar vil det nemleg alltid vere ein fare for at informantane gjev feil informasjon om sitt eige talemål, anten ved at dei over- eller underrapporterer. Dette kan til dømes vere eit problem ved bruk av spørjeskjema i kvantitative undersøkingar, men det kan òg vere eit problem i kvalitative granskingar. Eg er såleis usamd med Elin Gunleifsen som påstår at i den kvalitative forskinga “unngår en feilrapportering i form av over- eller underrapportering” (Gunleifsen 2006: 122). I ein intervjusituasjon kan til dømes informantane medvite eller umedvite tilpasse talemålet sitt etter talemålet til intervjuaren. Difor bør ein ikkje stole blindt på resultata frå kvalitative intervju og sjå på desse nærast som ein fasit i høve til om informantane over- eller underrapporterer ved rapportert språkbruk i til dømes eit spørjeskjema. Informantane er trass alt like mykje klar over at dei er under observasjon anten det dreiar seg om ei kvantitativ spørjeundersøking eller eit kvalitativt intervju (jf. “the observer’s paradox” under punkt 3.2.2). Men fordelene med eit kvalitativt intervju i motsetnad til spørjeskjema er sjølvsagt at informantane ikkje i same grad har høve til å tenkje gjennom kva dei skal svare. I ein intervjusituasjon vil samtala gå føre seg der og då, og informanten vil såleis kanskje vere meir oppteken av *kva* han seier enn *korleis* han seier det, altså at *innhaldet* i utsegnene vil spele ei større rolle enn *måten* desse vert formidla på. Ved eit kvalitativt intervju vil ein difor kanskje klare å kome endå nærare det sosiolingvistiske idealet om korleis ein snakkar “til vanleg” når ein ikkje er under observasjon.

3.2 Metodeval i denne avhandlinga

Ein gjennomgang av dei to metodane viser altså at ein har å gjere med to temmeleg ulike måtar å handsame språklege data på, og val av metode vil difor liggje nært opp til kva problemstillinga for den aktuelle granskinga er. Sidan eg ser på språkleg påverknad frå det sentrale Austlandet, er eg slik sett ikkje ute etter å granske mindre dialektskillnader innanfor sjølve vesttelemålet eller mellom grendelaga. Eg vil heller finne ut korleis vesttelemålet endrar seg i høve til andre talemål på Austlandet, og kva som kan vere bakgrunnen for språkvala til informantane. Sidan målet mitt med denne avhandlinga både er å *kartleggje* og å få ei *forståing* for dei språklege endringane i vesttelemålet (sjå 1.1), meiner eg difor at ein kombinasjon av både kvantitativ og kvalitativ metode vil gje eit betre og meir heilskapleg bilete av talemålssituasjonen. Ved hjelp av kvantitativ metode kan ein *skildre* språksamfunnet og få eit oversyn over dei meir generelle og overordna utviklingstendensane innanfor vesttelemålet, men ved hjelp av kvalitativ metode har ein høve til å gå djupare inn på materialet og den einskilde informanten og såleis prøve å finne *forklaringar* for språksituasjonen. Denne talemålsgranskinga har difor grunnlag i *både* spørjeskjema og intervju. Eg har lagt mest vekt på opplysningane i spørjeskjemaet, medan eg har bruka samtalene meir som eit nyttig supplement og ein god kontroll for å sjå om den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet samsvarar med den faktiske under intervju. Men når det gjeld intervjusituasjonen, er det likevel viktig å hugse på at språkbrukaren gjerne skiftar språkleg *register* når den sosiale situasjonen skiftar (Akselberg 2003: 132). Det inneber at den sosiale konteksten rundt intervjuet altså kan ha mykje å seie, og etter mi meining vil difor både etiske omsyn, intervjuaren og sjølve situasjonen og omgjevnadene rundt innsamlinga vere sentrale faktorar som kan vere med på å påverke utfallet av granskinga.

3.2.1 Innsamlingsmetodar

Spørjeskjema:

I denne avhandlinga brukar eg spørjeskjemaet (vedlegg 2) som ein innsamlingsmetode til å stille direkte spørsmål, der dataa vert kvantifiserte og framstilte i prosent. Resultata av innsamlinga vert presenterte i kapittel 5. Å gjennomføre kvalitative intervju med alle dei 50 informantane som har stilt opp, ville ha vore ei altfor tid- og ressurskrevjande oppgåve. Spørjeskjemaet er såleis ein god innsamlingsmetode for å få eit innblikk i den rapporterte språkbruken til ungdomane. Sidan eg ønskjer å bruke skjemaet som ein reiskap til både å sjå

kva talemålsformer ungdomane sjølve meiner dei brukar, og å sjå kva haldningar dei har til sitt eige talemål, heimbygda og liknande, er skjemaet difor todelt:

Den fyrste delen har som mål å kartleggje talemålet til ungdomane. Her er det difor lista opp ei rekkje setningar, men der det er visse ord som manglar. Kvar variabel i spørjeskjemaet inneheld fleire valformer, der informantane skulle krysse av eller setje ring rundt det alternativet som høvde for dei. Dersom dei bruka andre former enn dei som er lista opp, kunne dei skrive desse ved sidan av. Nokon vil kanskje påstå at ved å setje opp fleire valformer på førehand, som eg har gjort i dette spørjeskjemaet, så vil ikkje informantane stå heilt fritt til å velje, at ein på ein måte styrer dei til å ta eit val. Men å liste opp fleire valalternativ var eit medvite val frå mi side, og eg meiner at det ikkje er med på å styre informantane til å ta eit val. Snarare tvert imot; ved å gjere det på denne måten, står dei nemleg heilt fritt til å kunne velje det alternativet som høver for dei. Eg kunne sjølvsagt ha valt å la felta stå opne i staden, men då trur eg det hadde vore lett for informantane å automatisk byrje å tenkje på korleis ein skulle ha skrive det på nynorsk. Ein kunne altså lett ha vorte påverka av *skriftmålet*, og dermed ville eg ha sete att med mykje feilinformasjon.

Den andre delen av spørjeskjemaet har som mål å kartleggje den sosiale bakgrunnen til informantane og kva dei til dømes meiner om sitt eige talemål og heimbygda si generelt. Her vil ein på mange måtar kome nærare inn på informantane, slik ein gjer i kvalitative intervju. Men sjølv om kvalitative undersøkingar gjerne er tufta på utsegner under intervju, meiner eg at ein òg kan få nyttig informasjon ved skriftlege svar i spørjeskjema. Å svare på eit spørjeskjema kan til dømes vere langt mindre stressande for informanten enn til dømes å verte intervjua. Når informanten svarar på eit spørjeskjema, vil han kanskje opne seg meir opp og gje uttrykk for kva han meiner. Dette kan derimot vere ei stor utfordring under eit intervju.

Intervju:

Spørjeskjemaet kan derimot ikkje måle seg med det kvalitative intervjuet når ein skal kome nærast mogleg idealet faktisk språkbruk eller naturleg tale. I dette tilfellet vil spørjeskjema og intervju innebere to heilt ulike måtar å måle språklege data. Ved hjelp av spørjeskjemaet kan ein måle *rapportert* språkbruk, det vil seie korleis informanten sjølv meiner han snakkar til dagleg. Ved hjelp av det kvalitative intervjuet kan ein derimot måle *faktisk* språkbruk, det vil seie korleis informanten snakkar til dagleg, i alle fall så langt det lèt seg gjere innanfor dei etiske retningslinjene talemålsforskinga må halde seg til. Dessutan er intervjuforma ein god måte å kome nærare inn på kvar einskild informant, der ein blant anna kan få viktig informasjon om til dømes haldningar og bakgrunn for språklege val. Når det gjeld intervju i

Seljord og Vinje, vart desse gjennomførde nokre dagar etter at informantane hadde svara på spørjeskjemaet. Då kom eg attende til skulane og hadde intervju med nokre av ungdomane som hadde oppfylt kriteria for å verte rekna som informantar i denne granskinga (sjå punkt 3.3.2.). Det var til saman fire ungdomar frå Seljord og fire frå Vinje som hadde ei samtale med meg, og kvart intervju varte i om lag 25–30 minutt.

Intervju som innsamlingsmetode inneber derimot ei større utfordring enn spørjeskjema. Utfylling av eit spørjeskjema går trass alt føre seg innanfor trygge rammer, der informanten har kontroll over situasjonen. Å vere til stades under intervju og i tillegg snakke inn på eit lydband, kan derimot vere ein langt meir framand og utrygg situasjon. Då kan informantane lett verte tause og atterhaldne, særleg med tanke på at ein i denne samanhengen har å gjere med unge informantar. Dette er noko mange språkforskarar har fått erfare:

Mange, ikke minst barn, kan oppleve en intervjusituasjon som ubehagelig formell og kunstig og samtalen vil ofte kunne bli svært monologisk – med intervjuer som viktigste bidragsyter (Akselberg og Mæhlum 2003: 80).

Eg prøvde derimot å løyse denne utfordringa ved å gjere nokre taktiske grep. Før eg sette i gang bandopptakaren, snakka eg til dømes litt laust og fast med informantane. Dette var for å prøve å skape ei litt tryggare og meir tillitsfull ramme rundt det heile. Dei var naturleg nok noko stille og reserverte med det same dei såg opptakaren, men dette gjekk mykje betre etter kvart som praten kom i gang.

Dessutan valde eg å intervju informantane parvis. På denne måten vart det ikkje eit reint intervju mellom éin intervjuar og éin informant, men i staden gruppeintervju med éin intervjuar og to informantar. Til saman vart det såleis gjennomført fire gruppeintervju, altså to gruppeintervju ved kvar ungdomsskule. Dette trur eg skapte ein langt tryggare situasjon for informantane enn om dei skulle ha sete åleine med meg. At intervjuet vert gjort med to jamaldrande til stades på same tid, trur eg dessutan er med på å auke sjansen for at elevane faktisk snakkar på same måte som dei ville ha gjort om eg ikkje hadde vore der.

Men det kan òg følgje negative sider ved å intervju informantar parvis; blant anna kan ein risikere at den eine informanten skravlar jamt og trutt, medan den andre vert passiv og stille. Då risikerer ein å få lite språklege data frå den eine av dei, medan ein har mykje språklege data frå den andre. Eg hadde derimot førebudd spørsmål som eg kunne stille til den eine av dei dersom det skulle vise seg at medinformanten vart for dominerande. Det viste seg snart at enkelte av informantane prata meir enn andre, og dette er sikkert vanskeleg å unngå.

Men likevel synest eg intervjuar fungerte greitt, og eg fekk språklege data frå alle dei åtte informantane som eg snakka med.

I tillegg til å intervjuar informantane parvis ville eg at det skulle vere éin frå kvart kjønn. Grunnen til at eg valde å blande para på denne måten, var fyrst og fremst for å gjere det enklare å skilje informantane frå kvarandre når eg skulle høyre gjennom opptaka i ettertid. Dersom ein hadde hatt to informantar av same kjønn, trur eg det lett kunne vorte vanskeleg å høyre kven som var kven. Dermed kunne ein risikert at ein hadde ført opp språklege data på feil person, og såleis sete att med mykje feilinformasjon. Nokon vil kanskje påstå at det ikkje er lurt å blande kjønna på denne måten, fordi informantane då kanskje ikkje vil vere like opne som om dei skulle ha snakka med nokon frå same kjønn, og at det såleis kan gjere det vanskelegare å få til ei naturleg samtale. Dette synest eg derimot ikkje var noko problem verken i Vinje eller Seljord. Samtalene gjekk bra, og eg synest såleis ikkje at det var negative sider ved å intervjuar éin informant av kvart kjønn.

Den neste utfordringa var naturleg nok å ha høvelege tema som kunne få informantane i tale, samstundes som ein kunne få belegg for dei ulike dialektformene. Under intervju har forskarar anten stilt *direkte* eller *indirekte* spørsmål for å få svar på det dei er ute etter (Chambers og Trudgill 1998: 21). Eg valte å ta i bruk meir indirekte spørsmål, slik at informantane på denne måten skulle vere meir opptekne av *kva* dei sa og ikkje *korleis* dei sa det. Eg stilte såleis ingen spørsmål av typen: “Korleis uttalar du dette ordet?” Ved slike direkte spørsmål som dette er det nemleg godt mogleg at informantane ville ha vorte for opphengde i korleis dei *burde* snakke enn korleis dei *faktisk* snakkar, og slik sett kunne eg fått upålitelege belegg for dei ulike variablane.

Informantane fekk i staden blant anna spørsmål om korleis det var å bu i bygda, kva framtidsplanar dei hadde, kva tankar dei hadde om sin eigen dialekt og liknande (sjå vedlegg 3). For å lure fram ein del av variablane eg trong å få belegg for, hadde eg dessutan på førehand laga ei rekkje teikningar og meir eller mindre humoristiske bilete som informantane skulle sjå nærare på (sjå vedlegg 4). Etter at dei hadde studert teikningane ei lita stund, tok eg desse attende og bad dei om å fortelje meg kva dei hadde sett. Dette var eit medvite trekk frå mi side, for sidan nokre av variablane i undersøkinga er verb i preteritum (til dømes *au*-difongen), rekna eg med at det ville verte ei stor utfordring å få belegg for desse under intervjuar. Dette vart derimot løyst då informantane skulle gje ei attforteljing av kva dei hadde sett på bileta, for då tok dei automatisk i bruk preteritumsformer. Såleis fekk eg både testa dei variablane eg var ute etter, samstundes som det heile var med på å løyse opp stemninga og skape betre flyt i samtala.

I tillegg hadde eg førebudd ei lita gisseoppgåve, der informantane skulle gisse kva ordtak som var illustrerte på teikningane. Målet med denne oppgåva var å få informantane umedvite til å bruke dei variablane eg ønskte å få belegg for. Den eine av informantane kunne til dømes få ei teikning av mange små bekkar som renn ut i ei stor elv, noko som skulle symbolisere ordtaket “mange bekkar små vert ei stor å”. Vedkomande måtte deretter forklare den andre informanten kva han såg på biletet, slik at den andre kunne gisse på kva ordtak det var. Målet med til dømes dette konkrete ordtaket var å få belegg for om informantane bruka palatalisering av velarar i innlyd og om dei hadde *ir*-ending i fleirtal av sterke hankjønnsord i *i*-klassa i norrønt, altså *bekkjir*. Denne oppgåva førte til at informantane snakka med kvarandre i staden for med meg, i tillegg til at båe kom til orde og kunne gje meg belegg for variablane eg var ute etter.

3.2.2 Etiske omsyn

Når ein skal gjennomføre ei talemålsgransking som dette, må ein ta ei rekkje etiske omsyn, særleg òg med tanke på at alle informantane her er under 18 år. Ein treng blant anna ei formell skriftleg godkjenning for at ein kan gjennomføre forskingsprosjektet. Sidan ein i talemålsgranskingar kan kome til å måtte handsame personopplysningar, må ein på førehand søkje om løyve frå Personvernombodet for forskning ved Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). Eg sende difor inn ein søknad der det vart gjort greie for kva undersøkinga ville gå ut på, og kva rolle informantane ville ha i avhandlinga. Deretter kom det klarsignal om at prosjektet kunne gå som planlagt.

Anten ein skal intervju informantar eller få dei til å gje informasjon om seg sjølve i eit spørjeskjema, så er det naturleg nok etiske reglar ein må ta omsyn til. Dette kan derimot vise seg å verte eit dilemma, for etiske omsyn kan på mange måtar vere til hinder for talemålsforskinga eller stille spørsmål ved resultata. Forskaren møter blant anna eit etisk dilemma når han ønskjer å måle *naturleg tale* hjå informantane sine, det vil seie korleis dei snakkar med kvarandre til dagleg når dei ikkje er under observasjon. Denne uformelle og daglege språkbruken har altså vore idealet innanfor sosiolingvistisk forskning, noko Labov omtalar som “the vernacular”:

[...] more systematic speech, where the fundamental relations which determine the course of linguistic evolution can be seen most clearly. This is the “vernacular” – the style in which the minimum attention is given to the monitoring of speech (Labov 1972: 208).

Men sidan ein er nøydd til å *observere* informantane for å få språklege data, er målet om naturleg tale litt av ei utfordring når ramma rundt det heile kan verte oppfatta som formell og unaturleg. Etske omsyn set på denne måten hindringar for kva metodar ein kan bruke for å få tak i pålitelege data. Sidan informantane er klar over at samtalene vert tekne opp på lydband, er det difor vanskeleg å seie om ein nokon gong kan få pålitelege data på dette punktet. Det vil alltid vere eit moment av uvisse om det vedkomande seier, verkeleg er naturleg tale eller ikkje. For å få opptak av naturleg tale i ein mest mogleg autentisk situasjon, må ein nærmast gjere det i smug utan at informantane er klar over det. Men dette strir naturleg nok med etiske retningslinjer, sidan informantane på førehand må verte informert om at samtalene vert tekne opp på band. Dette er eit dilemma språkforskarar ikkje kjem utanom, eit dilemma som Labov kallar “the observer’s paradox” (Labov 1972: 209).

I denne avhandlinga har eg derimot ikkje halde noko informasjon attende verken for informantane, foreldra deira eller lærarane ved skulen, men vore heilt open om at dette er ei sociolingvistisk gransking av talemålet til ungdomane. På førehand avtalte eg med rektorane og norsklærarane ved dei to ungdomsskulane i Seljord og Åmot om når det kunne passe å gjennomføre undersøkinga, og kvar elev fekk utlevert eit informasjonsskriv som forklara kva det heile gjekk ut på (sjå vedlegg 1). Sidan informantane er under 18 år, var eg dessutan avhengig av at foreldra godkjende at borna deira kunne vere med på undersøkinga. Både elev og foreldra eller føresette måtte difor skrive under på at dette var i orden, og levere svarslippene attende til meg før undersøkingane kunne byrje. Det var ingen som ikkje hadde lyst til å vere med på undersøkinga. Her møter ein derimot det neste dilemmaet som dukkar opp som følge av dei etiske omsyna, for med ein gong ein treng skriftleg godkjenning frå foreldre, vert dei merksame på at borna deira skal vere med i ei talemålsgransking. Nøyaktig kva rolle det har å seie at til dømes foreldra veit om dette, er ikkje godt å seie, og truleg vil det nok òg variere frå heim til heim. Men det er til dømes godt mogleg at nokre av foreldra på mange måtar *forventar* at borna deira skal snakke mest mogleg dialekt, og at dei såleis oppmodar dei eller påverkar dei til å gjere nettopp dette. Såleis kan ungdomane føle det ligg eit forventningspress til å snakke mest mogleg dialekt, og dette kan i seg sjølv vere negativt for utfallet av ei talemålsgransking som denne.

Eit anna viktig omsyn er kravet om anonymitet, og i denne avhandlinga har alle informantane vorte handsama anonymt. Eg har heller ikkje lagt ved eit nummerert oversyn over kvar informant med opplysningar om kjønn, foreldrebakgrunn, bustad og liknande. Sjølv om namna deira ikkje står oppført, kan nemleg slike bakgrunnsopplysningar vere nok til at ein særleg i små bygdesamfunn kan spore seg fram til kven vedkomande er. Informantane måtte

derimot fylle inn namnet sitt i spørjeskjemaet, men dette var berre for å kunne skilje dei frå kvarandre under dei seinare analysane av materialet. Eg var blant anna avhengig av å få namna deira for å kunne samanlikne den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet opp mot den faktiske under intervjuet. Dette var noko både elevane og foreldra deira fekk utfyllande informasjon om i skrivet som vart sendt ut på førehand. Der stod det òg at elevane kom til å verte heilt anonyme i sjølve avhandlinga, noko eg i tillegg presiserte til dei i klasserommet før dei skulle fylle ut spørjeskjemaet. Eit par av informantane ønskte likevel å vere anonyme, noko dei sjølv sagt fekk høve til.

3.2.3 Intervjuaren

Har det eigentleg noko å seie for denne granskinga at det var eg som hadde rolla som intervjuar? Det er godt mogleg det hadde ein del å seie, for val av intervjuar kan ha stor innverknad på intervjusituasjonen. Sidan ein gjerne i større eller mindre grad vil tilpasse seg samtalepartnaren, kan nemleg talemålsbakgrunnen til intervjuaren òg spele ei viktig rolle for intervjuobjektet sine val av talemålstrekk. Men eg er sjølv oppvaksen i Kviteseid, nabokommunen til Seljord, og har alltid snakka vesttelemålet. Det at eg har same dialektbakgrunn som informantane, trur eg kan spele ei viktig rolle for kva språklege variablar dei vel å bruke under samtalene med meg. Vesttelemålet er nemleg kjent for sine særeigne ord og uttrykk, og eg veit sjølv av eiga erfaring at folk frå andre stader av landet kan ha store problem med å få med seg alt ein seier. Mange av informantane gav til dømes uttrykk for at dei legg litt om på dialekten når dei snakkar med folk frå andre stader av landet. Dersom eg til dømes hadde snakka eit meir sentralaustlandsk talemål, er det godt mogleg at informantane ville ha lagt noko om under intervjuet. Det hadde sjølv sagt vore nyttig dersom ein hadde vore ute etter å måle språkleg variasjon hjå kvar einskild informant i ulike sosiale samanhengar, altså til dømes kva språklege former dei hadde valt når dei møter personar frå andre stader av landet. Men det hadde ikkje vore relevant for kva problemstillinga i denne avhandlinga er. Sidan eg vil finne ut korleis eit utval av tradisjonelle vesttelemålsformer held seg blant dei unge i dag, er eg til dømes ikkje ute etter å måle direkte språklege strategiar som dette. Dersom eg hadde hatt ein annan talemålsbakgrunn enn informantane, så ville ein kanskje fått ein mykje meir formell situasjon rundt det heile, noko som kunne hatt stor innverknad på språkvala til informantane. For å få ei mest mogleg uformell ramme rundt intervjuet, meiner eg altså at talemålsbakgrunnen til intervjuaren kan spele ei avgjerande rolle for utfallet av samtalene.

3.2.4 Innsamlingssituasjonen

Det er ikkje berre talemålsbakgrunnen til intervjuaren som kan vere avgjerande for utfallet av samtalene med informantane. I tillegg vil nemleg sjølve ramma rundt innsamlinga og val av intervjustad vere sentrale faktorar som etter mi meining kan påverke både den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet og den faktiske under intervjuet. Når det gjeld sjølve innsamlingssituasjonen i denne granskinga, kom eg etter nærare avtale med norsklærarane ved skulane innom i ein skuletime for å dele ut spørjeskjemaa til elevane i klassene. Sjølv om det i spørjeskjemaet står korleis ein skal gå fram, forklarte eg til elevane på førehand kva dei skulle gjere, og presiserte blant anna at eg ikkje var ute etter kva dei *trudde* var ‘rett’ språkbruk, men kva ord og uttrykk dei *faktisk* brukar når dei snakkar med kvarandre til dagleg. Eg var til stades heile tida medan elevane fylte ut skjemaet, og kunne såleis svare på spørsmål dersom det var noko dei lurte på undervegs.

Å gjennomføre ei slik spørjeundersøking i ein skuletime kan derimot by på ei rekkje utfordringar, og det er vanskeleg å vere førebudd på eventuelle problem som måtte dukke opp undervegs. Sidan undersøkinga vert gjort på ein offentleg skule med lærarar til stades, vert det kanskje òg ei større utfordring å få informantane til å kome med personlege og ærlege svar. Ein kan risikere at dei ser på det heile som ei slags prøve, og kanskje vert opphengde i å svare kva dei trur vert sett på som ‘rette’ svar og ikkje kva dei sjølve *eigentleg* måtte meine om temaet. I tillegg kan tida ein har til rådvelde vere ei utfordring. Dersom det til dømes er mykje støy og uro i klasserommet, kan det føre til dårleg konsentrasjon og upresise eller lite gjennomtenkte svar frå informantane si side. Og dersom til dømes nokon vert tidleg ferdige med skjemaet, kan det føre til uro og jage opp medelevane til å gjere seg ferdige. Dette var til dømes noko Tone Skramstad erfarte då elevane skulle svare på spørjeskjemaet hennar. Der vart nemleg nokre av elevane ferdige før resten av klassa, og desse forstyrta til ein viss grad for dei andre (Skramstad 1999: 127).

Då informantane mine skulle svare på spørjeskjemaet, stilte lærarane heile timen til rådvelde. I tillegg fekk elevane høve til å gå ut når dei var ferdige. Dette var ei god løysing, for då vart ikkje dei som sat att, uroa av dei som var ferdige. Ulempa med å gå ut så snart ein er ferdig, er at ein kunne risikert at elevane berre ville ha bruka eit par minutt på undersøkinga, og i staden nytta høvet til å få fri resten av timen. I Vinje sa til dømes eit par av lærarane at det var godt mogleg elevane ikkje ville ta denne undersøkinga på alvor, men heller berre gjere seg ferdige fortast mogleg og kome seg ut av klasserommet. Overraskinga var difor stor då det vart heilt stille i klasserommet og elevane konsentrerte seg og bruka tida godt på å svare på skjemaet. Det same var tilfellet i Seljord. Elevane bruka tida godt, og det verka

som dei var interesserte i det dei vart spurde om, noko eg sjølvst sagt vart svært glad for. Nokre av elevane brukte jamvel ein del av friminuttet til å gjere seg ferdige. Det er difor mykje som tyder på at elevane både i Vinje og Seljord tok denne undersøkinga på alvor, noko som kan vere eit teikn på at dei har gjeve meg seriøse og ærlege svar.

Innsamlingssituasjonen treng ikkje berre ha innverknad på svara ein gjev i spørjeskjema, for han kan òg ha innverknad på utfallet av intervjuet. Under ei samtale kan ein nemleg anten leggje seg på ein formell eller uformell stil, alt etter kva situasjon ein er i. Forskarar er derimot gjerne ute etter å måle *den uformelle stilen*, fordi det er denne som er mest systematisk og som informantane brukar til dagleg (Chambers og Trudgill 1998: 48). Dess tryggare til dømes intervjuobjektet kjenner seg i intervjusituasjonen, dess meir avslappa vil truleg vedkomande verte. Det er noko som vidare kan resultere i meir naturleg språkbruk. På bakgrunn av dette har ein difor gjerne som mål å få intervjusituasjonen til å verte mest mogleg naturleg for informantane. Graden av formell eller uformell situasjon kan ha mykje å seie for kva dialektformer ein vel å bruke, så den sosiale konteksten under intervjuet kan såleis vise seg å vere avgjerande. På bakgrunn av dette ønskte eg difor å få undersøkinga til å verke så uformell som mogleg, og alt i alt vil eg seie at ungdomsskulen i både Vinje og Seljord var høvelege stader å gjennomføre talemålsundersøkinga på. Ein må hugse på at skulen er ein sosial møtestad for ungdomane, der dei brukar mykje tid saman med sine jamaldrande vener. Såleis er det kanskje nettopp her ein kan få best mogleg dokumentasjon på korleis dei snakkar til dagleg. Samstundes er det truleg òg tryggare omgjevnader enn om ein til dømes skulle ha valt andre offentlege stader å gjennomføre undersøkinga på, for då kunne situasjonen vorte endå meir formell og framand. For dette talemålsprosjektet hadde det nok difor vore ein dårleg kombinasjon dersom informantane både hadde visst at samtala vart teken opp på band, samstundes som dei hadde vorte intervjuet på ein stad dei ikkje hadde følt seg komfortable eller heime. Då kunne ein i så fall risikert å ha fått mykje feilinformasjon.

Dette er derimot ein situasjon som eg meiner kan gje ulike utfall. Forskarar har gjerne fokusert på at dess meir unaturleg og formell situasjonen er, dess færre tradisjonelle former vil intervjuobjekta bruke. Men i denne samanhengen bør ein òg hugse på at det i små bygdesamfunn gjerne kan vere konservative forventningar om å snakke meir tradisjonsnært. Det å halde på dialekten er trass alt ein viktig faktor i mange bygdesamfunn, og 'krav' frå lærarar, foreldre og lokalsamfunnet generelt om å snakke 'rett' bygdemål, kan difor vere med på å få informantane til å bruke fleire tradisjonelle former. I denne samanhengen er nok mange ungdomar fullt klar over korleis dei sjølve snakkar i høve til korleis til dømes foreldre eller andre meiner dei 'burde' snakke. Haldningane til foreldra om å snakke meir dialekt kan

dermed ha ein innverknad når dei veit at dei vert observert, eller når dei veit at nokon er ute etter å 'måle' talemålet deira. Sidan informantane veit at det handlar om ei dialektgransking, kan ein risikere at dei tek i bruk fleire tradisjonelle former enn dei eigentleg gjer til vanleg.

Dilemmaet for forskaren vert altså om ein eigentleg får ærlege utsegner frå informantane. Med andre ord, kan ein stole på dei? Det er sjølvst sagt svært vanskeleg å vite korleis kvar informant vil reagere på nettopp ein slik situasjon, men ei samanlikning mellom talemålsformene i spørjeskjemaet og intervjuet kan vere eit godt hjelpemiddel for å få svar på om den einskilde informanten korrigerer talemålet sitt etter situasjonen. Intervjuforma er trass alt ein meir spontan og direkte metode, der informantane ikkje får høve til å tenkje gjennom svara sine på same måte som til dømes i eit spørjeskjema.

Til saman åtte av informantane frå Vinje og Seljord fekk fri frå timen slik at dei kunne møte meg for ein liten prat. I Vinje fekk eg låne eit av klasseromma til denne delen av undersøkinga, noko som fungerte bra. I Seljord var det derimot ingen ledige klasserom, så eg vart beden om å intervju elevantane inne på lærarrommet. Dette syntest eg derimot var ei svært uheldig løysing med tanke på at eg ønskte situasjonen skulle verte mest mogleg naturleg og uformell for elevantane. Dersom vi skulle ha sete i ein krok på lærarrommet, måtte elevantane både ha snakka med meg medan dei vart tekne opp på band, samstundes som lærarar ville hatt matpause bak dei. Då kunne fort intervjuet ha vorte temmeleg mislukka. Eg prøvde difor å finne ein meir eigna stad, og var så heldig å få låne eit ledig rom lenger inn i gangen. Dette trur eg var svært bra med tanke på korleis utfallet av intervjuet kunne ha vorte dersom vi måtte ha sete på lærarrommet.

3.3 Informantane

3.3.1 Informantutval

Kvantitativ og kvalitativ metode inneber ulike måtar å studere språkleg variasjon og endring på, noko som vidare vil ha innverknad på informantutvalet. Medan ein i kvantitative undersøkingar gjerne vil ha statistisk representativt utval av informantar, er ein i kvalitative undersøkingar gjerne ute etter strategisk informantutval (Akselberg og Mæhlum 2003: 77). I kvantitative undersøkingar vil ein at informantane skal spegle talemålssamfunnet ein undersøker på ein god måte, og då vil blant anna *tilfeldig utval* vere sentralt. Dette skil seg klart frå den klassiske dialektologien, der ein berre valde ut dei informantane som oppfylte dei typiske kriterier for det aktuelle lokalsamfunnet, eller som bruka flest mogleg eldre eller

tradisjonelle talemålstrekk (sjå 2.2.1). I denne avhandlinga har eg lagt meg på ein slags mellomposisjon. Alle elevane i klassene har fått høve til å svare på spørjeskjemaet, men eg har gjort eit medvite utval ved til dømes ikkje å ta med innflyttarar med annan dialektbakgrunn som informantar. Ein må hugse på at det er ein skilnad mellom å gjennomføre ei talemålsgransking i eit bysamfunn og eit bygdesamfunn. Det handlar på mange måtar om heilt ulike sosiale og kulturelle tilhøve, og såleis kan ein seie at “what works in the village does not work in the town” (Chambers og Trudgill 1998: 47).

Det vil med andre ord ikkje verte det same å ha fritt utval av informantar i denne avhandlinga, sidan det faktisk er stoda til *vesttelemålet* eg studerer. Difor er det informantane som er oppvaksne i bygda og som snakkar det lokale talemålet som vil stå i sentrum. Å ta med innflyttarar som i utgangspunktet har ein heilt annan dialektbakgrunn, vil etter mi meining gje eit feil bilete av korleis stoda i det tradisjonelle bygdemålet er. Men talet på informantar med annan dialektbakgrunn vil likevel vere viktig å ha med i ei eventuell tolking av kva som kan vere *bakgrunnen* for utviklinga. Dersom til dømes talet på innflyttarar er svært høgt, kan det vere med på å forklare kvifor ungdomane eventuelt vel bort tradisjonelle former. Når alle elevane får høve til å svare på skjemaet, kan ein dessutan samla sett få ein god oversikt over til dømes foreldrebakgrunnen deira, talet på innflyttarar blant elevane og liknande. Så sjølv om ungdomar med annan talemålsbakgrunn ikkje vert rekna med i informantgrunnlaget og talmaterialet over bygdemålet, er det viktig å poengtere at dei likevel kan utgjere ein sentral bakgrunnsfaktor for talemålssituasjonen i Vest-Telemark.

3.3.2 Utveljingskriterium

At ein må oppfylle visse krav for å verte karakterisert som informant, har vore vanleg både innanfor den tradisjonelle dialektologien og store delar av den sosiolingvistiske forskinga. Informantane skulle gjerne vere fødde og oppvaksne i lokalsamfunnet, og minst éin av foreldra deira skulle vere frå staden (Akselberg og Mæhlum 2003: 82). I talemålsprosjektet “Talemålsendring hjå ungdom på Voss” (TUV) var til dømes kravet for å verte karakterisert som ‘vossing’ at ein skulle ha budd på Voss frå før ein var fem år gammal, i tillegg til at minst éin av foreldra måtte vere frå Voss (Akselberg 2002a: 94).

Informantane mine måtte oppfylle liknande krav for å verte karakterisert som anten ‘vinjebuar’ eller ‘seljording’ (og på eit meir regionalt nivå: ‘vest-telemarking’). Men eg sette derimot ikkje som krav at minst éin av foreldra måtte kome frå kommunen, for i denne avhandlinga er eit av måla nettopp å sjå kva innverknad foreldrebakgrunnen kan ha på språkvala til dei unge (jf. *hypotese 3* under 1.2). Dei ungdomane som ikkje har foreldre frå

kommunen, har difor vorte rekna med i informantutvalet. Her st r eg meg blant anna p  HERNES, som i si gransking av talemålet i OS  nskte   finne ut “korleis ungdomar som er oppvaksne p  OS oppfattar og utnyttar dei spr klege normene dei er omgjevne av, uavhengig av foreldrebakgrunn” (HERNES 2006: 82).

N r det gjeld kriteria som informantane m tte oppfylle for   verte rekna med i informantutvalet, m tte dei for det fyrste ha budd og vakse opp i kommunen. Eg hadde derimot ikkje som krav at dei m tte ha budd i kommunen heile livet, men sette ei grense ved fem  r. Dei som hadde flytt til kommunen etter fylte fem  r, skulle opplyse kvar dei i s  fall hadde budd f r den tid. To informantar opplyste at dei hadde budd i ein av nabokommunane. Desse valde eg   ta med i unders kinga, for eg meiner dei har same utgangspunkt som dei informantane som kjem fr  Seljord og Vinje. B e har vakse opp i Vest-Telemark og snakkar vesttelemålet sj lv om dei ikkje har budd i den aktuelle kommunen f r etter fylte fem  r. Men dersom det var informantar som kom fr  heilt andre stader av landet og s leis hadde ein heilt annan dialektbakgrunn, tok eg dei ikkje med.

Sidan denne avhandlinga er ei gransking av vesttelemålet, m tte ungdomane for det andre bruke visse grunnleggjande og karakteristiske talem lstrekk ved vesttelemålet for   verte med i informantutvalet. Dette vil alt  seie s reigne og markerte trekk som klart skil seg fr  dei meir utbreidde sentralaustlandske formene. Her st r eg meg p  nokre av m lmerka som Papazian stilte som krav for sine informantar fr  Numedal. Han valde ut ei rekkje former som han sette opp som typiske bygdem lsformer, blant anna nektingsadverbet *ikkje* og personleg pronomen i eintal og fleirtal (*e*, *me*). P  den m ten ville han kunne dele inn informantane etter om dei snakka bygdemålet eller ikkje (Papazian 1997: 179). Dessutan reknar ein gjerne personleg pronomen og nektingsadverbet for   vere dei spr ktrekka som held seg lengst i spr ket, slik at dei gjerne er dei siste som vert bytt ut i talemålet til innflyttarar som elles har lagt om (Thoengen 1999: 65). Dette er med andre ord variablar som vil vere tydelege mark rar for talemålet i det lokalsamfunnet ein har vakse opp, og som Sand y meiner mange difor vil oppfatte som “sosialt  rleg vare” (Sand y 1993: 78).

Papazian  nskte   skilje mellom dei tradisjonelle bygdem lsbrukarane p  den eine sida og ‘alle dei andre’ p  den andre. I teorien er nok dette ein god m te   dele inn informantar p , men truleg verre i praksis. Ein kan nok finne fleire d me p  informantar som er st  i bruken av tradisjonelle former, og som dermed vil verte karakteriserte som bygdem lsbrukarar. I tillegg vil ein nok  g finne fleire informantar som ikkje brukar tradisjonelle former, og som dermed ikkje vil verte karakteriserte som bygdem lsbrukarar. Men kva med alle dei informantane som kanskje er ein stad midt imellom, og som brukar tradisjonelle og nyare

former om kvarandre? Kor mange tradisjonelle former må ein ha i talemålet sitt for å verte karakterisert som ein bygdemålsbrukar? Dette er vanskelege spørsmål å svare på, og truleg er det opp til den einskilde forskaren kvar han ønskjer å setje grensa. Men språksamfunnet er trass alt ikkje eit svart-kvitt-samfunn; talemålet er i stadig endring, og difor kan det vere svært vanskeleg å setje brukarane inn i klare båsar som dette. Likevel meiner eg at ein bør setje eit kriterium for å skilje ut dei som brukar tradisjonelle former, og dei som ikkje gjer det.

Eg har difor valt å ha noko av det same utveljingskriteriet som Papazian, men tek ikkje med så mange former som han gjer. Sidan målet mitt er å prøve å skilje ut dei informantane som ikkje snakkar bygdemålet i det heile, valde eg formene *eg*, *me* og *ikkje* som eit slags ‘minstekrav’ for å kunne vere med. Dette er saliente og frekvente variantar ved bygdemålet, og dersom ein ikkje brukar desse, så er det svært lite truleg at ein vil bruke nokre av dei andre tradisjonelle variantane heller. Sidan til dømes personleg pronomen i eintal og fleirtal har ulike former i sentralaustlandske bymål og i eit midlandsmål som vesttelemålet, meiner eg desse vil vere ein god måte å luke ut dei ungdomane som snakkar eit meir sentralaustlandsk talemål, frå dei som til dømes snakkar eit midlandsmål. Den tradisjonelle uttalen av personleg pronomen i fyrste person eintal (*eg*) og fleirtal (*me*) og nektingsadverbet (*ikkje*) vil såleis vere ein tydeleg identitetsmarkør for vesttelemålet.⁷ På den måten vil ein kunne klare å luke ut dei som ikkje brukar dei mest sentrale trekka ved vesttelemålet, men som i staden brukar dei meir typiske sentralaustlandske formene *jeg*, *vi* og *ikke*.

Sjølv om informantane måtte oppfylle visse krav for å vere med, var det likevel ikkje mange som fall ut av undersøkinga. Fire informantar frå Seljord og to informantar frå Vinje oppfylte ikkje krava, og vart difor ikkje rekna med i talmaterialet. Til saman enda eg opp med 30 informantar frå Vinje (10 elevar frå 10. klasse, og 20 frå 9. klasse), og 20 informantar frå Seljord (10 elevar frå klasse 10 A, og 10 frå klasse 10 B).

Klasse	Seljord		Vinje	
	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter
9. klasse			8	12
10. klasse	10	10	2	8
Sum	20 informantar		30 informantar	

Tabell 3.1: Oversyn over dei til saman 50 informantane frå Seljord og Vinje.

⁷ For eit meir detaljert oversyn over personlege pronomen i norske dialektar, sjå til dømes dialektkart i Helleland og Papazian 1981: 36, Sandøy 1993: 176 eller Skjekkeland 1997: 268.

4. DEI SPRÅKLEGE VARIABLANE

4.1 Avgrensing

Folk frå andre stader med annan dialektbakgrunn vil truleg ha problem med å høyre skilnad i talemålet mellom dei ulike bygdesamfunna i Vest-Telemark. Men Vest-Telemark strekkjer seg over eit stort geografisk område og femner om ei rekkje kommunar, så det er naturleg nok visse nyansar i talemålet alt etter kvar ein er. Dei fleste av dei som er oppvaksne i området og snakkar den lokale dialekten, vil nok høyre skilnad på kvar folk kjem frå. Ein av dei meir tydelege skilnadene mellom til dømes Vinje og Seljord er at realiseringa av konsonantsambandet av norrøn *ll* vert til *dd* i Vinje. I Vinje vil ein dermed seie *fjødd* (fjell), medan ein i Seljord vil seie *fjoll*. Ein annan skilnad er at ein i Vinje har innskotsvokal i presens av sterke verb (til dømes *søve*), noko ein ikkje har i Seljord (*søv*).

Det finst altså fleire nyansar i talemålet som ein kan finne mellom dei ulike bygdesamfunna i Vest-Telemark, men eg skal ikkje ta føre meg slike mindre skilnader. Sidan målet med avhandlinga er å sjå i kva grad vesttelemålet vert påverka av talemål frå det sentrale Austlandet, vil eg heller fokusere på dei store linjene, altså på dei særeigne, tradisjonelle målmerka som er felles for heile regionen. Når det gjeld kva språklege variablar eg ønskjer å ta med, vil desse difor vere markerte trekk ved vesttelemålet som ein kan finne både i talemålet i Vinje og Seljord.

Ein kan finne språklege variasjonar både innom det syntaktiske, det semantiske, det prosodiske, det leksikalske, det fonologiske og det morfologiske nivået (Akselberg 2002c: 37). Spørsmålet er kva ein skal ta med og ikkje, og ein del av desse nivåa har eg medvite valt å sjå bort frå. Det kunne sjølvstøtt vore interessant å ha sett nærare på dei leksikalske tilhøva, for det går nok føre seg store endringar innanfor ordtilfanget i vesttelemålet. Som i så mange andre dialektar er nok mange ord og uttrykk i ferd med å verte borte, særleg dei som av samfunnsmessige grunnar vert stadig mindre bruka. I tillegg vert mange særeigne bygdemålsord bytt ut med ord som vert bruka av langt fleire talemålsbrukarar og som såleis gjerne vert sett på som meir frekvente og 'vanlege' over eit større område. Eg har likevel valt å sjå vekk frå det leksikalske nivået, for eg meiner det vert svært vilkårleg og vanskeleg å gje ein klar oversikt over resultatane ein får. Eg har òg valt å sjå bort frå dei semantiske, syntaktiske og prosodiske tilhøva. Her samsvarar nemleg gjerne dialektbruken med andre målføre i

Noreg, så det er truleg problematisk å setje fingeren på noko som går tapt eller endrar seg på dette området.

Dei fleste sosiolingvistiske granskingane har teke føre seg fonologiske endringar, altså endringar i uttalen (Hudson: 173). Eg har valt å fokusere på *fonologiske* og *morfologiske* endringar, for dette er endringar som er enkle å høyre, og som vil ha stor innverknad på den systematiske strukturen ved vesttelemålet. Spørjeskjemaet inneheld difor éin fonologisk og sju morfologiske variablar. Dette er variablar som har karakteristiske realiseringar i det tradisjonelle vesttelemålet, men som eg har ein mistanke om er i ferd med å endre seg hjå dei unge.

For at det skal vere enklare å lese gjennom materialet, har eg valt å la dei ulike uttalevariantane verte framstilte i form av vanlege kursiverte bokstavar. Dette var noko eg gjorde i spørjeskjemaet òg, slik at det ikkje skulle føre til uvisse og misforståingar hjå informantane. Ordformer med palatal uttale av velarar i innlyd vert til dømes skrivne med vanlege bokstavar, altså med *kj* og *kkj* (til dømes *tekje* og *bekkjen*).

4.2 Fonologisk variabel:

4.2.1 Variabel 1: Palatalisering

Palatalisering av velarar i innlyd byggjer på den morfofonologiske regelen som seier at velare konsonantar vert palataliserte framfor endingane *-e* og *-i*.⁸ Denne regelen har bakgrunn i norrønt, der ein fremre ikkje-låg vokal kom bak den velare konsonanten. Det oppstod såleis ein allofon av den velare konsonanten ved at den fremre vokalen påverka konsonanten mot palatalisering (Sandøy 1993: 46). Dette førte vidare til at velare konsonantar gjekk over til å verte palatale, noko ein kan finne i ei rekkje norske dialektar den dag i dag. Palataliseringa har dermed grunnlag i bøyingsystemet i norrønt, der ein til dømes hadde følgjande rekkje: *bakki – bakkinn – bakkar* (Skjekkeland 1997: 98). I Vest-Telemark vil ein i denne samanhengen seie *ein bakkje – bakkjen – bakkar – bakkan*. Her ser ein altså at det er ei veksling mellom ikkje-palataliserte og palataliserte former, avhengig av kva bøyingsystemet var i norrønt. Eventuelle nye ord som kjem inn i vesttelemålet, vil dermed òg følgje dette systemet. Når det til dømes er snakk om eit nyare ord som *trøkk*, vil ein i Vest-Telemark seie *ein trøkk – trøkkjen – trøkkar – trøkkkan*.

⁸ Når den lydlege endringa berre skjer i visse grammatiske kategoriar som her, så har vi ein morfofonologisk regel (Skjekkeland 1997: 98). Morfofonologiske reglar er igjen ei undergruppe av fonologiske reglar.

Palatal uttale i innlyd har ført til at ein i vesttelemålet såleis har fått dei karakteristiske konsonantgruppene *gj, kj, ngj, nkj, ggj* og *kkj*, der ein då til dømes vil seie *vejen, takjet, songjen, tankjen, veggjen* og *bekken*. Det er derimot heller lite av dette språktrekket elles på Austlandet, og fleire stader går ein i staden over til ikkje-palataliserte former (sjå til dømes Helleland 1981: 22, Sandøy 1993: 68 og Skjekkeland 1997: 98). Men er desse formene no i ferd med å verte innførte i vesttelemålet òg? Med andre ord, er palatalisering av velarar i innlyd i ferd med å gå ut av bruk, slik som er tilfellet i dei fleste andre dialektane på Austlandet? Det er godt mogleg at Vest-Telemark går gjennom ei liknande utvikling, og nettopp difor vart informantane testa i ulike former for palatalisering. Ved denne variabelen inneheld spørjeskjemaet både substantiv (til dømes *vejjen*) og partisippformer av verb (til dømes *heve tekje*).

4.3 Morfologiske variablar:

Spørjeskjemaet inneheld sju morfologiske variablar, og desse skal eg gå nærare inn på i dei følgjande avsnitta. Men når det gjeld dei tre fyrste av dei morfologiske variablane (altså variabel 2, 3 og 4), så vil eg kort seie litt om desse: Eit svært karakteristisk trekk ved vesttelemålet er nemleg at det framleis held på dei tre trykklette endingsvokalane *a, i* og *u* i substantiv, til dømes i former som *gutar, gjestir* og *jentur*. Desse trykklette endingsvokalane eller fullvokalane vert gjerne karakteriserte som “vokaltreklangen i midlandsmålet” (Venås 1990: 48), og har vore dei tradisjonelle endingsvokalane i både hankjønns- og hokjønnsord. Men over store delar av Skandinavia har fullvokalane i dag vorte reduserte til *-er* (Sandøy 1993: 117). Mange dialektar vert med andre ord utsette for ei morfologisk forenkling, der ein i staden går over til eit meir utbreidd og forenkla bøyingsystem. Dette er ei utvikling som ein ser ei rekkje stader i Noreg òg, der endingane *-ir* og *-ur* har falle saman i *-e(r)*, medan *-ar* held seg som *-ær/-æl/-ar/-a* (Skjekkeland 1997: 143). For å sjå om fullvokalane i vesttelemålet òg er i ferd med å verte assimilererte til dei meir utbreidde endingane *-er* og *-ar*, vil difor spørjeskjemaet innehalde tre variablar på dette typiske målmerket, éin variabel for kvar endingsvokal.

4.3.1 Variabel 2: Fleirtal av sterke hankjønnsord (a-klassa, u-klassa, r-klassa i norrønt)

Vesttelemålet har *a*-ending i bunden og ubunden form fleirtal, og av dei tre fullvokalane er det truleg *a*-endinga som held seg best, men ein bør likevel ta henne med for å kunne

samanlikne henne med dei andre endingane. Ord med *a*-ending kan vere til dømes *armar*, *gutar*, *fjordar*.

4.3.2 Variabel 3: Fleirtal av sterke hankjønnsord (i-klassa i norrønt)

Når det gjeld den andre av dei tre fullvokalane, får sterke hankjønnsord i *i*-klassa den karakteristiske *ir*-endinga i fleirtal. Vesttelemålet har til dømes fleirtalsformer som *jestir* (gjester), *grisir* (grisar), *sauir* (sauer), *vejjir* (veggar) og *bekkjir* (bekkar), men fleire stader i landet ser ein no ein tendens til at *ir*-endinga er i ferd med å gå over til den meir utbreidde *er*- eller *ar*-endinga. Dette var til dømes utfallet i granskinga som Martin Skjekkeland gjorde av talemålet i Bø i 1980, der det den gongen gjekk føre seg ei sterk utjamning og overgang til *ar*- eller *ær*-ending (Skjekkeland 1980: 145). Det er difor godt mogleg at dette er ei utvikling som på desse snart 30 åra kan ha nådd nabokommunane i Vest-Telemark òg.

4.3.3 Variabel 4: Fleirtal av svake hokjønnsord

Ved den tredje av dei tre fullvokalane har vesttelemålet endinga *-ur* i fleirtal av svake hokjønnsord, til dømes i ord som *visur* (viser), *jentur*, (jenter) og *kåpur* (kåper). Den tradisjonelle *ur*-endinga kan derimot vere under press, for mange stader i landet har ein no gått over til den meir utbreidde *er*-endinga i staden. På den andre sida kan det òg hende at *ur*-endinga vil halde seg godt i vesttelemålet, for i fleire dialektar har ein nemleg klart å halde på denne endinga, og i Sør-Noreg vil dette særleg vere dialektar i fjellbygdene.

4.3.4 Variabel 5: Bunden form eintal av sterke hokjønnsord

I norrønt var det ulik ending i bunden form eintal av sterke og svake hokjønnsord, og dette ser ein døme på i fleire norske talemål i dag (Skjekkeland 1997: 131). Denne delinga finn ein òg i vesttelemålet, der svake hokjønnsord har *a*-ending (til dømes i ord som *jenta*, *dama*), medan sterke hokjønnsord har *i*-ending (til dømes i ord som *bygdi*, *myri*, *solli*). Når det gjeld sterke hokjønnsord, er det ei todeling i Vinje. Her kan nemleg substantiva ha både *i*- og *e*-ending, alt etter kvar folk bur i kommunen. Ein kan elles finne *e*-ending både i Tinn, Hovin, Hjartdal og Mo, men i Rauland, Seljord, Kviteseid og Lårdal er det *i*-ending (Venås 1990: 52). Resultata frå Vinje vil nok difor vise at nokre av informantane her vil seie *bygdi*, medan andre vil seie *bygde*. Eg kjem ikkje til å ta føre meg dette meir lokale skiljet innanfor eiga kommunegrense, for det sentrale her er at talemålet i indre Telemark har *ulik ending* i sterke og svake hokjønnsord. Det at ein skil mellom sterke og svake hokjønnsord, er eit særmerkt trekk ved talemåla i fjellbygdene midt i landet (Venås 1977: 87). I dei austlandske talemåla skil ein

ikkje mellom sterke og svake hokjønnsord, så der vil ein berre ha *a*-ending (til dømes *jenta*, *bygda*). At ein har ulik ending i sterke og svake hokjønnsord, vert difor rekna som sjølv hovudskiljemerket mellom midlandsmåla på eine sida og austlandske talemål på andre. Men spørsmålet er om dette no er i ferd med å endre seg, slik at den sterke bøyinga vil følge systemet til den svake. Dersom dette skiljet vert borte, kan det vere eit teikn på at eit midlandsmål som vesttelemålet slik sett er i ferd med å følge bøyingsystemet til dei austlandske talemåla.

4.3.5 Variabel 6: Presens av sterke verb i 6. og 7. klasse

I norrønt var presensformene av sterke verb einstava i eintal og hadde *i*-omlyd i rotvokalen (Skjekkeland 1997: 173). Slike former finn ein i ei rekkje dialektar over heile landet i dag, og også i vesttelemålet har sterke verb i 6. og 7. klasse fått ei slik endring av rotvokalen i presens. Dermed har til dømes infinitivar som *draga*, *slå*, *blåse*, *få* og *gange* fått formene *dreg*, *slær*, *blæs*, *fær* og *gjeng* i presens. I sentrale austlandske talemål er derimot rotvokalen i desse verba uendra i alle formene av verbet. Her vil ein såleis seie *dra* – *drar*, *slå* – *slår*, *få* – *får* og *gå* – *går*.

4.3.6 Variabel 7: Partisippforma av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse

Når det gjeld partisippforma av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse, vil dei tradisjonelle formene vere til dømes *gjeve*, *legje*, *tekje*, *stae* og *fengje*. Desse skil seg mykje frå formene ein kan finne i talemål på det sentrale Austlandet, der partisippformene i staden vil vere *gitt*, *ligget*, *tatt*, *stått* og *fått*.

4.3.7 Variabel 8: Diftong i preteritum i 2. klasse av sterke verb

Den tradisjonelle uttalen av diftongen i 2. klasse av sterke verb er *au*, til dømes i ord som *fraus*, *rauk* og *laug*. Talemålsforskinga kan derimot vise til at diftongen *øy* (*frøys*, *røyk*, *løyg*), som er karakteristisk for talemål på det sentrale Austlandet, er på kraftig frammarsj. Spreiinga av *øy*-diftongen byrja truleg i Oslo-området rundt 1900, og har fram til i dag hatt stor påverknad på talemål som opphavleg har hatt *au*-diftong (Sandøy 2003a: 226). Særleg er det talemål i byar og sentrale område som har teke i bruk *øy*-diftongen, men det er godt mogleg at denne er i ferd med å verte vanleg i bygdemåla i Vest-Telemark òg. Sidan det er ein tendens

til at det er dei folkelege bymålsformene som spreier seg i staden for prestisjeformene i byane, er det godt mogleg at det er *øy*-diftongen og ikkje *ø*-monoftongen som spreier seg.⁹

I tillegg har eg tenkt å sjå på korleis *ei*-diftongen held seg. Men i motsetnad til kva som er tilfellet med *au*-diftongen, finst *ei*-diftongen òg i folkelege bymål elles på Austlandet. *Ei*-diftongen er difor på mange måtar ikkje så særreigen for talemålet i Vest-Telemark som det *au*-diftongen er. Dermed vil det kanskje vise seg at *ei*-diftongen held seg bra i vesttelemålet, for det er nok lite truleg at han er i ferd med å verte erstatta av den reine monoftongen *e* (til dømes *slet*).

4.4 Tradisjonelle og nyare former

Tabellen nedanfor viser eit oversyn over dei åtte variablane i denne granskinga, inndelt etter tradisjonelle og nyare former. Dei tradisjonelle formene er altså dei særreigne formene ved vesttelemålet som har vorte overførte frå generasjon til generasjon, medan dei nyare formene er former som har kome inn i nyare tid, anten som følgje av analogi eller ved at dei stammar frå andre talemål, då gjerne former som er typiske for talemål på det sentrale austlandsområdet.

Variabel	Tradisjonelle former	Nyare former
1: Palatalisering	<i>tekje, fenje, vejjen, bekkjen, vejen</i>	<i>tekel tatt, fengelfått, veggen, bekken, vegen</i>
2: Fl.t. st. hankj. (<i>a</i> -, <i>u</i> -, <i>r</i> -kl.)	<i>gutar</i>	<i>guttar, guttær, gutter</i>
3: Fl.t. st. hankj. (<i>i</i> -kl.)	<i>gjestir, sawir, grisir, vegg(j)ir, bekk(j)ir</i>	<i>gjester, sauer, grisarl/griser, veggarl/vegger, bekkarl/bekker</i>
4: Fl.t. svake hokjønnsord	<i>jentur, visur</i>	<i>jenter, viser</i>
5: Bunden form eint. st. hokj.	<i>bygdi(e), myri(e)</i>	<i>bygda, myra</i>
6: Pres. st. verb 6. og 7. kl.	<i>stend, gjeng</i>	<i>står, går</i>
7: Part. st. verb 5., 6. og 7. kl.	<i>gjeve, stae, tek(j)e, feng(j)e</i>	<i>gitt, stått, tatt, fått</i>
8: Diftong i pret. st. verb 2. kl.	<i>fraus, laug, rauk, sleit</i>	<i>frø(y)s, løy(g), rø(y)k, slet</i>

Tabell 4.1: Oversyn over alle variablane, inndelt etter tradisjonelle og nyare talemålsformer.

⁹ I språkforskinga har ein òg sett på framveksten av *øy*-diftongen som ei *kompromissform* mellom prestisjeformene med *ø*-monoftong og den eldre *au*-diftongen (Sandøy 1993: 107).

5. ENDRINGAR I VESTTELEMÅLET

I dette kapitlet presenterer eg resultatane frå talemålsgranskinga i Seljord og Vinje, før eg deretter ser endringstendensane i samanheng med dei sosiale bakgrunnsvariablane. Resultata er kvantifiserte og rekna ut på bakgrunn av det informantane har opplyst i spørjeskjemaet. I denne samanhengen har eg brukt statistikkprogrammet “Statistical Product and Service Solutions for Windows” (SPSS 15.0), og alle utrekningane som er gjorde under handsaminga av resultatane frå undersøkinga, er kontrollerte mot resultatane frå statistikkprogrammet. På denne måten har alt vorte dobbeltkontrollert for eventuelle reknefeil. Alle utrekningane, grafane og tabellane som vert presenterte i kapittel 5, har såleis grunnlag i den rapporterte språkbruken til informantane. Men sidan eg i tillegg har hatt samtaler med åtte av informantane etterpå (sjå 3.2.1), har den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet vorte samanlikna med den faktiske under intervjudelen. På denne måten har ein fått høve til å kontrollere om språktrekka informantane har opplyst i spørjeskjemaet, faktisk samsvarar med kva språklege former dei har bruka under intervjudelen (sjå 5.2), og om det på bakgrunn av dette er grunnlag til å stole på dei språklege dataa frå granskinga.


5.1 Det rapporterte talemålet

I dei følgjande sidene vil eg presentere dei språklege dataa som informantane har opplyst om i spørjeskjemaet. På bakgrunn av desse opplysningane får ein blant anna eit oversyn over dei geografiske skilnadene, det vil seie dei språklege skilnadene mellom kommunane Seljord og Vinje. Dersom materialet viser ein tendens til å støtte hypotese 2, nemleg at ungdomar frå Seljord brukar færre tradisjonelle former enn ungdomar frå Vinje, vil det kunne støtte hypotese 1 om at vesttelemålet mistar stadig fleire tradisjonelle former som ei følge av påverknaden frå sentralaustlandske talemål (jf. hypotesane i 1.2).

5.1.1 Variabel 1: Palatalisering

I spørjeskjemaet skulle informantane svare på kva former dei brukar i substantiv og partisippformer av verb, der dei tradisjonelle uttaleformene viser seg gjennom palatalisering av velarar i innlyd, altså at ein seier *gj*, *kj*, *ngj*, *ggj* og *kkj*. To av variablane var partisippformer av verb (*tekje*, *fenje*) og tre av dei var substantiv (*vejjen*, *bekken* og *vejen*). Bruken av palatalisering viste svært tydelege skilnader mellom informantane frå Seljord og

Vinje. Opplysningane frå spørjeskjemaet viser nemleg at tradisjonsprosenten både ved substantiv og verb er mykje høgare blant informantane i Vinje enn i Seljord.




Figur 5.1: Tradisjonsprosent for palatalisering i innlyd.

Dersom ein ser nærare på substantiva, viser det seg at den tradisjonelle uttaleforma *vejen* vert bruka av 19 av 30 informantar frå Vinje (63 %), mot berre 2 av 20 informantar frå Seljord (10 %). Også ved substantivet *bekken* viser det seg å vere klare skilnader. 25 av 30 informantar frå Vinje (83 %) opplyser at dei brukar den tradisjonelle uttaleforma *bekkjen*, mot berre 2 av 20 informantar frå Seljord (10 %). Det verkar dessutan òg som at fleire av dei tradisjonelle uttaleformene har gått heilt ut av bruk blant ungdomane i Seljord. Over halvparten av informantane frå Vinje (16 av 30) brukar den tradisjonelle uttalen *vejjen*, medan ingen av informantane frå Seljord opplyser at dei brukar denne lenger (0 %).

Det er det same mønsteret ved verba som ved substantiva. Ved verbet *teke* opplyser heile 25 av 30 informantar frå Vinje (83 %) at dei brukar den tradisjonelle forma *tekje*, medan berre 2 av 20 informantar frå Seljord (10 %) gjer det same. Ved partisippforma av verbet *få* har 19 av 39 informantar frå Vinje (63 %) den tradisjonelle uttaleforma *fenje*, medan denne er heilt erstatta av andre former i Seljord (0 %). I staden har eit fleirtal av informantane frå Seljord (60 %) forma *fått*, medan resten (40 %) har forma *fenge* utan palatalisering. Den meir utbreidde forma *fått* er typisk for meir sentralaustlandske talemål, og det kan altså verke som om over halvparten av informantane frå Seljord har teke i bruk denne i staden.


5.1.2 Variabel 2: Fleirtal av sterke hankjønnsord (a-klassa, u-klassa, r-klassa i norrønt)



Figur 5.2: Tradisjonsprosent for *ar*-ending i fleirtal av sterke hankjønnsord.

Ved denne variabelen inneheldt spørjeskjemaet substantivet *gutar*. På førehand rekna eg med at den tradisjonelle *ar*-endinga ville halde seg godt blant ungdomane, noko som viste seg å stemme bra. I Vinje held han seg svært godt. Her opplyser heile 28 av 30 informantar (94 %) at dei brukar den tradisjonelle forma *gutar*, medan dei siste to informantane har formene *guttar* (3 %) og *gutter* (3 %). I Seljord har 15 av 20 informantar den tradisjonelle forma *gutar*, (75 %), medan dei siste fem brukar formene *gutter* (10 %), *guttar* (5 %) og *guttær* (10 %) i staden. Desse talemålstrekka er typiske lenger aust i Telemark og i meir sentrale strok.

5.1.3 Variabel 3: Fleirtal av sterke hankjønnsord (i-klassa i norrønt)




Figur 5.3: Tradisjonsprosent for *ir*-ending i sterke hankjønnsord (*i*-klassa i norrønt).

Ved denne variabelen inneheldt spørjeskjemaet fem substantiv: *gjester, sauer, grisar, veggjar* og *bekkar*. Her viste det seg å vere store skilnader mellom kommunane. Medan *ir*-endinga held seg bra i Vinje, går ho i stadig større grad ut av bruk i Seljord. I Vinje opplyser nemleg heile 28 av 30 informantar (93 %) at dei brukar den tradisjonelle forma *sauir*, mot berre 7 av 20 (35 %) i Seljord. Over halvparten av informantane frå Vinje, det vil seie 17 av 30 (57 %), har forma *gestir*, medan berre 2 av 19 informantar (11 %) har denne i Seljord.

Vidare er det heller få av informantane frå Vinje som har dei tradisjonelle formene *grisir* (10 %), *veggjir/veggir* (23 %) og *bekkjir/bekkir* (17 %). I Seljord er det derimot ingen som har desse formene, så her har dei tydelegvis døydd ut og vorte erstatta av andre former i staden. Felles for både kommunane er altså at den tradisjonelle *ir*-endinga i desse formene stort sett har gått over til *ar*-ending (*grisar, veggjar, bekkar*). Dette er ei utvikling som er sams for mange norske dialektar (Sandøy 1993: 102), men det kan vere vanskeleg å svare på kva dei ulike dialektendringane kjem av, altså om det er indre eller ytre faktorar som spelar inn. Dersom det hadde vore snakk om ytre faktorar som til dømes påverknad frå talemål på det sentrale Austlandet eller frå vikværsk, så ville nok informantane ha gått over til *er*- eller *ær*-ending i staden. Men i dette tilfellet har dei aller fleste av informantane erstatta *ir*-endinga med *ar*-ending. Difor kan mykje tyde på at vi her heller har å gjere med indre faktorar i form av analogi, der formene går over til ei meir produktiv klasse, i dette tilfellet *ar*-ending (sjå 2.4.1 om analogi).


5.1.4 Variabel 4: Fleirtal av svake hokjønnsord



Figur 5.4: Tradisjonsprosent for *ur*-ending i fleirtal av svake hokjønnsord.

Den tradisjonelle endinga i svake hokjønnsord i vesttelemålet er *-ur*. Ved denne variabelen inneheldt spørjeskjemaet substantiva *jenter* og *viser*. I utgangspunktet rekna eg med at den tradisjonelle endinga ville halde seg godt, men resultatata kom som ei overrasking. I Vinje held den tradisjonelle endinga seg godt. Her opplyser 26 av 30 informantar (87 %) at dei har forma *jentur*, og 24 av 30 informantar (80 %) har forma *visur*. I Seljord, derimot, er situasjonen ein annan. Her har 10 av 19 informantar (53 %) den tradisjonelle forma *jentur*, medan berre 6 av 20 informantar (30 %) har forma *visur*. Det verkar altså som om stadig fleire heller går over til å bruke den meir utbreidde *er*-endinga i dei svake hokjønnsorda.


5.1.5 Variabel 5: Bunden form eintal av sterke hokjønnsord



Figur 5.5: Tradisjonsprosent for *i*- eller *e*-ending i bunden form eintal av sterke hokjønnsord.

I vesttelemålet har svake hokjønnsord *a*-ending (*jenta*, *dama*), medan sterke hokjønnsord har *i*-ending (*bygdi*, *myri*, *lii*, *bjørkji*, *solli*). I Vinje kan sterke hokjønnsord ha både *i*- og *e*-ending (sjå 4.3.4). Spørsmålet er om dei sterke hokjønnsorda i vesttelemålet går over til å ha same bøyning som dei svake, altså *a*-ending. Spørjeskjemaet inneheldt dei sterke substantiva *bygda* og *myra*, og resultatata viser klare skilnader mellom kommunane. Dei fleste av informantane frå Vinje har den tradisjonelle bygdeuttalen *bygdi(e)* (27 av 30 informantar, dvs. 90 %) og *myri(e)* (25 av 30 informantar, dvs. 83 %). Dette er derimot ikkje tilfellet i Seljord, for her opplyser berre halvparten av dei 20 informantane at dei brukar den tradisjonelle forma *bygdi* (50%), medan berre 5 av 20 informantar har forma *myri* (25 %). I Seljord har altså svært mange gått over til reine *a*-former i sterke hokjønnsord. Dette er såleis eit klart teikn på at det karakteristiske skiljet mellom sterke og svake hokjønnsord i vesttelemålet er i ferd med å verte borte, i alle fall i meir austlege område som Seljord.

5.1.6 Variabel 6: Presens av sterke verb i 6. og 7. klasse




Figur 5.6: Tradisjonsprosent for endring av rotvokalen i presens av sterke verb i 6. og 7. klasse.

Vesttelemålet har vokalendring i presens av sterke verb i 6. og 7. klasse, til dømes i verb som *draga – dreg, slå – slær, stande – stend, blåse – blæs, få – fær* og *gange – gjeng*.

Spørjeskjemaet inneholdt verba *stend* og *gjeng*. Resultata viser at vokalendringa framleis er svært vanleg i talemålet i Vinje; her opplyser heile 29 av 30 informantar at dei brukar den tradisjonelle uttalen *gjeng* (97 %), medan 27 av 30 informantar har den tradisjonelle uttalen *stend* (90 %). I Seljord har ein del gått over til å bruke formene *står* og *går* i staden, men likevel må ein seie at dei tradisjonelle formene *stend* (12 av 19 informantar, dvs. 63 %) og *gjeng* (15 av 20 informantar, dvs. 75 %) held seg temmeleg godt her òg.

Sidan eg valde å sjå nærare på presensforma, var eg òg interessert i å finne ut om den tradisjonelle uttalen av infinitivsforma (*gange*) held seg like godt. Her vart derimot ikkje resultatet så klart. Nok ein gong brukar dei aller fleste av informantane frå Vinje den tradisjonelle forma *gange* (27 av 30 informantar, dvs. 90 %), men situasjonen er ein heilt annan i Seljord. Her er den tradisjonelle forma i klart mindretal (5 av 20 informantar, dvs. 25 %). Dei aller fleste har altså gått over til å seie *gå* i staden. Dette viser at ein i Seljord er i ferd med å byte ut den tostava infinitiven *gange* med *gå*, men at ein held fram med å bruke den tradisjonelle forma *gjeng* i presens i staden for *går*. I Seljord vil då mange truleg seie til dømes *stå – stend* og *gå – gjeng* i staden for *stande – stend* og *gange – gjeng*. Dette er ei verbbøying som er vanleg lenger aust i Telemark, blant anna i nabokommunen Bø, så det er godt mogleg at påverknaden kjem nettopp derifrå.


5.1.7 Variabel 7: Partisippforma av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse



Figur 5.7: Tradisjonsprosent for tostava partisippformer av sterke verb i 5., 6. og 7. klasse.

I spørjeskjemaet tok eg med partisippformene av verba *gje*, *stå*, *ta* og *få*, og resultatene følgde den same utviklingstendensen som dei føregåande variablane. I Vinje opplyser dei fleste av dei 30 informantane at dei brukar dei tradisjonelle formene *gjeve* (63 %), *stae* (77 %), *tekje/teke* (87 %) og *fenje/fenge* (90 %). Blant dei 20 informantane i Seljord har derimot langt færre formene *gjeve* (21 %), *stae* (16 %), *tekje/teke* (40 %) og *fenje/fenge* (40 %). Mange har i staden erstatta desse med meir utbreidde former som *stått*, *tatt* og *fått*, ei utvikling som kan kome av påverknad frå austlandske bymålstrekk. Når det gjeld den tradisjonelle forma *gjeve*, derimot, har dei fleste av informantane frå Seljord ikkje erstatta denne med den typiske bymålsforma *gitt*, men heller teke i bruk forma *gjedd* (45 %). Dette vil vere eit godt døme på ei mellomform som har etablert seg som ei erstatning for den tradisjonelle forma. I staden for å gå over til ei typisk bymålsform som *gitt*, har ein altså heller møttest på halvvegen, og teke i bruk forma *gjedd* i staden.

5.1.8 Variabel 8: Diftong i preteritum i 2. klasse av sterke verb




Figur 5.8: Tradisjonsprosent for diftong i preteritum i 2. klasse av sterke verb.

Informantane fekk spørsmål om kva preteritumsformer dei bruka ved verba *fryse*, *lyge* og *ryke*, og her viste det seg å vere stor skilnad mellom kommunane i om dei bruka den tradisjonelle *au*-diftongen eller ikkje. Diftongen held seg svært godt i Vinje. Her opplyser heile 27 av dei 30 informantane (90 %) at dei brukar dei tradisjonelle formene *fraus*, *laug* og *rauk*. I Seljord har derimot den austlandske *øy*-diftongen teke meir over. Under halvparten av dei 20 informantane her opplyser at dei brukar dei tradisjonelle formene *fraus* (45 %), *laug* (35 %) og *rauk* (40 %). Dei fleste seier i staden *frøys*, *løyg* og *røyk*. I tillegg til at *øy*-diftongen er typisk for talemål på det sentrale Austlandet, er han blant anna svært utbreidd i nabokommunane aust for Seljord. Ein vil såleis få denne påverknaden nært innpå seg frå fleire kantar, noko som kan vere ein viktig grunn til at *øy*-diftongen sakte men sikkert spreier seg vestover i fylket.

Det verkar derimot som om den tradisjonelle diftongen i preteritumsforma av verbet *sleit* held seg svært godt både i Vinje (100 %) og Seljord (95 %). Ein grunn til det kan vere at det er eit altfor langt sprang å byrje å bruke monoftongen *slet* i staden. Dessutan må ein hugse på at *ei*-diftongen er heilt vanleg i sentralaustlandske talemål òg. Dette er derimot ikkje tilfelle med *au*-diftongen, noko som kan forklare kvifor denne verkar å vere i større fare for å gå ut av bruk i Vest-Telemark.

5.1.9 Spreiingsdiagram



Figur 5.9: Samla oversyn over førekomsten av tradisjonelle former hjå informantane i Vinje og Seljord.

5.2 Det 'eigentlege' talemålet

I dei følgjande sidene vil eg presentere dei språklege dataa frå samtalene eg hadde med dei åtte ungdomane som vart tekne inn til intervju. Her vil eg fyrst og fremst fokusere på skilnadene mellom den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet og den faktiske språkbruken under intervjuet, og eg brukar såleis materialet frå intervjuet for å kontrollere om dei språklege formene som informantane har opplyst om i spørjeskjemaet, faktisk samsvarar med formene dei brukar i ein reell samtalsituasjon. Ved å samanlikne den rapporterte og faktiske språkbruken på denne måten, testar eg ut om materialet er til å stole på. Eg håpar såleis å kome endå nærare talemålsforskninga sitt ideal om korleis informantane 'eigentleg' snakkar til vanleg (jf. 3.2.2).

5.2.1 Rapportert og faktisk språkbruk

Granskinga mi byggjer på to ulike innsamlingsmetodar, og dersom resultata av desse to metodane peikar i same retning, kan det vere eit teikn på at dei er pålitelege (Kristoffersen 1996: 224). Innsamlingsmetodane har såleis gjeve meg språklege data både i form av

rapportert språkbruk (spørjeskjema) og faktisk språkbruk (intervju). Resultata som vart presenterte i 5.1, har grunnlag i kva informantane skriftleg har opplyst om i spørjeskjemaet, altså *den rapporterte språkbruken*. Men kan ein eigentleg stole på at dei har gjeve pålitelege svar på kva dialektformer dei sjølve meiner dei brukar? Det er nemleg ikkje sjølvsagt at det alltid er samsvar mellom dei talemålsformene ein brukar under ei samtale, og dei talemålsformene ein *trur* eller *opplyser om* at ein brukar.

Gjert Kristoffersen (1996: 226) meiner til dømes at “metoden med direkte utspørring er ubrukelig, ikke fordi den ikke er reliabel, men fordi den måler det informanten tror hun eller han sier”. Granskingar viser nemleg at det kan vere store individuelle skilnader i medvitsnivået om eigen språkleg variasjon. Sjølv om dei fleste meiner dei sjølve har eit einsarta og konsekvent talespråk, er nemleg ofte realiteten ein annan (Akselberg og Mæhlum 2003: 130). Skramstad meiner til dømes at det er meir sannsynleg at informantane ikkje har noka faktisk oppfatning av sitt eige språk, og at dei såleis “oppgir dermed kanskje det språket de ønsker å snakke, eller slik de tror at de snakker” (Skramstad 1999: 101).

Men kan ein eigentleg seie at ungdomane frå Seljord og Vinje ikkje anar sjølve kva språklege former dei brukar? Eg vil nemleg heller påstå at ungdomar har ei klar oppfatning av sin eigen dialekt, og at dei veit godt korleis dei snakkar til dagleg. Språklege strategiar og registervariasjon er gode døme på dette, og ein endrar til dømes talemålet sitt etter situasjon og stad. At mange ungdomar til dømes snakkar meir dialekt til foreldra eller besteforeldra sine enn med sine jamaldrande vener, trur eg er noko dei sjølve er fullt klar over. Det kan jamvel vere eit heilt medvite val frå deira side, til dømes for å vise tilhøyrse anten med familie eller vener. Etter mi meining veit nok difor informantane godt korleis dei sjølve snakkar til dagleg, og korleis dei snakkar samanlikna med andre talemålsbrukarar. Men samstundes har dei truleg òg ei kjensle av korleis dei *burde* ha snakka. På spørsmålet om kva dei synest om å leggje om talemålet, svara til dømes ein av informantane: “*Det styggaste æ knoting. Men eg gjer det sjav.*” I denne utsegna er det godt mogleg at ein ser eit underliggjande krav frå lokalsamfunnet om å halde på dialekten. Det vil til dømes alltid vere skilnader i generasjonane når det gjeld haldningar til tradisjonelle og moderne former i talemålet, og slike haldningar er nok noko ungdomane òg er klar over. Mange vil nok difor kjenne seg att i episodar der foreldre eller lærarar kommenterer eller ‘rettar’ på talemålet til dei yngre.

Skilnaden i rapportert og faktisk språkbruk kan dermed ha grunnlag i to tilhøve: På den eine sida kan ungdomane til dømes rapportere at dei brukar fleire tradisjonelle former for å ‘pynte på’ at dei eigentleg brukar færre tradisjonelle former enn dei sjølve føler at dei ‘burde’. Men på den andre sida kan denne overrapporteringa av tradisjonelle former òg vere

eit resultat av eit meir mangfaldig repertoar av talemålsformer, der ein kanskje meir eller mindre umedvite brukar både tradisjonelle og nyare former litt om kvarandre. At ein såleis ikkje er konsekvent i dialektbruken, kan dermed i neste omgang føre til store utslag nettopp i form av over- eller underrapportering.

Så kan ein sjølvsagt spørje seg kva det er vi egentleg måler denne over- eller underrapporteringa mot. På mange måtar vert det vanskeleg å samanlikne den rapporterte språkbruken med den faktiske, i og med at det godt kan hende at informantane over- eller underrapporterer under intervju òg. Difor er kanskje 'faktisk språkbruk' eit omgrep som talemålsforskarar aldri heilt vil klare å måle, i og med at dette vil endre seg etter samtalsituasjon eller -stad, og om den einskilde språkbrukaren er klar over at han eller ho er under observasjon (sjå punkt 3.2.2 om etiske omsyn). Å snakke om ein informant sitt '*eigentlege*' talemål kan difor på mange måtar vere eit uoppnåeleg mål i seg sjølv. Likevel er kanskje intervjusituasjonen det næraste språkforskinga kan kome *idealet* om faktisk språkbruk.

5.2.2 Overrapportering og underrapportering

At den rapporterte språkbruken ikkje samsvarar med den faktiske, kan blant anna vere eit resultat av stor uvisse rundt eigen dialektbruk. Slik sett kan val av språkformer skje meir eller mindre umedvite frå språkbrukaren si side, og det er nettopp i denne samanhengen at informantane kan kome til å over- eller underrapportere kva språkformer dei brukar. Ein kan såleis lett få eit feil bilete av talemålssituasjonen dersom informantane gjev uttrykk for at dei anten brukar fleire tradisjonelle former enn det dei egentleg gjer (altså at dei *overrapporterer*), eller at dei brukar færre (altså at dei *underrapporterer*). For å finne ut om opplysningane i spørjeskjemaet samsvara med ein reell samtalsituasjon, vart difor dei skriftlege opplysningane samanlikna med førekomsten av tradisjonelle former under intervjudelen. Å ta nokre av informantane inn til intervju var såleis eit godt høve til å få kontrollert den rapporterte språkbruken opp mot den faktiske, og dermed sjå nærare på om det var utslag av over- eller underrapportering. Materialet viste at det var nokre mindre avvik mellom den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet og den faktiske språkbruken under intervjuet, men alt i alt vil eg likevel konkludere med at det var eit temmeleg godt samsvar:

Informant	Variabel	Spørjeskjema	Intervju
K1 Seljord	V3: Fl.t. sterke hankj. (<i>i</i> -klassa)	<i>sauer</i>	<i>sauir</i>
M1 Seljord	V3: Fl.t. sterke hankj. (<i>i</i> -klassa)	<i>grisar</i>	<i>grisir</i>
K2 Seljord	V3: Fl.t. sterke hankj. (<i>i</i> -klassa)	<i>grisar</i>	<i>grisir</i>
M2 Seljord	V1: Palatalisering V8: Dift. pret. 2. kl. sterke verb	<i>tekje</i> <i>rauk</i>	<i>teke</i> <i>røyk</i>
K1 Vinje	V3: Fl.t. sterke hankj. (<i>i</i> -klassa)	<i>grisir</i> <i>bekkjir</i>	<i>grisar</i> <i>bekkar</i>
M1 Vinje	<i>(Fullt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk.)</i>		
K2 Vinje	<i>(Fullt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk.)</i>		
M2 Vinje	<i>(Fullt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk.)</i>		

Tabell 5.1: Utslag av overrapportering og underrapportering hjå dei til saman åtte informantane frå Seljord og Vinje som var inne til intervju.

Ein gjennomgang av svara i spørjeskjemaet og utsegnene under intervjuet viser at tre av dei åtte informantane har fullt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk, det vil seie at dei verken over- eller underrapporterer på dei variablane dei har opplyst om i spørjeskjemaet (sjå tabell 5.1). At alle desse tre informantane kjem frå Vinje, kan til dømes vere eit teikn på at ungdomar frå Vinje anten er meir språkleg trygge på kva variablar dei brukar, eller at dei har mindre registervariasjon enn kva ungdomar frå Seljord har.

Når det gjeld dei informantane som ikkje har samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk, så viser dette seg gjennom mindre utslag av over- og underrapportering. To av dei åtte informantane *overrapporterer* under intervjuet samanlikna med den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet (M2 Seljord og K1 Vinje), og desse overrapporterer på to variablar kvar. Vidare *underrapporterer* tre av informantane på éin variabel kvar (M1 Seljord, K1 Seljord og K2 Seljord). Det spesielle er at alle desse tre underrapporterer på variabel 3, det vil seie *ir*-endinga. Dei opplyser nemleg i spørjeskjemaet at dei brukar formene *grisar* og *sauer*, men under intervjuet brukar dei altså den tradisjonelle *ir*-endinga (*grisir*, *sauir*) i staden. Dersom ein ser på den eine personen frå Vinje som ikkje har fullt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk (K1 Vinje), så ser ein at det også her viser seg i form av

overrapportering av variabel 3. At halvparten av alle dei åtte informantane anten over- eller underrapporterer ved variabel 3, kan såleis vere eit teikn på uvisse rundt kva former dei eigentleg brukar i denne bøyingsklassa, eller at dei brukar tradisjonelle og nyare former litt om kvarandre. Det kan difor tyde på at mange kanskje ikkje er konsekvente i bruken av bøyingsendingane til substantiva, noko som kan verte forklara med den tydelege tendensen for at *ir*-endinga er i ferd med å gå ut av bruk i talemålet til dei unge (sjå 5.1.3).

Det er altså nokre avvik i høve til kva informantane har opplyst i spørjeskjemaet, men alt i alt må ein seie at informantane har eit godt samsvar mellom rapportert og faktisk språkbruk. Det er trass alt få utslag av over- eller underrapportering, så det kan verke som om den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet gjev eit godt bilete på korleis det 'eigentlege' talemålet til ungdomane er. Dette gode samsvaret mellom rapportert og faktisk språkbruk kan difor vere eit teikn på at unge frå Vest-Telemark er konsekvente i dialektbruken sin og såleis språkleg trygge på kva dialektformer dei brukar. Dessutan meiner eg at det gode samsvaret òg er eit teikn på at kombinasjonen av dei to innsamlingsmetodane som eg har bruka i denne granskinga, altså spørjeskjema og intervju, har gjeve meg språklege data som er til å stole på.

5.3 Sosiale bakgrunnsvariablar


5.3.1 Kjønn:

Kva for tilhøve er det mellom kjønn og bruken av tradisjonelle talemålsformer? Tidlegare har språkforskinga vist at det som regel er jentene som innfører og byrjar å bruke prestisjeformer, medan gutane i større grad gjerne held på dei tradisjonelle formene. I dag kan derimot mykje tyde på at denne skilnaden er i ferd med å jamne seg ut (sjå 2.3.1). I samband med hypotese 3 for denne avhandlinga (sjå 1.2) ville eg undersøkje om den sosiale bakgrunnsvariabelen kjønn kunne ha noko å seie for språkvala til ungdomane i Seljord og Vinje, og resultatata frå granskinga viser følgjande:


Variabel	Tradisjonell bygdemålsform	Seljord		Vinje	
		Gut	Jente	Gut	Jente
1	<i>bekken</i>	10 %	10 %	80 %	85 %
1	<i>tekje</i>	10 %	10 %	90 %	80 %
1	<i>vejen</i>	20 %	0 %	60 %	65 %
1	<i>vejjen</i>	0 %	0 %	70 %	45 %

1	<i>fenje</i>	0 %	0 %	60 %	65 %
2	<i>gutar</i>	70 %	80 %	100 %	90 %
3	<i>gjestir</i>	20 %	0 %	60 %	55 %
3	<i>sauir</i>	50 %	20 %	100 %	90 %
3	<i>grisir</i>	0 %	0 %	10 %	10 %
3	<i>vejjir/veggir</i>	0 %	0 %	30 %	20 %
3	<i>bekkjir/bekkir</i>	0 %	0 %	10 %	20 %
4	<i>jentur</i>	67 %	40 %	90 %	85 %
4	<i>visur</i>	30 %	30 %	80 %	80 %
5	<i>bygdi(e)</i>	60 %	40 %	90 %	90 %
5	<i>myri(e)</i>	40 %	10 %	90 %	80 %
6	<i>stend</i>	60 %	67 %	90 %	90 %
6	<i>gjeng</i>	80 %	70 %	100 %	95 %
7	<i>gjeve</i>	22 %	20 %	40 %	75 %
7	<i>stae</i>	20 %	11 %	80 %	75 %
7	<i>teke/tekje</i>	30 %	50 %	90 %	85 %
7	<i>fenge/fenje</i>	40 %	40 %	90 %	90 %
8	<i>fraus</i>	60 %	30 %	100 %	85 %
8	<i>laug</i>	40 %	30 %	100 %	85 %
8	<i>rauk</i>	40 %	40 %	100 %	85 %
8	<i>sleit</i>	90 %	100 %	100 %	100 %


Tabell 5.2: Skilnader mellom kjønna når det gjeld bruken av tradisjonelle former.



Figur 5.10: Oversyn over den gjennomsnittlige bruken av tradisjonelle former, inndelt etter kjønn og kommune.



Figur 5.11: Førekost av tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter kjønn.



Figur 5.12: Førekost av tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter kjønn

I Seljord er det like mange jenter som gutar blant informantane, det vil seie ti jenter og ti gutar. Ved elleve av orda i tabell 5.2 brukar gutane fleire tradisjonelle former enn jentene, medan jentene brukar fleire tradisjonelle former enn gutane ved fire av dei. Ved dei resterande ti orda er det ingen kjønnsskilnader. Stolpediagrammet (figur 5.10) og spreingsdiagrammet

(figur 5.11) viser kor små kjønsskilnadene er, men gutane er språkleg sett noko meir konservative ved at dei jamt over brukar litt fleire tradisjonelle former enn jentene.


Blant informantane i Vinje er det dobbelt så mange jenter som gutar, det vil seie tjuve jenter og ti gutar. Resultata viser at det er endå mindre skilnader i talemålet mellom kjønna her enn kva som er tilfellet i Seljord. Ved fjorten av orda i tabell 5.2 brukar gutane fleire tradisjonelle former enn jentene, medan jentene brukar fleire tradisjonelle former ved fem av dei. Ved dei resterande seks orda er det ingen skilnader mellom kjønna. Eg har derimot ikkje funne nokon systematikk i om nokre ordformer utmerkar seg ved å ha høgare tradisjonsprosent enn andre, for både i Vinje og Seljord verkar det heller som at denne skilnaden mellom kjønna er heller vilkårleg (sjå figur 5.11 og 5.12).

Blant informantane frå Vinje verkar det altså som om gutane brukar litt fleire tradisjonelle former enn jentene, men som ein kan sjå både av tabellen (tabell 5.2), stolpediagrammet (figur 5.10) og spreingsdiagrammet (figur 5.12), er den prosentvise skilnaden mellom kjønna svært liten.


5.3.2 Foreldrebakgrunn:

Har foreldrebakgrunnen noko å seie for korleis dei unge snakkar til dagleg? Vil dei som har foreldre frå kommunen, bruke fleire tradisjonelle former enn dei som ikkje har nokon av foreldra frå kommunen? I spørjeskjemaet skulle informantane krysse av om baa, den eine eller ingen av foreldra kom frå kommunen. Her møtte eg derimot på eit problem eg ikkje hadde rekna med. Det viser seg nemleg at det berre er éin av dei tretti informantane frå Vinje som ikkje har foreldre frå kommunen. Sytten informantar har éin av foreldra frå kommunen, medan tolv informantar har baa foreldra frå kommunen. For Vinje sin del vart altså denne delen av undersøkinga på ein måte over før han hadde byrja, sidan så å seie alle informantane her har foreldre frå kommunen.

I Seljord er derimot situasjonen ein annan. Her har åtte informantar ingen av foreldra frå kommunen, ni informantar har éin av foreldra frå kommunen, medan to informantar har baa foreldra frå kommunen. Éin informant fall ut av denne delen av undersøkinga fordi vedkomande ikkje hadde svara på spørsmålet om foreldrebakgrunn.



Figur 5.13: Foreldrebakgrunn til informantane frå Vinje.



Figur 5.14: Foreldrebakgrunn til informantane frå Seljord.


I motsetnad til Vinje var det såleis grunnlag for å sjå nærare på foreldrebakgrunnen til informantane frå Seljord. Og tabell 5.3 viser at resultatane samsvarar med det til dømes Papazian kom fram til i Nore og Uvdal. Dei ungdomane frå Seljord som har foreldre frå kommunen, brukar fleire tradisjonelle former på dei fleste av variablane. Mange av

informantane med foreldre frå kommunen brukar altså tradisjonelle former som *gjeve* (36 %), *stae* (30 %), *bygdi* (64 %), *laug* (46 %) og *rauk* (64 %). Her ser ein klare skilnader i høve til dei som ikkje har foreldre frå kommunen. Dei brukar nemleg ingen eller svært få av dei tradisjonelle formene *gjeve* (0 %), *stae* (0 %), *bygdi* (25 %), *laug* (25 %) og *rauk* (13 %).

Tabell 5.3 og figur 5.15 viser eit meir detaljert oversyn over kvar einiskild variabel.

Variabel	Tradisjonell bygdemålsform	Foreldre frå kommunen	Ingen foreldre frå kommunen
1	<i>bekken</i>	18 %	0 %
1	<i>tekje</i>	18 %	0 %
1	<i>vejen</i>	9 %	13 %
1	<i>vejjen</i>	0 %	0 %
1	<i>fenje</i>	0 %	0 %
2	<i>gutar</i>	82 %	63 %
3	<i>gjestir</i>	10 %	0 %
3	<i>saur</i>	36 %	25 %
3	<i>grisir</i>	0 %	0 %
3	<i>vejjir/veggir</i>	0 %	0 %
3	<i>bekkjir/bekkir</i>	0 %	0 %
4	<i>jentur</i>	55 %	43 %
4	<i>visur</i>	36 %	13 %
5	<i>bygdi(e)</i>	64 %	25 %
5	<i>myri(e)</i>	27 %	13 %
6	<i>stend</i>	60 %	63 %
6	<i>gjeng</i>	73 %	75 %
7	<i>gjeve</i>	36 %	0 %
7	<i>stae</i>	30 %	0 %
7	<i>teke/tekje</i>	55 %	13 %
7	<i>fenge/fenje</i>	55 %	13 %
8	<i>fraus</i>	46 %	50 %
8	<i>laug</i>	46 %	25 %
8	<i>rauk</i>	64 %	13 %
8	<i>sleit</i>	100 %	88 %

Tabell 5.3: Oversyn over kor mange av informantane frå Seljord som brukar dei tradisjonelle bygdemålsformene, inndelt etter om foreldra deira kjem frå kommunen eller ikkje.



Figur 5.15: Førekost av tradisjonelle former hjå informantane frå Seljord, inndelt etter om dei har foreldre frå kommunen eller ikkje.

Resultata frå Seljord viser altså at foreldrebakgrunn kan ha ein god del å seie for språkvala til dei unge, og blant anna kan dette vere ei mogleg forklaring på kvifor det verkar som om vesttelemålet held seg betre i Vinje enn i Seljord. I Vinje er det berre éin av tretti som har foreldre utanfrå, medan talet i Seljord er åtte av nitten. Dette viser at det i Seljord er langt større tilflytting og dermed fleire folk med annan talemålsbakgrunn enn i Vinje, noko som vidare vil føre til at ungdomar frå Seljord veks opp med og opplever større påverknad frå andre dialektar enn ungdomar frå Vinje gjer. Dersom ein samanliknar foreldrebakgrunnen til informantane frå Vinje og Seljord, viser det seg at det er stor skilnad. I Seljord har heile 42 prosent av informantane foreldre som ikkje kjem frå kommunen. Dette talet er til samanlikning berre tre prosent i Vinje (sjå figur 5.13 og 5.14).

Når det gjeld foreldrebakgrunn, kan ein altså ikkje samanlikne kommunane Vinje og Seljord på likt grunnlag. I Seljord kan ein samanlikne dei informantane som har foreldre frå kommunen, med dei som ikkje har foreldre frå kommunen. Men ein kan derimot ikkje samanlikne dei informantane som berre har éin av foreldra frå kommunen, med dei som har både foreldra frå kommunen, sidan det trass alt berre er to informantar som faktisk har både foreldra frå kommunen.


Situasjonen er heilt annleis i Vinje. Her kan ein ikkje som i Seljord samanlikne dei informantane som ikkje har foreldre frå kommunen, sidan det for Vinje sin del berre vil vere éin informant i denne gruppa. På den andre sida ligg forholda godt til rette for å samanlikne dei informantane som har éin av foreldra frå kommunen, med dei som har både foreldra frå

kommunen. Og som ein kan sjå av resultatane i tabell 5.3 og figur 5.15, viser det seg å vere ein samanheng mellom å ha foreldre frå kommunen og å bruke fleire tradisjonelle former.

Men dersom ein tek føre seg alle dei som har foreldre frå kommunen, vil det då vere ein skilnad i språkvala til informantane på bakgrunn av om både eller berre den eine av foreldra deira kjem frå kommunen? Ved nærare undersøkingar viste det seg å vere ein skilnad på dette punktet. Ved nesten alle formene som er lista opp i tabell 5.4 nedanfor, brukar dei informantane som har både foreldra frå kommunen, fleire bygdemålsformer enn dei som berre har éin av foreldra frå kommunen. Det er berre ved tre av desse formene at tendensen går andre vegen (sjå *sauir*, *grisir* og *gjeve*).

Variabel	Tradisjonell bygdemålsform	Éin av foreldra frå kommunen	Både foreldra frå kommunen
1	<i>bekkjen</i>	82 %	92 %
1	<i>tekje</i>	76 %	92 %
1	<i>vejen</i>	65 %	67 %
1	<i>vejjen</i>	53 %	58 %
1	<i>fenje</i>	41 %	92 %
2	<i>gutar</i>	88 %	100 %
3	<i>gjestir</i>	53 %	67 %
3	<i>sauir</i>	94 %	92 %
3	<i>grisir</i>	12 %	8 %
3	<i>vejir/veggir</i>	18 %	33 %
3	<i>bekkir/bekkir</i>	12 %	25 %
4	<i>jentur</i>	82 %	92 %
4	<i>visur</i>	76 %	83 %
5	<i>bygdi(e)</i>	88 %	92 %
5	<i>myri(e)</i>	82 %	92 %
6	<i>stend</i>	88 %	92 %
6	<i>gjeng</i>	94 %	100 %
7	<i>gjeve</i>	71 %	58 %
7	<i>stae</i>	71 %	92 %
7	<i>teke/tekje</i>	82 %	92 %
7	<i>fenge/fenje</i>	88 %	92 %
8	<i>fraus</i>	82 %	100 %
8	<i>laug</i>	82 %	100 %
8	<i>rauk</i>	76 %	100 %
8	<i>sleit</i>	100 %	100 %

Tabell 5.4: Oversyn over kor mange av informantane frå Vinje som brukar dei tradisjonelle bygdemålsformene, inndelt etter om både eller éin av foreldra kjem frå kommunen.



Figur 5.16: Førekomst av tradisjonelle former hjå informantane frå Vinje, inndelt etter om båe eller ein av foreldra kjem frå kommunen.


5.3.3 Bustad:

Tvitekkja er ei av dei som har sett nærare på om det kan vere ein samanheng mellom dialektbruk og bustad, og i hovudfagsoppgåva frå 1998 om talemålet i Vinje kunne ho konkludere med at det var “eit svakt samsvar mellom verdien oppvaksen på gard og mykje bruk av eldre språkformer” (Tvitekkja 1998: 126). Resultata hennar er såleis nyttige å sjå opp mot sidan eg skal ta føre meg noko av det same temaet.


Når ein har ønskt å dele inn informantane etter om dei kjem frå eit bygdesentrum eller frå områda omkring, så har dei ofte fått spørsmål om dei bur i sentrum eller på gard. Eg synest derimot at dette gjev eit litt for ope omgrep, for på bygda har ein ikkje slike typiske skilje som ein gjerne finn i byar eller større tettstader. I sentrum av eit bygdesamfunn kan det til dømes liggje fleire gardar, så ein kan såleis både kome frå gard og bu i sentrum på same tid. Samstundes er det mange av dei som bur utanfor sentrum som ikkje bur på gard, men som bur i heilt vanlege bustadhus. Dei har kanskje jamvel kjøpt tomt på ein gard. Så sjølv om desse informantane ikkje kjem til å krysse av for at dei bur på gard, vert det feil å ikkje plassere dei i denne gruppa likevel. Her er det fort gjort å få informasjon som ikkje stemmer overeins med det ein er ute etter, så eg ville difor dele informantane inn på ein meir presis måte. Dei vart såleis delte inn i gruppene “tettstad/byggjefelt” og “gard/bustad utanfor tettstad”.

Variabel	Tradisjonell bygdemålsform	Seljord		Vinje	
		1	2	1	2
1	<i>bekkjjen</i>	8 %	13 %	95 %	64 %
1	<i>tekje</i>	8 %	13 %	100 %	55 %
1	<i>vejen</i>	8 %	13 %	79 %	36 %
1	<i>vejjen</i>	0 %	0 %	63 %	36 %
1	<i>fenje</i>	0 %	0 %	79 %	36 %
2	<i>gutar</i>	75 %	75 %	100 %	82 %
3	<i>gjestir</i>	18 %	0 %	74 %	27 %
3	<i>sauir</i>	50 %	13 %	95 %	91 %
3	<i>grisir</i>	0 %	0 %	16 %	0 %
3	<i>vejir/veggir</i>	0 %	0 %	32 %	9 %
3	<i>bekkjir/bekkir</i>	0 %	0 %	16 %	9 %
4	<i>jentur</i>	75 %	14 %	100 %	64 %
4	<i>visur</i>	42 %	13 %	95 %	55 %
5	<i>bygdi(e)</i>	58 %	38 %	100 %	73 %
5	<i>myri(e)</i>	42 %	0 %	100 %	55 %
6	<i>stend</i>	75 %	43 %	100 %	73 %
6	<i>gjeng</i>	83 %	63 %	100 %	91 %
7	<i>gjeve</i>	18 %	25 %	68 %	55 %
7	<i>stae</i>	17 %	14 %	95 %	45 %
7	<i>teke/tekje</i>	42 %	38 %	100 %	64 %
7	<i>fenge/fenje</i>	50 %	25 %	100 %	73 %
8	<i>fraus</i>	42 %	50 %	100 %	73 %
8	<i>laug</i>	42 %	25 %	100 %	73 %
8	<i>rauk</i>	42 %	38 %	100 %	73 %
8	<i>sleit</i>	92 %	100 %	100 %	100 %

Tabell 5.5: Oversyn over kor mange av informantane som brukar tradisjonelle former, inndelt etter om dei kjem frå gard/bustad utanfor tettstad (1) eller frå tettstad/byggjefelt (2).



Figur 5.17: Førekost av tradisjonelle former i Vinje, inndelt etter om informantane kjem frå gard/bustad utanfor tettstad eller frå tettstad/byggjefelt



Figur 5.18: Førekost av tradisjonelle former i Seljord, inndelt etter om informantane kjem frå gard/bustad utanfor tettstad eller frå tettstad/byggjefelt

Det viste seg at 19 av dei 30 informantane frå Vinje (63 %) kjem frå gard eller bustad utanfor tettstad. Spørsmålet var om desse 19 ville bruke fleire tradisjonelle former enn resten av informantane. I motsetnad til Tvittekkja som fann eit svakt samsvar, viste resultatane frå undersøkinga mi eit svært tydeleg samsvar på dette punktet. Ved kvar einaste variabel i spørjeskjemaet er det heilt klart at dei som er oppvaksne på gard eller bustad utanfor tettstad, brukar langt fleire tradisjonelle former enn dei som kjem frå tettstad eller byggjefelt (sjå tabell 5.5 og figur 5.17). Dei største skilnadene finn ein til dømes i formene *myri(e)* (100 % mot 55 %), *tekje* (100 % mot 55 %), *stae* (95 % mot 45 %), *vejen* (79 % mot 36 %), *fenje* (79 % mot 36 %) og *gjestir* (74 % mot 27 %). I Vinje er det altså tydeleg at dei som bur i sentrum, brukar langt færre tradisjonelle former enn dei som bur i områda rundt.


Det vart det same utfallet i Seljord, men ikkje så tydeleg som i Vinje. Informantane frå Seljord fordeler seg òg temmeleg likt mellom gruppene tettstad/byggjefelt og gard/bustad utanfor tettstad. Tolv av dei tjue informantane (60 %) kjem frå gard eller bustad utanfor tettstad, og på same måte som i Vinje brukar desse informantane fleire tradisjonelle former ved dei fleste variablane enn dei som kjem frå tettstad eller byggjefelt (sjå tabell 5.5 og figur 5.18). Dei største skilnadene finn ein til dømes i ord som *jentur* (75 % mot 14 %), *fenjefenge* (50 % mot 25 %), *stend* (75 % mot 43 %), *myri* (42 % mot 0 %), *sauir* (50 % mot 13 %) og *visur* (42 % mot 13 %). Men sjølv om dei som kjem frå gard/bustad utanfor tettstad brukar fleire tradisjonelle former, er tendensen noko meir ujamn her enn i Vinje. På tretten av formene brukar dei som kjem frå gard/bustad utanfor tettstad fleire tradisjonelle former, medan på seks av dei brukar dei som kjem frå tettstad/byggjefelt fleire tradisjonelle former. Ved dei resterande seks formene står dei likt. Tendensen er altså mykje sterkare i Vinje enn i Seljord for at dei som bur sentralt, brukar langt færre tradisjonelle former enn dei som bur i områda rundt.

Resultata frå denne delen av granskinga viser altså at den sosiale bakgrunnsvariabelen *bustad* kan ha mykje å seie for språkvala til informantane. Både i Seljord og Vinje har nemleg dei informantane som kjem frå eit bygdesentrum, færre tradisjonelle former enn dei som kjem frå andre stader av kommunen. Dei som kjem frå gard eller bustad utanfor tettstad, har på si side fleire tradisjonelle former enn dei som kjem frå tettstad eller byggjefelt, så mykje tyder altså på at talemålet kan verte påverka av kvar i kommunen ein bur (sjå hypotese 3 i kap. 1.2). I Vinje var det store skilnader på dette punktet, medan det var litt meir skiftande og noko mindre skilnader blant informantane frå Seljord.


5.3.4 Interesse for tradisjonelle felt:

Variabel	Tradisjonell bygdemålsform	Seljord		Vinje	
		Aktiv/pos	ikkje aktiv/neg	aktiv/pos	ikkje aktiv/neg
1	<i>bekkjen</i>	33 %	0 %	89 %	81 %
1	<i>tekje</i>	33 %	0 %	100 %	76 %
1	<i>vejen</i>	0 %	14 %	78 %	57 %
1	<i>vejjen</i>	0 %	0 %	78 %	43 %
1	<i>fenje</i>	0 %	0 %	89 %	52 %
2	<i>gutar</i>	50 %	86 %	100 %	90 %
3	<i>gjestir</i>	0 %	15 %	56 %	57 %
3	<i>sauir</i>	33 %	36 %	89 %	95 %
3	<i>grisir</i>	0 %	0 %	11 %	10 %
3	<i>vejir/veggir</i>	0 %	0 %	44 %	14 %
3	<i>bekkir/bekkir</i>	0 %	0 %	33 %	10 %
4	<i>jentur</i>	33 %	62 %	89 %	86 %
4	<i>visur</i>	50 %	21 %	89 %	76 %
5	<i>bygdi(e)</i>	50 %	50 %	100 %	86 %
5	<i>myri(e)</i>	17 %	29 %	89 %	81 %
6	<i>stend</i>	60 %	64 %	100 %	86 %
6	<i>gjeng</i>	50 %	86 %	100 %	95 %
7	<i>gjeve</i>	33 %	15 %	56 %	67 %
7	<i>stae</i>	40 %	7 %	89 %	71 %
7	<i>teke/tekje</i>	33 %	43 %	100 %	81 %
7	<i>fenge/fenje</i>	33 %	43 %	100 %	86 %
8	<i>fraus</i>	33 %	50 %	100 %	86 %
8	<i>laug</i>	33 %	36 %	100 %	86 %
8	<i>rauk</i>	33 %	36 %	100 %	86 %
8	<i>sleit</i>	100 %	93 %	100 %	100 %

Tabell 5.6: Oversyn over bruken av tradisjonelle former, inndelt etter interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet *folkemusikk*.



Figur 5.19: Førekomst av tradisjonelle former hjå ungdomane i Vinje, inndelt etter interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet *folkemusikk*.



Figur 5.20: Førekomst av tradisjonelle former hjå ungdomane i Seljord, inndelt etter interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet *folkemusikk*.

Ni av dei til saman tretti informantane frå Vinje (30 %) opplyser at dei er interesserte i eller aktive innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk. Resultata viser at det kan verke som om det er ein samanheng mellom interesse for dette tradisjonelle feltet og bruken av tradisjonelle former, for ved nesten alle variablane brukar desse ni informantane fleire tradisjonelle former enn dei andre (sjå tabell 5.6 og figur 5.19). Ved heile 21 av dei 25 formene i tabell 5.6 brukar dei som er interesserte i eller aktive innanfor folkemusikk, fleire tradisjonelle former enn dei som ikkje er det. Ved tre av formene går det andre vegen (sjå *gjestir*, *sauir*, *gjeve*). Dei største skilnadene finn ein til dømes i formene *tekje* (100 % mot 76 %), *vejjen* (78 % mot 43 %), *vejjir* (44 % mot 14 %), diftongane *fraus* og *rauk* (100 % mot 86 %), og *bygdi(e)* (100 % mot 86 %). Talmaterialet frå Vinje viser altså ein tendens til at det kan vere ein samanheng mellom interesse for eller aktivitet innanfor tradisjonelle felt og bruk av tradisjonelle former.

Dersom ein derimot vender blikket mot Seljord, viser det seg at resultatet vert noko anna. Seks av dei tjue informantane frå Seljord (30 %) opplyser at dei er aktive innanfor eller er interesserte i det tradisjonelle feltet folkemusikk. På nokre variablar brukar den eine gruppa flest tradisjonelle former, medan på andre variablar brukar den andre gruppa flest tradisjonelle former. Det er altså ikkje på langt nær ein så klar tendens som i Vinje (sjå tabell 5.6 og figur 5.20). I Seljord er det faktisk dei som ikkje er aktive innanfor eller ikkje er interesserte i det tradisjonelle feltet folkemusikk, som brukar flest tradisjonelle former. Slik sett tyder ingenting på at det skal vere ein samanheng mellom interesse for eller aktivitet innanfor tradisjonelle felt og bruk av tradisjonelle talemålsformer. Dersom ein samanliknar dei to gruppene, viser nemleg resultata i tabell 5.6 følgjande: Dei som er interesserte i eller aktive innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk, brukar ved seks av formene fleire tradisjonelle former enn dei som ikkje er det. Men ved heile tretten av formene går tendensen andre vegen. Dei som verken er interesserte i eller aktive innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk, brukar altså fleire tradisjonelle former enn dei som er aktive eller interesserte.

Kan ein seie at resultata frå denne delen av granskinga stør opp om *hypotese 4* (sjå kap. 1.2), at det er ein samanheng mellom språkval og interesse for eller deltaking i sosiale felt? I Vinje kan det verke som om det er ein samanheng mellom bruk av tradisjonelle former og deltaking i eller interesse for det tradisjonelle feltet folkemusikk. Dette kan ein derimot ikkje seie er tilfellet i Seljord, for her går det heller heilt motsett veg. I Seljord kan ein altså ikkje sjå noko mønster eller tendens til at interesse for eller aktivitet innanfor sosiale felt har noko å seie for språkvala til informantane. Men i denne samanhengen er det viktig å poengtere at det er svært få informantar som i det heile er interesserte i eller aktive innanfor feltet folkemusikk i dei to kommunane. Det er trass alt berre seks informantar frå Seljord og

ni informantar frå Vinje, noko som inneber at små utslag kan gje store og avgjerande følgjer. Dette fører diverre til at ein etter mi meining heller ikkje bør stole fullt og heilt på resultata og trekkje klare konklusjonar frå materialet. På bakgrunn av dette meiner eg såleis at ein her får eit for tynt grunnlag til å kunne seie at det er ein samanheng mellom deltaking innanfor eller interesse for tradisjonelle felt og bruken av tradisjonelle talemålsformer. Difor vel eg å ende diskusjonen rundt sosiale felt her, og tek såleis heller ikkje stilling til om materialet stør opp om den fjerde og siste hypotesen i denne avhandlinga.

6. MOGLEGE GRUNNAR FOR ENDRINGANE

I dette kapittelet vil eg prøve å få ei forståing for endringane i vesttelemålet på bakgrunn av resultatane frå denne granskinga og endringstendensar i andre bygdemål på Austlandet. På eit meir overordna nivå vil dei generelle samfunnsendringane både lokalt og nasjonalt vere sentrale faktorar for korleis vesttelemålet endrar seg, der særleg auka mobilitet og eit meir ope samfunn fører til større påverknad over dei etablerte talemålsgransene. I denne samanhengen kan det vere nyttig å drøfte endringane i samband med den talespråklege hierarkipyramiden med dei vertikale og horisontale kreftene (sjå punkt 2.5). Grunnen til at eg ønskjer å fokusere på nettopp dei horisontale og vertikale kreftene i denne avhandlinga, er at dei etter mi meining kan spele ei svært sentral rolle for talemålsutviklinga i vesttelemålet både i dag og i åra som kjem. Når det gjeld talemålsutviklinga på Austlandet, kan det derimot vere vanskeleg å avgjere kva som har mest innverknad av horisontale og vertikale krefter, og her vil blant anna språkleg regionalisering og debatten rundt eit norsk standardtalemål vere viktige punkt å ta med. På eit meir underordna individnivå vil eg derimot kome inn på sosiale tilhøve hjå den einskilde språkbrukaren. Her vil det såleis verte ei meir kvalitativ vinkling med fokus på den sosiale bakgrunnen til informantane og deira eigne utsegner rundt tema som haldningar, opplevingar og språkleg identitet. Målet mitt er at denne fleirsidige drøftinga skal gje eit så heilskapleg bilete av endringstendensane som råd.

6.1 Påverknad frå standardtalemål

6.1.1 Skrift og tale

Når det gjeld det norske skriftspråket, så er det inga tvil om at vi har ein *offisiell standard* å halde oss til. Noreg har jamvel to offisielle skriftspråk, nemleg bokmål og nynorsk. Når ein derimot snakkar om norske talemål, er det lite truleg at nynorsk har funksjon som eit *standardtalemål*, sjølv om det altså er ein fellesnemnar eller ein såkalla “*compromise dialect*” (Auer 2005: 11) for dei norske dialektane. Det er nok ikkje tvil om at nynorsk er ein viktig identitetsmarkør for innbyggjarar i Vest-Telemark, for skriftspråket har lege nærare deira eigen dialekt enn bokmål. Men det er trass alt svært få som *snakkar* tilnærma likt nynorsk i Noreg, og Finn-Erik Vinje påstår til dømes at “nynorsk spiller en meget ubetydelig rolle som talemål” (Vinje 2004: 14). I denne samanhengen vil det bokmålsnære talemålet i hovudstaden derimot ha ei meir sentral rolle, i og med at både skriftspråk og talespråk ligg så nært opp til

kvarandre, samstundes som dette særleg på Austlandet er eit utbreidd talemål. Blant unge på Austlandet i dag er det til dømes mykje som tyder på at det går føre seg ein overgang til bokmålsnært talemål og til bokmål i skrift (Vikør 1999: 13). Og sjølv om til dømes nynorsk skriftspråk framleis held seg godt i Vest-Telemark, ser ein at bokmålet et seg stadig lenger innover i regionen. Til dømes er Seljord sin nabokommune Bø no i ferd med å gå heilt over til bokmål, og ein fryktar at det på sikt skal få negative følgjer for framtida til det tradisjonelle bømålet. Slik påverknad frå skriftmålsnormene kan dermed spele ei viktig rolle for utviklinga av talemåla, og Skjekkeland seier til dømes følgjande om påverknaden mot bømålet:

Det er usikkert kva rolle dei indre vikkværske måla åleine spelar i utviklinga. Mest alle endringar som går i retning av desse måla, er anten endringar som også går i retning av skriftmålfornene, eller det er endringar som kan forklarast som ei allmenn indre utvikling (Skjekkeland: 1980: 161).

Det er såleis liten tvil om at det bokmålsnære talemålet i hovudstaden har stor påverknad og ein overdialektal funksjon, men kan ein likevel kalle for eit *standardtalemål*? Sandøy meiner til dømes at sidan dei standardnære talemåla vert lærde som morsmål, kan ein dermed òg rekne dei som dialektar (Sandøy 2003a: 240). Han peikar dessutan på at talemålet kom før skriftspråket, men seier samstundes at når ein lærer dette talemålet på naturleg vis, så vert det morsmål for språkbrukane. Det vert altså ein dialekt med sitt eige liv uavhengig av skriftspråket (Sandøy 1993: 17). På bakgrunn av dette kan ein påstå at det bokmålsnære talemålet i Oslo er ein dialekt og ikkje eit standardtalemål nettopp fordi ein kan heimfeste det geografisk til austlandsområdet.

Eg er einig i at eit talemål tufta på skriftspråket bokmål vert eit naturleg morsmål for dei som veks opp med det, men samstundes meiner eg at det ikkje er det same som at talemålet dermed vert *uavhengig* av skriftspråket. Dersom ein ser på den historiske utviklinga av talemålet i hovudstaden, så har det trass alt nær tilknytning til skriftspråket bokmål. På 1600- og 1700-talet ønskte ein å standardisere skriftspråket i Danmark-Noreg, og det vart såleis det danske skriftspråket som vart rettesnora for standardtalemålet. Men etter kvart byrja derimot talemålet til dei høgare sosiale sjikta å konkurrere om å vere mønster for standardtalemålet, og rettskrivingsendringa i 1907 innebar at skriftmålet nettopp skulle rette seg etter talemålet (referert etter Sandøy 1985: 270). Dette viser med andre ord kor sterk stilling og ikkje minst påverknadskraft både bokmålet og det bokmålsnære talemålet har hatt i Noreg.

Dessutan må ein òg hugse på at talemålet gjerne vert sett på som mindre verdifullt enn skriftspråket (Sandøy 1993: 19), og difor meiner eg at det bokmålsnære talemålet i hovudstaden lett kan få ei avgjerande rolle når det er snakk om språkleg påverknad. Dette trekte til dømes Brit Mæhlum fram då ho granska dei språklege strategiane til born og unge i Longyearbyen på Svalbard. Ho fann nemleg ut at den språklege koden ho kallar normalisert austnorsk, hadde sterk påverknadskraft blant anna mot born i barnehagen. Men samstundes meinte ho at ikkje barnehagetantene åleine hadde stimulert talemålet til dei unge i retning av austnorsk, men at dette òg hadde bakgrunn i at borna vart eksponerte for denne koden blant anna gjennom etermedia. Mæhlum meinte såleis at ein måtte sjå på normalisert austnorsk sin funksjon som “et overregionalt og autoritativt prestisjespråk” (Mæhlum 1990: 228). Når ein ser på følgjande kriterium for å karakterisere noko som nettopp eit *standardtalemål*, kan det difor vere grunnlag for å påstå at talemålet i hovudstaden oppfyller dette:

Utviklinga av ein skriftspråkleg standard, pluss geografisk konsentrasjon av menneske frå samfunnseliten i administrasjon og/eller ideologiske sentrum, er såleis to avgjerande føresetnader for etableringa av eit standardtalemål (Røynealand 2003: 23).

Talemålet i hovudstaden er eit bokmålsnært talemål med stor utbreiing, både når det gjeld talet på brukarar og den generelle bruken av det i media og elles i samfunnet. Såleis vil det automatisk få stor makt og prestisje, i og med at byen er hovudstad og maktpolitisk sentrum i Noreg.

6.1.2 Uheldige omgrep

Sjølv om det er stor usemje blant forskarar og andre om Noreg har eit standardtalemål eller ikkje, meiner eg at det er knytt ei rekkje uheldige omgrep til denne diskusjonen. Når ein går inn for å kalle ein talemålsvarietet for ‘standardtalemål’, får ein nemleg straks konnotasjonar til at dette er eit talemål som ligg høgare oppe i hierarkiet enn til dømes andre dialektar. Dersom ein aktivt tek i bruk denne termen, vil det vidare kunne føre til at ein legitimerer og forsterkar den kulturelle statusposisjonen til desse talemåla (Sandøy 2003a: 241). Då vil ein langt på veg vere med på å byggje opp under ideen om at vi nettopp har eit talespråkleg hierarki i Noreg.

Det kan derimot vere eit paradoks at ein er så imot at det går føre seg påverknad frå eit mogleg standardtalemål, når det altså finst ei rekkje termar for talemålet på det sentrale Austlandet som nettopp byggjer opp under ei slik hierarkisk forståing. Så sjølv om ein ikkje

brukar nemninga ‘standardtalemål’ i klartekst, kan dei ulike omgrepa for dette talemålet langt på veg tolkast i den retninga. Etter mi meining er det til dømes uheldig å kalle det bokmålsnære talemålet i hovudstaden for ‘standard austnorsk’ (til dømes Rudi 1999: 74 og Papazian 1999: 181) eller ‘standardaustlandsk’ (til dømes Sandøy 2003a: 228). Ordet ‘standard’ har synonym som “mønster” og “norm” (Wangensteen m.fl.: 492). Når ein kallar ein talemålsvarietet for ‘standard’ eller ‘talemålsnorm’, seier ein på same tid at alle andre dialektar vik frå denne standarden eller norma. Det same er tilfellet når ein brukar termen ‘normalisert austlandsk’ (til dømes Papazian 1997: 162) eller den ‘østnorske normalmålsvarietet’ (til dømes Mæhlum 1990: 222). Omgrepet ‘normalisering’ vert gjerne knytt til “harmonisering, det å få normale tilstander” (Wangensteen m.fl.: 353). Når ein kallar talemålet i hovudstaden for ‘normalisert’, seier ein på same tid at dette på sett og vis er normalmålet som andre dialektar vert målte opp mot. Dei dialektane som vik frå denne ‘normalen’, vil dermed kunne verte sett på som meir eller mindre ‘unormale’. Dette kan vidare få følgjer for korleis folk ser på sin eigen dialekt og dermed sin eigen språklege identitet. For dei fleste ungdomar er det til dømes viktig å ikkje skilje seg ut, men å vere som ‘alle andre’. Kven er det då til dømes som ønskjer å ha eit talemål som vert sett på som utanfor ‘normalen’?

Ein seier gjerne at ein ikkje skal samanlikne og rangere dialektar, men ved å bruke eit slikt omgrepsapparat er det etter mi meining nettopp det ein gjer. Ein snakkar med to tunger når ein på den eine sida nektar for at det finst eit norsk standardtalemål, men når ein på den andre sida kallar talemålet i Oslo for til dømes ‘standardnært’, ‘standardisert’, ‘standard austnorsk’ og ‘normalisert austlandsk’. Dersom ein skal snakke varmt om dialektalt mangfald og ønskjer at alle norske dialektar skal vere jamstilte, bør ein etter mi meining heller ikkje setje slike klare rangeringsmerkelappar på dei. Det kan nemleg byggje opp under argumentet om at vi faktisk har eit talespråkleg hierarki i Noreg, der eitt standardtalemål tronar på toppen, sjølv om vi altså vegrar oss for å ta i bruk nettopp denne termen i klartekst.

6.1.3 Opplevde standardspråk

Når det gjeld språkutviklinga i andre europeiske land, er tendensen ei utjamning mot standardspråket i landet. Frå å vere ein situasjon der ein har dialektar på den eine sida og standardspråk på den andre, har dialektane altså nærma seg standardspråket i form av regionale variantar av standardtalemålet (altså regionalmål). Dermed er det ikkje så stort spenn lenger mellom dialektar og standardspråk, sidan “variants or even varieties actually fill up most parts of the structural space between dialect and standard” (Auer 2005: 26). I Noreg

har vi derimot inga *offentleg godkjent* talemålsnorm. Den offisielle haldninga er at alle dialektar stiller på lik linje, og at det ikkje er noko hierarki med éin talespråkleg standard på toppen. Sandøy seier at det er viktig å skilje mellom ei vitskapleg inndeling av språket på den eine sida og ei inndeling av oppfatningane om språk på det andre (Sandøy 2003a: 240). Med dette meiner han at vi ikkje skal la folk sine oppfatningar eller personlege rangering av dialektar påverke den faglege kategoriseringa av dialektar og standardspråk. Men samstundes meiner eg at det kan vere relevant å sjå kva folk måtte meine om dette temaet. Dennis Preston peikar til dømes nettopp på kor viktig det er å ta med folk sine eigne oppfatningar av språk, og utfordrar dermed det som har vore det vanlege synet innanfor språkvitskapen når han seier at “a linguistics without folk linguistics does not explore the breadth and depth of language in communities” (Preston 2002: 22).¹⁰

For sosiolingvistisk forskning handlar det altså om i kor stor grad ein skal bry seg med det språklege medvitnet hjå ‘vanlege folk’. Men dersom det er ei utbreidd *oppfatning* i Noreg om at vi har ei talespråkleg rangering med eit norsk standardtalemål på toppen, kan det vise seg å ha større innverknad på talemålssituasjonen enn kva den faglege kategoriseringa av eit språksamfunn har. Ein kan difor påstå at det mest sentrale såleis kanskje ikkje vil vere kva politikarar, forskarar og andre måtte meine om dette spørsmålet, men heller kva oppfatning talemålsbrukarane sjølve har. Dersom talemålsbrukarane til dømes meiner at vi har eit standardtalemål som på mange måtar er heva over dei andre norske dialektane, så kan det ha stor innverknad på korleis dei ser på sin eigen dialekt, og dermed òg på sin eigen identitet. Det er kanskje denne skilnaden mellom eit offisielt syn og eit meir personleg og opplevd syn på omgrepet ‘standardtalemål’ som er sjølve kjernen i problemstillinga. For kan ein eigentleg slå så bastant fast at det ikkje finst noko som heiter ei norsk talemålsnorm i Noreg? Dersom ein gjer det, lèt ein på same tid att augo for at det faktisk kan liggje meir bak denne oppheta diskusjonen enn vi ønskjer å ta tak i.

Mykje av denne problemstillinga har sjølv sagt med stereotypiar, offentleg haldning og språkleg sjølvkjensle å gjere. I Noreg har dialektane stått langt sterkare enn i nabolanda våre, og kampen for dialektane har på mange måtar vore ein kamp for å halde på den tradisjonelle og særnorske identiteten. Då er det naturleg nok få tilhengjarar av denne språklege likestillinga som vil gå ut offentleg og slå fast at vi har eit offisielt standardtalemål i Noreg, for då godtek vi som samfunn på same tid ein situasjon der eitt talemål skal få rolla som ‘det offisielle norske’. Såleis kan ein seie at det ligg både personlege og politiske motiv bak.

¹⁰ Preston er ein av grunnleggjarane av fagdisiplinen folk linguistics (folkelingvistikk), som nettopp ser nærare på folk sine eigne opplevingar av og meiningar om talemål (Akselberg 2002b: 6).

Mykje kan derimot tyde på at vi nettopp har eit standardtalemål, men at det framleis er snakk om ei meir eller mindre *uoffisiell* eller *opplevd* talemålsnorm. Med andre ord går det kanskje føre seg standardisering på eit meir *umedvite* plan, og då er det særleg påverknaden frå bokmål og dei bokmålstufta talemåla eg tenkjer på.

Så sjølv om vi som nasjon gjerne ikkje har eit *offisielt* standardtalemål, kan det godt hende vi har eit meir eller mindre *uoffisielt* eit. Og med ‘uoffisielt’ meiner eg eit talemål som folk gjerne *oppfattar* er ei slags prestisjefull norm for andre talemål. Dersom folk føler at vi har ei slags hierarkisk inndeling av norske dialektar, kan det på mange måtar ha mindre å seie om dette *offisielt* ikkje er tilfellet. Over heile landet er det til dømes eit gjennomgåande trekk at det talemålet som ligg nærast opp mot moderat bokmål, har mest prestisje (Sandøy 1993: 92). Ei slik opplevd talemålsnorm kan på mange måtar verte eit sosialt akseptert ideal, og dermed kan det få stor autoritet og status. I tabellen nedanfor kan difor mykje tyde på at det bokmålsnære talemålet i hovudstaden kan fungere nettopp som eit slags opplevd standardtalemål, medan vesttalemålet vil hamne i kategorien ‘dialekt’:

Bokmålsnært talemål (standardtalemål)	Vesttalemålet (dialekt)
Overregionalt, geografisk nøytralt	Spesifikk geografisk tilknytning
Prestisjefullt	Mindre prestisjefullt
Urbant, sentralt	Ruralt, distriktstilknytning
Moderne	Tradisjonelt

Tabell 6.1: Oversyn over dei idealiserte motsetningane mellom dialekt og standardtalemål. Tabellen er inspirert frå Mæhlum 2002: 78.

Når talemålet i byane på det sentrale Austlandet ligg så nært opp til bokmål, er det kanskje ikkje så rart at mange vil sjå på talemålet i Oslo som eit reint uttalemål av bokmål. Difor bør ein heller ikkje blindt sjå bort frå *tanken* om at det faktisk kan vere påverknad frå eit mogleg standardtalemål inne i biletet. Her kan kanskje tabellen over gje eit godt bilete av talemålssituasjonen, der informantane sine svar i denne granskinga kan gje assosiasjonar til fleire av kjenneteikna ved standardtalemål og dialekt som er lista opp.

Informantane frå Vinje og Seljord fekk ikkje direkte spørsmål om vi har eit standardtalemål i Noreg, for dette er truleg eit ukjent omgrep for mange. Men det kan altså verke som om ungdomane kan ha ei meir eller mindre umedvite oppfatning eller førestilling om at vi har ei eller anna form for talespråkleg hierarki. Det er eit gjennomgåande trekk ved

dei aller fleste av svara at dei klassifiserer dialektane inn i to grupper: bokmål og nynorsk. Sjølv om bokmål og nynorsk er norske *skriftspråk*, verkar det altså som om ein har ein tendens til å generalisere dialektane i anten den eine eller andre gruppa. Svært mange av informantane kallar dialektane i nedre Telemark for ‘bokmål’, medan dei sjølve snakkar ‘dialekt’ eller ‘nynorsk’. Mange av informantane kjem dessutan med utsegner som ‘bokmålsfolk’, ‘bokmålsord’, ‘bokmålsprega’, ‘å snakke bokmål’, ‘blande nynorsk og bokmål’, ‘dei snakkar meir nynorsk’ og ‘dei snakkar meir utvatna og bokmål’. Dette minner mykje om kva Røynealand fann i granskinga si på Røros og Tynset, der ho konkluderer med følgjande:

Ingen bruker omgrepet ‘standard’, men det dei skriv om høvesvis bokmål og oslodialekt, tyder på at dei plasserer dette talemålet øvst i talemålshierarkiet (Røynealand 2005: 54).

Ein kan òg finne liknande resultat i Ola Sølvsberg si gransking av talemålet i Førde, der han konkluderte med at det var oslodialekten eller normalisert austlandsk som hadde størst prestisje. Dessutan meinte informantane at deira eige sentrumsmål var meir moderne, medan den tradisjonelle førdedialekten var “gammaldags språk, grautmål og bondespråk” (Sølvsberg 1999: 153). Liknande utsegner finn ein hjå fleire av informantane frå Vinje og Seljord. Då eg til dømes bad ungdomane frå Seljord om å kome med døme på kva skilnader det var mellom talemålet i Seljord og Vinje, gav fleire uttrykk for at vinjemålet var ‘gammaldags’, ‘bondsk’ og ‘litt lite urbant og fornya’. Då informantane frå Vinje fekk spørsmål om det same, meinte derimot fleire at seljordsmålet var ‘meir bokmål’, ‘meir bymål’ og at det hadde ‘fleire bokmålsord’. På spørsmålet om korleis talemålet i Vest-Telemark ville vere om 50 år, gav dessutan dei fleste av informantane uttrykk for at dei trudde det kom til å verte utvatna eller meir eller mindre som bokmål.

6.1.4 Konservative og radikale normer

Med utgangspunkt i det eg i førre avsnitt kalla for *opplevd standardtalemål*, nemleg talemålsvarianten som vert bruka i og omkring hovudstaden, så kan det vere nytteleg å dele denne i to: ein konservativ variant og ein radikal variant. Dette skiljet har historisk sett markert eit sosialt skilje i hovudstaden. Medan den konservative varianten har vore typisk for dei høgare samfunnssjiktka frå Oslo Vest, har den radikale varianten vore typisk for arbeidarklassa frå Oslo Aust. Dersom ein skal samanlikne desse to variantane på sosiologisk grunnlag, vil ein kanskje seie at den konservative varianten har høgare prestisje og makt,

medan den radikale standarden er meir folkeleg og tillèt større grad av variasjon. Likevel vil det vere glidande overgangar her. Seinare forskning har vist at det er den meir folkelege og urbane austkantvarianten som spreier seg, medan den meir konservative vestkantvarianten taper terreng.¹¹ Dette er til dømes tilfellet i Nore og Uvdal, der Papazian brukar nemninga ‘midtaustlandsk bymål’ på dei meir radikale formene av talt bokmål (Papazian 1997: 173). Men samstundes meiner han at påverknaden frå midtaustlandsk bymål (MØ) og normalisert austnorsk (NØ) er omtrent like sterk, og han konkluderer difor med at “som regel er MØ- og NØ-formene identiske, og da virker de trolig dobbelt sterkt som mønster for ungdommens talemål” (op.cit.: 171).

Det er òg tilfellet at den konservative varianten tek opp i seg trekk frå den radikale. I dag kan kanskje statusen ha snudd seg litt, slik at til dømes Oslo Aust-varianten har fått større prestisje og språkleg makt enn før, noko som òg har sett sine spor i standardspråket bokmål. Det er kanskje nettopp det radikale og urbane bymålet som på mange måtar har teke over rolla som språkleg rettesnor. Ifølgje *Nynorskordboka* vert omgrepet ‘prestisje’ forklara med “sterk stilling i folks omdømme, vørndnad; posisjon, status” (Hovdenak et al. 1993: 473). I denne samanhengen kan ein kanskje påstå at det ein før har rekna som ‘lågstatusvariantar’, på mange måtar har vorte ‘høgstatusvariantar’ i dag. Ei sams utvikling for landa i Nord-Europa er nemleg at det går føre seg ei avformalisering av prestisjespråket, noko som fører til fleire folkelege språkformer (Torp 1998: 24). Slik sett kan ein kanskje seie at medan andre dialektar opplever ei standardisering av talemålstrekk, opplever ein i Oslo ei slags ikkje-standardisering. Så medan ungdomane i Oslo snakkar *mindre* standardnært enn dei eldre generasjonane, vil bygdeungdomar snakke *meir* standardnært.

6.2 Regionalisering

6.2.1 Utjamning og forenkling

Dei vertikale kreftene kan såleis ha mykje å seie for talemålsutviklinga på Austlandet, men på same tid ser ein klare teikn til horisontale krefter. I dag er det mykje som tyder på at det går føre seg regional utjamning i Noreg, der talemålsbrukarane gjerne har ein tendens til å byte ut lokale dialekttrekk med meir utbreidde talemålsformer. Røyneland meiner regionalisering

¹¹ Denne radikale varianten har fleire nemningar, blant anna “folkeleg bymål” (Vikør 1999: 22), “søraustlandsk fokemål” (Vikør 1999: 33) og “folkeleg oslomål” (Vikør 1999: 39).

fører til nivellering langs den såkalla horisontale aksen (jf. kapittel 2.7 om dei språklege konvergeringsprosessane), der det går føre seg “reduksjon av variasjon mellom ulike lokale eller meir eller mindre regionale dialektar” (Røyneland 1999: 103). Denne utviklinga inneber altså at dei ulike særtrekka ved dialektane fell ut av bruk, noko som fører til at dialektane vert meir like kvarandre. Røyneland seier òg følgjande:

Innafor eitt og same språkssystem vil ein regionaliseringsprosess på lengre sikt truleg òg føre til reduksjon av variasjon, men i ein overgangsfase, som truleg er den fasen mange norske talemål er i no, vil ein tvert om kunne finne auka variasjon (Røyneland 1999: 100).

Slik eg forstår henne, er det altså snakk om auka variasjon i sjølve endringsprosessen. Så kan ein sjølv sagt drøfte kva ein eigentleg legg i omgrepet ‘overgangsfase’, for sidan språkendringar er kontinuerlege prosessar som ein ikkje kan stogge, vil trass alt talemåla alltid vere i ein slags overgang mot noko anna. Men sidan påverknaden og utjamninga mellom dei austlandske talemåla i dag er så sterk, så vil ein kanskje sjå på denne prosessen nettopp som ein overgang. På mange måtar kan denne overgangsfasen vere eit slags mellomstadium, der talemålsbrukarane brukar både tradisjonelle og nyare former om kvarandre og såleis har eit større språkleg repertoar å spele på. Det er dette Auer òg trekkjer fram når han skildrar sjølve prosessen ved språk- eller dialektendring:

Thus, variation within the repertoire *increases* instead of decreasing at the beginning of a process of convergence, simply because new and old forms co-exist (Auer 2000: 13).

Og det kan vere nettopp ein slik overgangsfase vesttelemålet er i no, der ein kan finne auka variasjon i bruken av talemålsformer. Den eine hypotesen (hypotese 2) er at Vinje held betre på dei tradisjonelle vesttelemålsformene enn Seljord, og resultata viser ein tendens til å stø godt opp om denne. I Seljord er ikkje informantane så konsekvente i bruken av tradisjonelle talemålsformer som i Vinje, og tek i bruk fleire nyare former i staden. Her er det altså større variasjon av talemålsformer, der både tradisjonelle og nyare former er i bruk. Dessutan kan mykje tyde på at utviklinga i talemålet går i ulikt tempo i dei to kommunane. Det verkar nemleg som om ein i Seljord er meir mottakeleg for nyare former, medan ein i Vinje i større grad klarar å halde på dei tradisjonelle. Dette kan innebere at dei to bygdemåla som tidlegare var temmeleg like i oppbygging, etter kvart vert stadig meir ulike kvarandre. Slik sett kan det altså verke som at vesttelemålet generelt er i ein slags overgangsfase med auka variasjon, men

over tid vil kanskje Vinje følgje etter Seljord når det gjeld å bruke færre tradisjonelle former. Dermed kan det hende at språkutviklinga fører til at talemåla i kommunane på sikt vert meir like kvarandre att, men at dei på same tid fjernar seg stadig lenger bort frå dei særleine og markerte vesttelemålsformene.

6.2.2 “*Straumdraget fraa aust og sudaust*”

Når ein skal prøve å få eit heilskapleg bilete av korleis vesttelemålet endrar seg i dag, er det etter mi meining viktig å trekkje samanlikningar til utviklingstendensar i andre nærskyldte talemål. I denne samanhengen er det naturleg å sjå på utviklinga særleg innanfor andre midlandsmål, som talemåla i Valdres, Hallingdal, Numedal og Nord-Gudbrandsdalen. Alle desse områda er under språkleg press frå sentralaustlandske bymål, og forskning viser at det særleg i dei store dalane er ein tendens til at ein går bort frå tradisjonelle former og i større eller mindre grad går over til sentralaustlandske bymålsformer i staden. Dette er til dømes tilfellet både i Hallingdal (Thoengen 1999) og Numedal (Papazian 1997).

Sidan sosial kontakt har mykje å seie for korleis dialektane endrar seg (Sandøy 2003a: 233), vil nok påverknaden for Vest-Telemark sin del også i stor mon kome austfrå. Det store fjellpartiet Haukelifjell set ein naturleg stoppar for den språklege påverkinga vestfrå, og folk frå Vest-Telemark orienterer seg som regel austover, både når det gjeld utdanning, jobb og sosiale fritidsaktivitetar. Dersom ein ser på resultatane av denne granskinga, viser det seg at vesttelemålet tek opp i seg talemålstrekk som ein kan finne i byar og tettstader på det sentrale Austlandet. Men dette er eigentleg ikkje eit nyare fenomen, for til og med tidleg på 1900-talet kunne til dømes Olai Skulerud konkludere med at påverknaden mot talemålet i Telemark kom frå aust. Han trekte fram at særleg nedre del av Telemark låg sentralt til og slik sett var utsett for påverknader frå fleire kantar, og at særleg Skien-området har “lege ope for straumdraget fraa aust og sudaust” (Skulerud 1918: 8). Det er altså mykje som tyder på at den same utviklinga som han såg i sentrale delar av nedre Telemark i byrjinga av 1900-talet, no har nådd kommunane lenger vest i fylket.

Resultatane frå talemålsgranskinga mi viser at både Vinje og Seljord følgjer den same utviklinga i talemålet, der ein tek opp stadig fleire sentralaustlandske talemålstrekk. Ho viser altså klare teikn til at den språklege påverknaden kjem frå aust, men nøyaktig *kvar* han kjem frå, kan derimot vere vanskelegare å svare på. Vert vesttelemålet påverka av talemålet i nærliggjande byar som Skien og Porsgrunn, eller vert det påverka meir direkte frå talemålet i hovudstaden? På bakgrunn av dette vil det altså for Vest-Telemark sin del handle om påverknad frå to ulike språkområde, nemleg det Jan Terje Faarlund (1999: 206) omtalar som

midtaustlandsk (Ringerike, Akershus, Nedre Buskerud og Oslo) og *vikværsk* (Østfold, Vestfold og Grenland). Det er likevel svært vanskeleg å peike på om den språklege påverknaden kjem frå vikværsk eller midtaustlandsk, i og med at talemåla i byane i dei nedre delane av Telemark på mange måtar er temmeleg like talemålet i Oslo. Dersom vesttelemålet byrjar å få fleire typiske austlandske bymålstrekk, er det altså vanskeleg å heimfeste desse trekka, i og med at ein no kan finne dei i dialektar over store delar av Austlandet.

Tvitekkja meiner påverknaden kjem frå hovudstaden, og at det difor går føre seg ei “bokmålisering” med Oslo i spissen (Tvitekkja 1998: 115). Ho trur altså ikkje at det tradisjonelle bygdemålet i så stor grad vert påverka av talemålet i byane i nedre Telemark, men heller direkte frå Oslo. Ho meiner vidare at regionalisering og “bokmålisering” er to sider av same sak, og at heile Telemark såleis vert påverka direkte frå hovudstaden. Skramstad (1999: 206) konkluderer med mykje av det same i undersøkinga si av talemålet på Hadeland. På bakgrunn av funna sine meiner ho at det ikkje går føre seg sprang frå by til by innanfor oslocircumfensen, men at den språklege regionaliseringa går føre seg direkte frå Oslo til Hadeland.

Både Tvitekkja og Skramstad har kanskje gode poeng her, for på den eine sida er det mykje som tyder på at Oslo språkleg sett er sentrum i regionen Austlandet. Fleire språkgranskingar (blant anna det nasjonale talemålsprosjektet TEIN) har konkludert med at dei ulike dialektområda austafjells vert sterkt påverka av talemålet i hovudstaden. Dersom utviklinga går vidare i same tempo, og regionaliseringa får halde fram som ho gjer i dag, vil kanskje alle austlendingar ein gong snakke tilnærma likt det bokmålsnære oslomålet. Då kan ein òg spørje seg om det i det heile vil vere bygdemål att på Austlandet, kanskje ikkje eingong såkalla mellomvariantar med regionale særtrekk heller.

6.2.3 Geografisk nærleik

Men i motsetnad til Tvitekkja og Skramstad som påstår at det går ei slags språkleg direktelinje frå hovudstaden og til områda elles på Austlandet, meiner eg at det kan vere snakk om fleire språklege påverknadssenter. Etter mi meining vert det for enkelt å forkaste heile sprangmodellen og trekkje fram bølgeomodellen som den einaste forklaringsmodellen for språkutviklinga på Austlandet (jf. 2.5.4). Når det er snakk om endringar i vesttelemålet, vil eg såleis påstå at nettopp sprangmodellen òg kan gjere seg svært gjeldande. Ved hjelp av sprangmodellen kan nemleg språktrekka frå Oslo nå ut til byar og tettstader i Telemark, for så å spreie seg vidare til dei andre delane av fylket ved hjelp av bølgeomodellen. Dette kan blant anna vere grunnen til at informantane frå Seljord tek i bruk fleire nyare former enn i Vinje;

dei sentralaustlandske språktrekka har gjerne kome frå eit eller anna sentrum, som truleg ved hjelp av bølgeomodellen deretter har nådd Seljord.

Det kan derimot verke som om desse bølgiene vert svakare dess lenger vest dei kjem, og såleis ikkje fører med seg så omfattande endringar i Vinje som i Seljord. Slik sett er det altså mykje som tyder på at *geografisk nærleik* til eit sterkt regionsenter vil føre med seg fleire nyare talemålsformer til det tradisjonelle vesttelemålet. Det kan vere med på å forklare kvifor ungdomane i Seljord brukar fleire nyare former enn ungdomane frå Vinje. Dette er ei utvikling som ein til dømes òg har sett i Danmark, der “dei tradisjonelle dialektane held seg best i dei områda som ligg geografisk lengst frå København når det gjeld språkleg avstand til det danske standardmålet” (Torp 1998: 94). Etter kvart kan det derimot godt hende at den språklege påverknaden mot Vest-Telemark berre vil verte sterkare, slik at dei sentralaustlandske talemålstrekka vil nå Vinje i sterkare grad enn det verkar som dei har gjort fram til no.

Så kvar kjem eigentleg dei nyare språklege formene i vesttelemålet frå? Sidan formene som er typiske for Oslo finst både i byar og tettstader i nedre Telemark òg, er det vanskeleg å slå fast at det er nettopp frå Oslo dei typiske sentralaustlandske bymålstrekk kjem frå. Det kan nemleg vere meir sannsynleg at desse kjem frå dei næraste byane og tettstadene, og ikkje *direkte* frå hovudstaden. Ein kan til dømes prøve å snu litt på problemstillinga: Dersom innbyggjarane i byane og tettstadene i Telemark *ikkje* hadde hatt eit talemål som låg nært opp til det bokmålsnære talemålet i Oslo, ville då talemålet i Vest-Telemark ha teke opp i seg stadig fleire sentralaustlandske former? Det er sjølvsagt eit reint hypotetisk og vanskeleg spørsmål å svare på, men det er ikkje sikkert at det hadde vore tilfellet. Det er trass alt snakk om store avstandar (frå Seljord er det om lag 170 km til Oslo, og frå Vinje 220 km), og difor er det lite truleg at det er osloborgarane som *direkte* påverkar talemålet til bygdefolket i Vest-Telemark. I staden bør ein kanskje heller sjå på kor sterk påverknad byane i nedre Telemark kan ha mot vesttelemålet, der dei nærmast kan sjåast på som språkmisjonærar for det bokmålsnære talemålet i hovudstaden. Det er nemleg eit kjent fenomen at byane vil verke som sterke novasjonsområde for bygdesamfunna omkring (Sandøy 1993: 139), og dermed vil bymålstrekk ha lett for å slå rot i mindre bygdesamfunn.

Dersom ein ser korleis dei ulike delane av Telemark fylke har påverka kvarandre opp gjennom tidene, kan mykje tyde på at det er dei sentrale stroka av Telemark, det vil seie byane i Grenland i nedre Telemark, som har teke imot nye kulturtrekk fyrst. Deretter har dette spreidd seg vestover til resten av fylket (Gardåsen 1996: 8). Dette kan etter mi meining vere svært aktuelt for talemålsutviklinga òg, og eit godt døme på ei slik språkleg endring kan vere

den omfattande avpalataliseringa av dei norske dialektane. I 1980 såg til dømes Skjekkeland nærare på kor godt palatalisering av velarar i innlyd heldt seg i talemålet i Bø kommune, og han fann ut at det her var ein klar tilbakegang blant dei unge (Skjekkeland 1980: 115).

Resultata frå granskinga mi 28 år seinare viser at dette no er i ferd med å skje for nabokommunane lenger vest òg (sjå punkt 5.1.1. om palatalisering). Når det gjeld kvar dei nye formene i bømålet kunne kome frå, meinte dessutan Skjekkeland at påverknaden nettopp kunne kome frå grannemåla i aust:

Med det same kan me slå fast at når det i Bø kan vera snakk om påverknad frå eit grannemål, så vil dette grannemålet vera dei indre måla i ytre Telemark (Holla o.a.), dvs. indre vikværsk. Påverknad frå måla i Vest-Telemark har eg ikkje funne spor etter (Skjekkeland 1980: 160).

Etter mi meining har difor geografisk nærleik til område med bokmålsnære talemål stor innverknad for talemålsutviklinga i Vest-Telemark. Difor er det truleg meir sannsynleg at den språklege påverknaden mot vesttelemålet ikkje kjem direkte frå Oslo, men heller frå nærliggjande byar og tettstader som til dømes Notodden, Ulefoss, Skien og Porsgrunn. Ein må hugse på at desse områda ligg temmeleg nær Vest-Telemark. Frå Seljord til Notodden er det til dømes berre 70 km, og frå Seljord til Ulefoss berre 50 km. Dermed ligg altså område med bokmålsnære talemål nærmast vegg i vegg med Vest-Telemark og det tradisjonelle bygdemålet der. Når ein i tillegg trekkjer fram at det er stor gjennomstrøyming og mykje tettare kontakt mellom regionane i dag enn det var tidlegare, meiner eg at dei sentrale områda i nedre Telemark vil kunne spele ei viktig rolle som *normsetjarar* (Vikør 1999: 23) eller språklege *standardiseringssenter* (Akselberg 2003b: 163) for bygdene rundt, og at dei difor har langt større direkte innverknad på vesttelemålet enn kva Oslo har. Til dømes dreg svært mange av ungdomane frå Vest-Telemark ut av bygda for å gå vidare på skule, og mange vel då anten Bø, Notodden, Skien eller Porsgrunn som studiestad. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at svært mange av desse aldri kjem attende.

6.2.4 Sentralisering

Vest-Telemark er i dag ein av dei regionane i landet med størst nedgang i folketalet, noko som blant anna kan verte forklara med at ein her manglar eit sterkt regionsenter. Knut Vareide ved Telemarksforsking-Bø peikar nemleg på at nettopp etableringa av eit sterkt regionsenter som har dei tilboda og tenestene folk ønskjer, fører til at ein vert buande i regionen. Dersom ein ikkje har eit slikt senter, flytter folk til andre regionar i staden (referert frå Vest-Telemark

Blad, 06.08.2005). I dag er til dømes Bø eit slikt sterkt regionsenter med kraftig vekst både i folketal og sysselsetjing, men dette er altså ikkje tilfellet i nabokommunane lenger vest.

At kommunane i Vest-Telemark såleis har færre kultur- og fritidstilbod enn kva ein finn lenger aust i fylket, ser ein òg av svara frå informantane i denne granskinga. Det er til dømes langt fleire negative karakteristikkar av heimbygda enn det er positive. Dei fleste av informantane poengterer at det er altfor lite å gjere i heimkommunen, og at dei må ut av bygda for å handle og finne på ting på fritida. Utsegner som “avsidet”, “eit lite høyl”, “kjedeleg og stille”, “utruleg kjedeleg og lite å finne på for kánn ungdomar”, “det er langt frá klásbuir”, “ingenting skjer her” og “det einaste å gjera her når ein skø finne på noko, æ å sjå film ell å drikke” viser at lokalsamfunna har store utfordringar når det gjeld å få ungdomane til å verte verande i bygdene. På spørsmålet om dei ønskjer å busetje seg i kommunen som vaksne, svarar nemleg mange at dei ikkje ser føre seg det, nettopp fordi heimkommunen ikkje har nok å tilby dei (som jobb, fritidstilbod og liknande). Når det gjeld dei ungdomane som ser føre seg ei framtid i Vest-Telemark, kan 15 av dei 30 informantane i Vinje (50 %) tenkje seg å busetje seg i kommunen som vaksne. I Seljord er dette talet lågare, der 7 av dei 20 informantane (35 %) ser føre seg å verte verande i kommunen. Mange av dei ungdomane frá Vinje og Seljord som derimot *ikkje* ser føre seg å verte verande i Vest-Telemark som vaksne, reknar i staden med at dei kjem til å flytte til Oslo eller til byane i nedre Telemark.

No skal ein ikkje berre svartmåle dette biletet, for informantane trekkjer òg fram mange positive sider ved å bu i Vest-Telemark. På spørsmålet om kva som er positivt ved å bu i kommunen, svarar nemleg mange av dei at det er ein roleg og trygg stad å vekse opp, der alle kjenner alle. Ein av informantane trekkjer fram det som går att i mange av dei andre informantane sine svar: “Koseleg, stille, fint og godt miljø.” Men det at ei bygd er koseleg, roleg og har eit godt miljø, treng ikkje nødvendigvis vere nok til å halde innbyggjartalet oppe og hindre at dei unge dreg frá heimstaden for godt. Den sterke sentraliseringa er nemleg eit tydeleg teikn på at stadig fleire nordmenn har eit ynske om å leve eit urbant liv, med alt det måtte innebere av fritidsaktivitetar og utdannings- og yrkesutsikter. Dette kan dermed få store følgjer for dei mindre bygdesamfunna i Vest-Telemark.

I denne samanhengen er det derimot ein viktig skilnad mellom Seljord og Vinje, for politikanane i kommunane har ulike syn på nettopp dette med sentralisering og er såleis usamde om kva retning ein bør utvikle regionen. Medan ordførar Arne Vinje i Vinje meiner at eit regionsenter ikkje fremjar utviklinga i Vest-Telemark, meiner ordførar John Kleivstaul i Seljord at regionen treng nettopp eit slikt regionalt senter (Vest-Telemark Blad, 28.09.2006). Så medan Vinje ønskjer ei desentralisering, der kulturtilboda og servicefunksjonane vil vere

spredde over heile regionen, ønskjer Kleivstaul på si side ei sentralisering med Seljord som den klare sentrumskandidaten. At Seljord har som mål å verte eit regionsenter for Vest-Telemark, kan dermed etter mi meining òg ha innverknad på korleis bygdemålet vil endre seg. Ei sentralisering av tenester og arbeidsplassar vil blant anna føre til at det vert meir attraktivt å busetje seg i eit slikt sentrum. Eit bygdesamfunn som derimot manglar eit større sentrum, vil på si side kanskje ikkje vere så utsett for språkleg og kulturelt press utanfrå. Denne talemålsgranskinga viser iallfall klare teikn på at vesttelemålet i dag går gjennom langt større endringar hjå ungdomane i Seljord enn kva som er tilfellet hjå ungdomane i Vinje. Det er såleis godt mogleg at denne ideologiske skilnaden mellom kommunane i synet på sentralisering og lokalpolitisk regionalutvikling kan ha endå større innverknad på talemålet i Vest-Telemark i åra som kjem.

6.3 Sosiale tilhøve

6.3.1 Likestilling

Denne granskinga har vist at det er svært liten samanheng mellom kjønn og språkval. Det kan nok vere fleire grunnar til denne utviklinga, men mykje av forklaringa ligg truleg i at det i sosiolingvistikken sine tidlege dagar på 60- og 70-talet var større sosiale skilnader mellom kvinner og menn enn kva som er tilfellet i dag. Den gongen var nemleg kvinnene ofte heime og passa borna og stelte huset medan mennene var ute i yrkeslivet. På denne måten fekk mennene automatisk ta del i samfunnslivet og oppnå sosial status av å jobbe utanfor heimen. Sidan kvinnene ikkje kunne ta del i dette på lik linje med menn, måtte dei på si side oppnå sosial status på andre måtar. Såleis kunne språket vere ein måte å markere og oppnå slik sosial status på, blant anna ved å ta i bruk prestisjeformer (Hudson 2003: 196). At kvinnene i denne samanhengen valde å ta i bruk slike prestisjeformer, vil dermed vere eit uttrykk for såkalla 'ynskt identitet'. Den ynskta identiteten kan altså verte forklart med at ein har eit ynske om å identifisere seg med ei anna gruppe, noko som gjerne fører til at ein prøver å tilpasse språket sitt eller dialekten sin til den gruppa ein ynskjer å vere ein del av (Sandøy 1993: 88).

I dag har derimot likestillinga kome så langt at vi meir eller mindre har lagt denne klare sosiale skilnaden mellom kvinner og menn bak oss. Kvinnene jobbar utanfor heimen og tek seg utdanning på lik linje med menn, og såleis er kanskje grunnlaget for å oppnå sosial status ved å velje prestisjeformer, borte. I dag viser nemleg ei rekkje sosiolingvistiske

granskingar at det er liten samanheng mellom kjønn og språkval. Under si gransking av talemålet i Nore og Uvdal fann til dømes Papazian klare skilnader mellom kjønna hjå dei vaksne, men ikkje hjå dei unge. Medan menn var meir konservative språkleg enn kvinnene, var derimot skilnadene små mellom ungdomane. Papazian konkluderer desse funna med at skilnadene mellom kjønna elles i samfunnet i dag er svært små, så ein kan gjerne seie at “kjønnsrollene generelt er blitt utvisket” (Papazian 1997: 169). Dette viser altså at det har skjedd ei kjønnsmessig utjamning når det er snakk om språkval, noko som kan vere ei god forklaring på kvifor det i Vinje og Seljord ikkje er klare skilnader mellom kjønna i valet av språkformer.

6.3.2 Busetjingsmønster

Dersom ein samanliknar kommunane Seljord og Vinje på bakgrunn av butilhøva, viser tal frå Statistisk sentralbyrå at heile 43 prosent av innbyggjarane i Seljord bur i tettbygde strok, mot berre 15 prosent i Vinje. Denne skilnaden i busetjingsmønster kan difor vise seg å spele ei viktig rolle for korleis talemålet i Vest-Telemark endrar seg. Resultata frå denne granskinga viser at tendensen er mykje sterkare i Vinje enn i Seljord for at dei informantane som bur sentralt, brukar færre tradisjonelle former enn dei som bur i områda elles i kommunen. Samanlikna med Vinje, er det i Seljord altså ikkje ein så klar skilnad i talemålet mellom dei som er oppvaksne på gard eller i bustad utanfor sentrum, og dei som er oppvaksne i sentrum eller i byggjefelt (sjå punkt 5.3.3).

Kvifor får ein eigentleg så ulike resultat i Vinje og Seljord på dette punktet? Ein av grunnane kan sjølvsagt vere at den generelle påverknaden frå andre talemål er mykje sterkare i Seljord, slik at dei som bur på gard i Seljord, har vorte mykje meir påverka av folk med annan talemålsbakgrunn enn dei som bur på gard i Vinje. Det er såleis godt mogleg at det på same måte som med kjønn i dag er mindre samanheng mellom val av talemålsformer og kvar i kommunen ein bur.

Men det kan òg liggje andre grunnar bak, for når ein snakkar om busetjingsmønster, bør ein etter mi meining samstundes sjå nærare på foreldrebakgrunnen til informantane. I denne granskinga viste det seg nemleg at foreldrebakgrunn hadde svært mykje å seie for språkvala (sjå punkt 5.3.2), og kanskje kan han spele ei sentral rolle når ein skal sjå nærare på busetjingsmønsteret òg. Ein må hugse på at mange av dei som slår seg ned i sentrum, ofte er folk som har flytt til bygda på jakt etter arbeid eller ein stad å bu. Derimot vil odelsretten gjerne føre til at dei som kjem frå kommunen, vert verande på garden dei vaks opp. Sidan ein gard ofte går i arv til neste generasjon, vil dei nye eigarane på denne måten kome frå den

aktuelle kommunen. Mange byggjer jamvel hus på garden til foreldra allereie før dei har teke over drifta. Garden vert altså på mange måtar eit viktig symbol for det Akselberg kallar “den sosiale, materielle og kulturelle sosialiseringa” (Akselberg 2002a: 110). Såleis er det kanskje ikkje så enkelt å avgjere kva som har hatt mest å seie for ungdomane sin bruk av vesttelemålsformer, om det er det at dei har vakse opp utanfor sentrum, eller om det er det at foreldra deira kjem frå den aktuelle kommunen. Det kan med andre ord vere vanskeleg å seie kva som har mest påverknad av foreldrebakgrunn eller bustad, men det er godt mogleg at ein kombinasjon av desse to sosiale bakgrunnsvariablane vil vere det optimale med tanke på val av språkformer.

Tilhøvet mellom dei sosiale bakgrunnsvariablane bustad og foreldrebakgrunn er difor etter mi meining viktig å få kartlagt, og dersom ein ser på resultatane frå denne granskinga, er det i Vinje ein klar samanheng. Den eine personen som *ikkje* har nokon av foreldra frå kommunen, bur nemleg i tettstad eller byggefelt. Informantane som har *éin* av foreldra frå kommunen, fordeler seg temmeleg likt mellom å bu sentralt eller ikkje. Men dersom ein ser nærare på dei informantane som har *båe* foreldra frå kommunen, så ser ein tydeleg at dei aller fleste av desse bur på gard eller bustad utanfor tettstad (sjå tabell 6.2). Dette viser altså at tilhøvet mellom foreldrebakgrunn og bustad heng svært nært saman i Vinje.

Dersom ein derimot vender blikket mot Seljord, verkar tendensen til å vere stikk omvendt. Her bur dei fleste av dei som ikkje har nokon av foreldra frå kommunen, på gardar eller bustader utanfor sentrum. Dette kan altså vere med på å forklare kvifor det i Seljord ikkje er eit så godt samsvar mellom det å vere oppvaksen på gard eller bustad utanfor sentrum og det å bruke tradisjonelle former. Det er nemleg tydeleg at det berre er eit fåtal av desse informantane som faktisk har foreldre frå kommunen. Etter mi meining kan dette vere ei god forklaring på kvifor det i Seljord ikkje var eit så klart samsvar mellom det å bu på gard eller bustad utanfor sentrum og det å bruke fleire tradisjonelle former. Når ein ser nærare på denne jamføringa mellom foreldrebakgrunn og bustad, kan difor mykje tyde på at foreldrebakgrunn har større innverknad på språkvala enn kvar i kommunen ein bur.

Kommune	Foreldrebakgrunn	Gard/bustad utanfor tettstad	Tettstad/byggjefelt
Vinje:	Ingen foreldre frå kommunen	0	1
	Èin av foreldra frå kommunen	8	9
	Båe foreldra frå kommunen	11	1
	Sum	19	11
Seljord:	Ingen foreldre frå kommunen	6	2
	Èin av foreldra frå kommunen	3	6
	Båe foreldra frå kommunen	2	0
	Sum	11	8

Tabell 6.2: Oversyn over foreldrebakgrunn og bustad til informantane.

6.3.3 Innflyttarar

Den sosiale bakgrunnsvariabelen foreldrebakgrunn har vist seg å ha stor innverknad på språkvala til ungdomane frå Vinje og Seljord, og nettopp difor vil eg påstå at innflyttarar er det største trugsmålet mot den lokale talemålsvarieteteten. Når små bygdesamfunn opplever stor innflytting frå urbane miljø, viser nemleg forskning at det fyrst og fremst er det lokale talemålet som har tilpassa seg talemålet til innflyttarane (Ulset 2002: 206). Dette var til dømes ein tendens som Papazian (1997) fann under si gransking av talemålet i Nore og Uvdal. Talemålet til innflyttarane vil lett kunne få stor makt, for innflyttarane er ofte etablerte folk med god utdanning som tek over viktige stillingar i bygdesamfunnet. Dette inneber at dei vert ein slags “urbanisert elite i bygdesamfunnet” som verkar som eit førebilete for dei unge (Papazian 1997: 177).

I granskinga si av talemålet i Hallingdal og Gudbrandsdalen meinte til dømes Berge Rudi at ein grunn til at det tradisjonelle talemålet i Gudbrandsdalen heldt seg så mykje betre enn i Hallingdal, var at det i Hallingdal var langt større innflytting. Dessutan trekte ho fram skiturismen som ein viktig grunn her (Rudi 1999: 80), for Hallingdal og Numedal er kjende for å vere populære utfartsstader både for hyttefolk og skiinteresserte. Dette er ein viktig skilnad til Vest-Telemark, for her har ein ikkje hatt den store utfarten frå Oslo og omegn. Men dette er nok noko som er i ferd med å endre seg, for både Rauland og Haukeli har dei seinare åra satsa stort på hyttebygging og utvikling av populære skianlegg. På sikt er det godt mogleg at dette kan vere med på å føre til ei liknande utvikling som ein har sett i til dømes Hallingdal.

Under si gransking av talemålet i Hallingdal fann Thoengen ut at det fyrst og fremst var foreldra sin geografiske bakgrunn som såg ut til å slå ut på talemålet til dei unge (1999: 72). Der har talet på innflyttarar med annan talemålsbakgrunn enn hallingmålet auka. Dette har gjeve større dialektmangfald, noko som vidare har ført til at dei unge har fått valet mellom hallingmålet og det sentralaustlandske bymålet.

Denne utviklinga har ikkje kome så langt i Vest-Telemark, men resultatata frå granskinga i Vinje og Seljord viser klare skilnader i foreldrebakgrunnen til informantane. Det er jamvel så store skilnader at ein ikkje kan samanlikne kommunane på likt grunnlag. Medan til dømes åtte av dei nitten informantane frå Seljord ikkje har nokon av foreldra frå kommunen, er dette talet til samanlikning berre éin av tretti blant informantane frå Vinje (sjå 5.3.2). Her har altså Vinje ein stor fordel når det er snakk om å kunne halde på dei tradisjonelle vesttelemålsformene i talemålet, for når så få av foreldra til informantane frå Vinje er innflyttarar, så vert heller ikkje presset frå andre talemål så stort som i Seljord. Såleis vil nok Seljord ha større mangfald av talemålsformer i skulegarden, noko som vidare kan føre til større påverknad og i sin tur ei meir omfattande endring av det lokale talemålet.

6.3.4 Lokal identitet

Stor innflytting og eit mangfald av talemålsformer kan dermed resultere i at det vert vanskelegare å halde på den tradisjonelle talemålsvarieteteten. Sidan born gjerne har eit ynske om ikkje å skilje seg ut, men å vise solidaritet med dei dei er i lag med, vert det lett at ein legg om talemålet for å snakke slik som jamaldringane gjer. Dette ser ein til dømes dersom ein tek føre seg informantane sine svar på spørsmålet om det hender at dei legg om talemålet sitt når dei snakkar med folk med annan dialektbakgrunn. I Seljord svarar 13 av 20 informantar (65 %) at dei gjer det. Dersom ein derimot ser på svara til informantane frå Vinje, opplyser 14 av 29 informantar (48 %) at dei legg om talemålet sitt. Her er altså situasjonen motsett, der dei som *ikkje* legg om talemålet sitt, er i fleirtal.

At mange av ungdomane vel å leggje om på talemålet sitt, treng derimot ikkje vere ei friviljug handling eller eit ynske om å vise solidaritet med andre. Det kan i staden ganske enkelt òg ha grunnlag i større eller mindre kommunikasjonsproblem. Felles for dei informantane som seier at dei legg om talemålet sitt, er at dei grunnjev det med at folk med annan talemålsbakgrunn kan ha store vanskar med å skjønne dei. Mange av ungdomane gjev nemleg uttrykk for at dei er leie av å heile tida måtte gjenta og forklare kva dei nettopp har sagt, og difor legg dei heller om. Men dersom slike språklege strategiar fører til at til dømes ein person med bygdemålsbakgrunn byrjar å ta i bruk stadig fleire sentralaustlandske former,

vil mange kunne sjå på det som mangel på solidaritet til lokalsamfunnet ein er ein del av. Ei slik språkleg tilpassing vert då gjerne sett på som “knot”, noko som i fleire lokalsamfunn vert sett på som noko negativt.¹² Dersom ein byrjar å “knote”, har ein på mange måtar gått utover grensene for kva ein kan akseptere av språkleg variasjon i lokalsamfunnet (Sandøy 1993: 78). Det er til dømes ei kjent sak at eldre generasjonar gjerne akkar seg over at ungdomen snakkar mindre dialekt enn før. Dette kjem òg fram i svara som informantane har gjeve i spørjeskjemaet. På spørsmålet om informantane snakkar meir dialekt heime enn saman med jamaldringar, svarar til dømes ein av informantane: “Ja, for elles rettar mamma og pappa meg, noko som er irriterans.” Dette viser på mange måtar kor ulike syn ein har på *språkbruksnivået* og *normidealsnivået* (Røyneland 2005: 538). Når det gjeld språkbruksnivået, så vil ein framleis seie at ungdomane snakkar vesttelemål, sjølv om det trass alt har endra seg ein del opp gjennom generasjonane. Men når det er snakk om normidealsnivået, så kan det altså vere ulike normideal eller førestillingar frå generasjon til generasjon om korleis vesttelemålet *bør* vere, slik som altså utsegna over kan vere eit godt døme på.

Men truleg har slike toleransegrenser for kva former ein kan bruke og ikkje, endra seg, slik at det i dag kanskje er større aksept for å ta i bruk andre talemålsformer. Ein har på mange måtar større valfridom enn tidlegare, og det er kanskje ikkje lenger så sterke negative reaksjonar av til dømes å velje bort lokale talemålstrekk. Dermed kan det vere større aksept for til dømes å ta i bruk sentralaustlandske talemålsformer, nettopp fordi “den disiplineringa som stigmatiseringa av ‘knot’ innebar, stort sett er borte” (Vikør 1999: 48). Men det ironiske i denne situasjonen er at den språklege solidariteten eller toleransen for talemålsvariasjon kanskje kan ha vorte eit trugsmål mot dialektane, i og med at den tidlegare kraftige fordømminga av å ta i bruk talemålsformer som ikkje høyrde heime i lokalsamfunnet (altså knot), kanskje ikkje er så tydeleg i dag. Dette ser ein døme på når ein går gjennom svara frå informantane i denne granskinga, for mange av dei har nemleg stor forståing for at mange vel å leggje om talemålet sitt når dei møter folk frå andre kantar av landet. I Seljord har til dømes 63 % av informantane forståing for at ein legg om. Det er derimot langt færre som har forståing for dette i Vinje, for der meiner berre 33 % av informantane at det er greitt å leggje om. Dette viser altså at det i Seljord er større aksept blant dei unge for å leggje om enn det er i Vinje, noko som kan vere eit teikn på at solidariteten til den lokale talemålsvarieteteten er større i Vinje enn i Seljord.

¹² Hjø mange vil nok termen “knot” gje negative assosiasjonar, sidan det bryt med det ein reknar som det lokale særpreget. Ordbøker forklarar til dømes fenomenet som “unaturleg, tilgjort språk” (Hellevik 2000: 176).

Denne talemålsgranskinga viser altså ein tendens til at det er ein skilnad mellom informantane frå Seljord og Vinje i graden av *lokal orientering* (Hernes 2006: 248), og det er klare skilnader mellom kommunane når det blant anna er snakk om foreldrebakgrunnen til ungdomane og den generelle aksepten for å leggje om det lokale talemålet. I Vinje verkar det nemleg som om denne lokale orienteringa hjå ungdomane er langt sterkare enn i Seljord, noko som vidare kan ha innverknad på dei språklege vala og bruken av tradisjonelle vesttelemålsformer.

I tillegg til desse skilnadene på individnivå blant ungdomane, ser ein at kommunane har ulike regionalpolitiske meiningar rundt kva samfunnsstrukturar som bør ligge til grunn for den framtidige utviklinga av kommunane og Vest-Telemark som region (sjå 6.2.4). Denne ideologiske skilnaden viser på mange måtar at dei to kommunane kan verte karakteriserte anten som *endosentriske* eller *eksosentriske* språksamfunn (Hernes 2006: 248). I denne samanhengen kan mykje tyde på at Vinje er eit meir endosentrisk lokalsamfunn, det vil seie at ein her har ei meir negativ innstilling til dialekttrekk som kjem utanfrå. Seljord kan på si side verte karakterisert som eit meir eksosentrisk lokalsamfunn, altså at ein her er i ferd med å få større aksept for dialekttrekk som kjem utanfrå, og at ein såleis har lettare for å ta i bruk nettopp desse. Mykje kan difor tyde på at *den mentale urbaniseringsprosessen* (Ulset 2002: 208), det vil seie meir urbane haldningar og impulsar, har kome lenger i Seljord enn i Vinje.

Her kjem ein på mange måtar inn på mykje av det same som Sandøy (2003a: 238) omtalar som *fokuserte* og *diffuse* samfunn. Medan fokuserte samfunn er kjenneteikna ved at innbyggjarane er opptekne av heimstaden og den lokale identiteten og dialekten, er diffuse samfunn derimot kjenneteikna ved at innbyggjarar ikkje har slike klare førestellingar om sin eigen dialekt og regionen dei bur i. Det kan derimot godt hende at det vert for bastant og kategorisk å plassere dei to kommunane i kvar si gruppe her. Trass alt er ein både i Vinje og Seljord framleis opptekne av tradisjon, lokalhistorie og å halde på den lokale identiteten ved kommunen (sjå til dømes 1.3), og det kan difor kanskje gje eit noko feil bilete å plassere kommunane i kvar sin klare bås som dette. Men mykje tyder altså på det er visse ideologiske og psykososiale skilnader mellom dei to kommunane, og difor kan ein etter mi meining påstå at Seljord er i ferd med å gå *i retning av* å verte eit meir diffust samfunn, medan Vinje (framleis) kanskje utpregar seg meir som eit fokusert samfunn.

Graden av lokal identitet kan såleis spele ei viktig rolle for språkvala til ungdomane. Men det er samstundes viktig å peike på at sjølv om mange av informantane frå Seljord og Vinje er imot at ein skal leggje om på talemålet sitt, så er det mange av desse som likevel svarar at det hender dei gjer det sjølve når dei møter folk med annan talemålsbakgrunn. Dette

viser at *haldning* og *handling* ikkje nødvendigvis treng å vere det same, for ein varierer gjerne talemålet etter kva situasjon ein er i. Sjølv om mange av informantane i denne avhandlinga både i spørjeskjemaet og under intervju gjev uttrykk for kor viktig det er å halde på dialekten sin, så er det ikkje sjølvsagt at dei automatisk kjem til å halde på dei tradisjonelle vesttelemålsformene av den grunn.

7. AVSLUTNING

7.1 Mål og meining

I denne avhandlinga har eg teke føre meg det tradisjonelle talemålet i Vest-Telemark, der målet har vore å sjå om dette er under sterk påverknad frå talemål på det sentrale Austlandet. Eg hadde såleis to problemstillingar for avhandlinga (sjå punkt 1.1): For det fyrste ville eg sjå kva innverknad dei sentralaustlandske talemåla har på det tradisjonelle vesttelemålet, og sjølve granskinga hadde difor som mål å kartleggje korleis visse særleine trekk ved vesttelemålet (til saman åtte variablar) held seg i talemålet til unge vesttelar i dag. For det andre ynskte eg å finne ut kva som kunne vere bakgrunnen for endringane og dei språklege vala til ungdomane, og her har særleg den sosiale bakgrunnen og haldningane til den einskilde informantan stått i fokus.

Når det gjeld metodeval for granskinga, har eg bruka ein kombinasjon av både kvantitativ og kvalitativ metode. Feltundersøkingane har vorte gjennomførte i dei to kommunane Vinje og Seljord, der ungdomar i 9. og 10. klasse ved Åmot skule i Vinje og klasse 10A og 10B ved Seljord ungdomsskule i Seljord har stilt opp som informantar. Dei til saman 50 informantane frå desse to kommunane (30 frå Vinje og 20 frå Seljord) svara fyrst på eit spørjeskjema, før deretter til saman åtte av desse (fire frå Vinje og fire frå Seljord) vart tekne inn til eit intervju med meg. På denne måten har eg fått belegg for både den rapporterte språkbruken (i spørjeskjemaet) og den faktiske (under intervju). Etter mi meining har spørjeskjemaet fungert som ein svært god innsamlingsmetode for både å registrere språklege data og få innblikk i informantane sine eigne haldningar til blant anna talemålet og heimbygda. Spørjeskjemaet har difor vore den innsamlingsmetoden som eg har lagt mest vekt på, og eg har bruka intervjuet meir som kontroll, oppfølging og supplement til opplysningane i spørjeskjemaet. Ei samanlikning av den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet og den faktiske under intervjuet viser godt samsvar hjå alle dei åtte ungdomane som vart intervjuet, noko som etter mi meining viser at opplysningane i spørjeskjemaet er til å stole på. Ved å bruke både kvantitative og kvalitative vinklingar har eg fått eit konkret og statistisk oversyn over talemålsendringane i dei to kommunane, i tillegg til at eg har fått høve til å kome nærare inn på den einskilde informantan sine tankar og haldningar.

7.2 Endringar i vesttelemålet

I samband med problemstillingane for talemålsprosjektet sette eg fram fire hypotesar (sjå punkt 1.2). Dei to fyrste hypotesane var meir *geografisk* retta, der fokuset låg på i kva grad vesttelemålet som ein geografisk avgrensa talemålsvarietet var utsett for påverknad frå talemål på det sentrale Austlandet. Dei to siste hypotesane var derimot meir individorientert og *sosialt* retta, der fokuset låg på at det var ein samanheng mellom språkval på den eine sida og sosiale bakgrunnsvariablar som kjønn, alder, foreldrebakgrunn og deltaking i eller interesse for det tradisjonelle feltet folkemusikk på den andre. I dei følgjande avsnitta vil eg gje ei kort oppsummering av resultatata frå granskinga, og setje desse i samanheng med problemstillingane og hypotesane for avhandlinga.

Konklusjon 1: Påverknad frå sentralaustlandske talemål.

I avhandlinga har eg sett endringane i vesttelemålet i samanheng med dei generelle endringstendensane elles på Austlandet. Dei seinare åra har ei rekkje talemålsgranskingar vist at mange bygdemål på Austlandet vert utsette for påverknad frå sentralaustlandske talemål, noko som blant anna fører til at talemåla vert meir like kvarandre over eit større område enn tidlegare. Resultata frå talemålsgranskinga mi stø opp om denne endringstendensen, der særleg vesttelemålsformer må gje tapt for meir utbreidde sentralaustlandske former. Materialet viser såleis ein tendens til å stø opp om *hypotese 1*, nemleg at talemålsformer frå det bokmålsnære talemålet i det sentrale austlandsområdet påverkar det tradisjonelle vesttelemålet.

Konklusjon 2: Ulik grad av påverknad i Seljord og Vinje.

Mykje tyder på at geografisk avstand til viktige talespråklege påverknadssenter kan ha mykje å seie for sjølve utjamningsprosessen, for resultatata viser at denne utviklinga har kome mykje lenger i Seljord enn i Vinje. Det verkar òg som om fleire av ungdomane er klar over dette, for på spørsmålet om kva som er skilnaden mellom talemålet i Seljord og Vinje, svarar til dømes ein av dei: “Det fins nesten ingen forskjell. Einaste er vel at ungdommen ikkje snakkar heilt likt.” Ungdomane frå Vinje brukar jamt over fleire tradisjonelle former enn ungdomane frå Seljord (sjå 5.1). Dette kan altså vere eit teikn på at den geografiske avstanden har stor innverknad, for Seljord ligg trass alt mykje nærmare kommunar med bokmålsnært talemål enn kva Vinje gjer. Resultata viser dermed ein tendens til å stø opp om *hypotese 2*, der ungdomar frå Seljord brukar færre tradisjonelle former enn ungdomar frå Vinje.

Konklusjon 3: Den sosiale bakgrunnen har innverknad på språkvala.

Når det gjeld samanhengen mellom den sosiale bakgrunnen til informantane og språkvala deira (sjå *hypotese 3* i punkt 1.2), så har eg funne lite belegg for at *kjøn*n har avgjerande innverknad på språkvala. Både i Seljord og Vinje viste nemleg resultatata minimale kjønsskilnader i bruken av tradisjonelle vesttelemålsformer (sjå 5.3.1). Dette samsvarar òg med resultatata frå fleire andre talemålsgranskingar dei seinare åra, og dette kan truleg verte forklara med at likestillinga generelt har kome langt i samfunnet i dag, og at ein såleis ikkje finn så klare skilnader på det språklege planet lenger som ein gjorde på 60- og 70-talet.

Resultata viser derimot at dei sosiale bakgrunnsvariablane *foreldrebakgrunn* og *bustad* kan ha stor innverknad på språkvala. Når det gjeld *foreldrebakgrunn*, viste det seg nemleg både i Vinje og i Seljord at dei informantane som hadde foreldre frå kommunen, bruka fleire tradisjonelle former enn dei som ikkje hadde foreldre frå kommunen (sjå 5.3.2). Også ved den sosiale bakgrunnsvariabelen *bustad* viste det seg å vere ein klar samanheng i Vinje, men denne var noko meir ujamn og uklar i Seljord (sjå 5.3.3). Ei meir inngåande gransking rundt kva denne skilnaden mellom kommunane kunne kome av, viste derimot at foreldrebakgrunn truleg spelar ei langt meir avgjerande rolle for språkvala enn kva bustad gjer.

Foreldrebakgrunnen kan såleis vere med på å forklare kvifor det i Seljord ikkje var eit så godt samsvar mellom det å bu på gard eller bustad utanfor sentrum og det å bruke tradisjonelle vesttelemålsformer (sjå 6.3.2). Men sjølv om kjønsskilnadene i bae kommunane er små, og samanhengen mellom bustad og språkval er noko uklar i Seljord, viser resultatata frå granskinga ein tendens til at sosiale bakgrunnsvariablar kan ha mykje å seie for språkvala. Resultata er endå tydelegare i Vinje enn i Seljord, så tendensen verkar såleis sterkare her. Langt på veg kan difor mykje tyde på at resultatata stør opp om *hypotese 3*, der sosiale bakgrunnsvariablar verkar inn på språkvala til ungdomane.

Konklusjon 4: For få informantar til å kunne seie om det er ein samanheng mellom val av tradisjonelle former og interesse for eller aktivitet innanfor tradisjonelle felt.

Granskingar har vist at det er ein samanheng mellom interesse for det lokale og tradisjonelle ved eit lokalsamfunn og det å bruke dei tradisjonelle talemålfornene ved staden (sjå 2.3.4). I denne avhandlinga har eg langt på veg støtta meg på dei teoretiske vala rundt sosiale felt som Akselberg la til grunn i doktorgradsavhandlinga si om talemålet på Voss. Men når det gjeld denne fjerde og siste hypotesen i avhandlinga mi (sjå *hypotese 4* i punkt 1.2), at det er ein samanheng mellom språkval og interesse for eller deltaking i sosiale felt, så har resultatata

diverre sine veikskapar. Målet mitt var å finne ut om det er ein samanheng mellom interesse for eller deltaking innanfor det tradisjonelle feltet folkemusikk og bruken av tradisjonelle talemålsformer. Materialet viser ein tendens til at det er ein samanheng mellom sosiale felt og språkval i Vinje. Dette er derimot ikkje tilfellet i Seljord, for her byggjer ikkje materialet opp om nokon klar tendens verken i den eine eller andre retninga. Diverre fekk difor denne delen av granskinga etter mi meining eit for svakt grunnlag til at ein kan trekkje klare konklusjonar av materialet, for det var trass alt berre seks informantar frå Seljord og ni informantar frå Vinje som i det heile var interesserte i eller som dreiv med folkemusikk. I ettertid ser eg at det kanskje var eit feil val å berre fokusere på eitt tradisjonelt felt, for eg hadde nok hatt eit langt betre grunnlag å jobbe ut frå dersom eg hadde hatt fleire tradisjonelle og fleire moderne felt. Når ein sit att med så få informantar som eg har gjort i denne delen av granskinga, så er det lett å stille spørsmål ved om resultatata i det heile er til å stole på. På bakgrunn av dette valde eg difor å la vere å ta stilling til om materialet stør opp om *hypotese 4* eller ikkje (sjå 5.3.4).

7.3 Krefter i talemålsendingane

Under arbeidet med materialet og utarbeidinga av dei moglege forklaringsmodellane har eg lært at det på mange måtar kan vere ei enkel sak å kartlegge *kva* konkrete talemålsendingar det er snakk om, men det er ei langt større utfordring å få avklart *kvar* desse endringane kjem frå, eller *kva* krefter som spelar inn. Mykje tyder på at det er *både* indre *og* ytre faktorar som spelar inn i endringane av vesttelemålet. Dei indre faktorane inneber forenkling og modifiseringar i sjølve språkssystemet, til dømes ved at uproduktive klassar går over til produktive klassar. I denne samanhengen viser til dømes granskinga at *i*-stammer i sterke hankjønnsord går over til *a*-stammer, der ord som *grisir* no går over til *grisar* (sjå punkt 5.1.3). Men denne endringa av sjølve strukturen i vesttelemålet kan òg kome av påverknad frå andre talemål, og dermed vil det vere vanskeleg nettopp å skilje mellom *kva* som er indre og *kva* som er ytre faktorar bak endringane. Truleg er det i mange høve snakk om både indre og ytre faktorar *på same tid*, og det er såleis godt mogleg at dei indre faktorane vert forsterka nettopp av dei ytre faktorane.

Når det gjeld ytre faktorar, har granskinga vist at vesttelemålet tek opp stadig fleire former som er typiske for talemål på det sentrale Austlandet. I denne samanhengen har eg trekt fram den talespråklege hierarkipyramiden som ein mogleg forklaringsmodell for talemålsutviklinga på Austlandet (sjå 2.5.1). Det er derimot usemje blant forskarar om *kva*

som har mest innverknad av vertikale eller horisontale krefter, men eg meiner at *både* vertikale *og* horisontale krefter kan vere med på å forklare endringstendensane ein i dag ser i vesttelemålet (sjå 6.1 og 6.2).

Utfordringa vert sjølvsagt å peike på kva som er vertikale og kva som er horisontale krefter, og truleg er dette prosessar som går litt om kvarandre. Når ein ser på Austlandet under eitt, vil nemleg regionale talemål liggje nær opp til det bokmålsnære talemålet i hovudstaden. Difor er det heller ikkje enkelt å seie kva endringar eller kva krefter det er snakk om når ein skal sjå nærare på talemålsendring i Vest-Telemark. Ei endring i vesttelemålet kan nemleg innebere både ei tilnærming mot eit austlandsk regionalmål, men samstundes òg mot eit mogleg standardtalemål. Sidan bygdemåla på Austlandet går i retning av å verte stadig meir utjamna og standardiserte, og sidan regionalisering og standardisering på mange måtar kan vere éi side av same sak i dette området, så kan det vere vanskeleg å peike ut kreftene bak talemålsendringane.

Det kan såleis vere litt av ei utfordring å fastsetje nøyaktig *kvar* den språklege påverknaden mot vesttelemålet kjem frå, sidan denne kan kome både direkte frå Oslo eller frå næraste tettstad eller by. Fleire forskarar påstår at den språklege påverknaden går *direkte* frå Oslo i staden for via andre byar og tettstader (sjå 6.2.2). Eg meiner derimot at både *sprangmodellen* og *bølgjemodellen* gjer seg gjeldande når ein skal sjå på korleis språklege innovasjonar spreier seg. Ved hjelp av sprangmodellen kan nemleg dei sentralaustlandske talemålstrekka ha nådd byar og tettstader i nedre Telemark, før desse kan ha spreidd seg vidare til bygdene omkring ved hjelp av bølgjemodellen (sjå 2.5.4 og 6.2.3). I denne samanhengen vil truleg byane i nedre Telemark spele ei viktigare rolle som språklege pådrivarar for dei sentralaustlandske talemålsformene enn kva Oslo gjer direkte.

Men det er ikkje berre byane og tettstadene som er pådrivarar i denne utviklinga, for ein må hugse på at sjølve bygdesamfunna òg er i ferd med å endre seg i takt med den auka sentraliseringa og urbaniseringa i samfunnet. Blant anna har betre kommunikasjon vore med på å knyte regionane tettare saman og opne opp bygde-Noreg for omverda. Meir opne lokalsamfunn og tettare kontakt mellom folk over kommune- og fylkesgrensene fører naturleg nok til større språkleg påverknad. At grendeskular vert nedlagde og det vert stadig lengre avstandar til skule, arbeid og serviceytande næringar, er nok òg med på å auke den språklege påverknaden. Denne sentraliseringa kan dessutan føre til at ungdomane gjerne orienterer seg utanfor lokalsamfunnet sine grenser, og dei trekkjer då ofte inn til eit større sentrum som har meir å tilby av fritidsaktivitetar og liknande. Ein gjennomgang av svara frå denne granskinga viser at dette er høgst aktuelt for ungdomane frå Vinje og Seljord òg (sjå 6.2.4).

På den eine sida kan dette innebære at den *lokale identiteten* i Seljord kanskje ikkje er så sterk lenger, noko som kan ha innverknad på kor lojal ein er mot dei tradisjonelle talemålsformene. På den andre sida er det derimot godt mogleg at den lokale identiteten kan ha vorte sterkare i Vinje, og til dømes står idealet om å halde på dialekten sterkare i Vinje enn i Seljord. Dessutan er det færre informantar i Vinje enn i Seljord som har forståing for at ein kan velje å leggje om når ein møter folk med annan talemålsbakgrunn. (sjå 6.3.4).

I denne samanhengen er det godt mogleg at den generelle ideologiske skilnaden i blant anna graden av mental urbanisering mellom kommunane Vinje og Seljord kan spele ei viktig rolle (sjå 6.2.4 og 6.3.4). Medan Seljord ivrar for sentralisering og å verte eit viktig regionsenter for Vest-Telemark, ynskjer nemleg Vinje på si side desentralisering og spreidd sentrumsstruktur. Dersom ein vel å sjå nærare på Vest-Telemark som ein eigen region, kan ein i denne samanhengen nemleg påstå at Seljord er i ferd med å verte ein sentrumskommune, medan Vinje markerer seg meir som ein utkantkommune. Dette kan etter mi meining òg vere ein viktig faktor å ha med når det er snakk om talemålsendring og framtida for vesttelemålet hjå komande generasjonar.

7.4 Kjem vesttelemålet til å døy ut?

Korleis vil det gå med vesttelemålet i framtida? Vil det døy ut, eller vil det berre gå gjennom ei naturleg endring? Dersom ein ser på den generelle talemålsutviklinga i Europa, så har det dei seinare åra gått føre seg ei sterk samansmelting (unification), der lokale og regionale kulturar har døydd ut (Auer 2005: 33). Denne utviklinga har ikkje på langt nær kome så langt i Noreg, truleg fordi blant anna lokal kultur og identitet framleis står sterkt i lokalsamfunna. Det næraste ein kjem ei liknande utvikling i Noreg som ein ser i Europa, måtte i så fall vere utjamningstendensen som går føre seg mellom dei austlandske talemåla, og ein kan sjølvsagt på sikt risikere at ein også her kan få einsarta regionar utan lokale særpreg. Det er til dømes denne utviklinga som får Papazian til å kome med den dystre spådomen om at den lokale talemålsvarianten i Numedal kjem til å døy ut (Papazian 1997: 180).

Men kva ligg det eigentleg i at ein dialekt døyr ut? Når ein seier at ein dialekt døyr ut, meiner ein gjerne at det har mista alle sine særtrekk og såleis ikkje er nokon geografisk avgrensa talemålsvarietet lenger. Sidan det på denne måten har mista sin funksjon som geolekt for eit område, vil det nok for mange vere naturleg å påstå at den særeigne talemålsvarietet er borte for godt. Men kor mykje må eigentleg ein dialekt endre seg eller

verte utjamna eller vatna ut for at ein skal seie at han har døydd ut? Her er det svært vanskeleg å setje ei endeleg grense eller gje eit klart svar. Det vil alltid vere visse variasjonar innom kvart einskild talemål, og i denne samanhengen seier Akselberg at språkleg variasjon heng nært saman med språkleg endring (Akselberg 2003a: 129). Det er difor eg meiner at ein kanskje heller bør fokusere på *endring* i staden for *daude*.

Akselberg peikar òg på at det er særleg vanleg at eldre talemålsbrukarar har “eit statisk og homogent normideal som ikkje gjev rom for særleg talemålsvariasjon og endring” (Akselberg 2002a: 101). I dette ligg det at ein gjerne reagerer så snart ein høyrer talemålsformer som bryt med det heimlege og det ein er van med. Det er såleis lett at foreldre eller besteforeldre gjerne kan kome til å ‘skulde’ på ungdomen for at det lokale talemålet endrar seg. Eg har sjølv høyrte folk seie at ungdomen i dag til dømes ikkje er språkleg trygge på seg sjølve, at dei manglar lokal identitetskjennele til heimlassen, at dei ikkje bryr seg om kvar dei kjem frå og at dei ikkje held på dialekten sin. Men då kan ein sjølv sagt spørje seg: Kven er det eigentleg som kan seie at dei held på dialekten sin fullt ut, og kva måler ein i så fall dette idealet opp mot? Synet på kva ein reknar som ekte og genuint vesttelemål, og kven som i så fall snakkar dette, vil trass alt variere frå generasjon til generasjon. I og med at dei tydelege talemålsendingane som regel finn stad i *overgangen* mellom generasjonane, vil det nok òg alltid vere slik at den eldre generasjonen vil reagere på språkvala til dei yngre. Men det ironiske her er at denne granskinga viser ein tendens til at det til sjuande og sist er *foreldrebakgrunnen* som har mest å seie for språkvala til dei unge. Omfattande endringar i vesttelemålet kan blant anna ha bakgrunn i skiftande flyttemønster og andre samfunnsmessige endringar som i sin tur er forårsaka nettopp av foreldregenerasjonen.

På bakgrunn av dette er det difor mykje som kan tyde på at det er innflyttarane som har størst direkte innverknad på korleis den lokale talemålsvarieteteten vil endre seg. Ein må hugse på at dess fleire innflyttarar ein får i eit lokalsamfunn, dess større ufordringar vil det truleg verte å halde på den lokale identiteten. For Vest-Telemark sin del kan det dermed hende at lojaliteten til sentralaustlandske talemålsformer berre vil auke, medan lojaliteten til det lokale vil minke. Det er i denne samanhengen eg vil påstå at lokal tilhøyrsele kan ha mest å seie for språkvala til dei unge. Denne granskinga har nemleg vist at kombinasjonen av å vere busett på gard og å ha foreldre som kjem frå kommunen, har mest å seie for at dei unge skal halde på dei tradisjonelle talemålsformene.

Så korleis vil det eigentleg gå med vesttelemålet? Samanlikna med endringstendensane innanfor mange andre bygdemål på Austlandet, kan mykje tyde på at vesttelemålet framleis held seg temmeleg bra, for ved fleire av variablane har nemleg dei

tradisjonelle formene høg oppslutnad blant dei unge i Vinje og Seljord. Men likevel kan det altså verke som om presset frå sentralaustlandske talemål er stort, og ved ein del av variablane ser ein temmeleg omfattande endringar i denne retninga, særleg i Seljord. Det er difor godt mogleg at vesttelemålet slik vi kjenner det i dag, vil stå framfor langt meir omfattande endringar i åra som kjem.

8. KJELDER

- Akselberg, Gunnstein 1993: "Paradigmeutvikling i sosiolingvistikken. Om utviklinga mot ein post-labovsk sosiolingvistikk." I: Gilje, Nils og Oddvar Storebø (red.): *Vitenskapsteori og lingvistikk*. 11 vitenskapsteoretiske innlegg til dr.art.-graden. 55–91. Bergen: Ariadne.
- Akselberg, Gunnstein. 1995. *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 1999. "Prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN) – form og innhald." *Målbryting* 2. 8–14. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 2002a. "Evaluering av eigen dialekt og aktuelle faktorar i den dialektale sosialiseringsprosessen. Talemålsvariasjon og språkhaldningar hjå ungdom på Voss ved tusenårsskiftet." *Målbryting* 6. 93–119. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 2002b. "Språkleg identitet og haldning." *Målbryting* 6. 5–11. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 2002c. "Talespråkleg regionalisering i Norge – Keisarens nye klede?" *Nordica Bergensia* 28, 35–59. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein. 2003a. "Talevariasjon, register og medvit." I: Mæhlum, Brit m.fl. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. 125–144. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Akselberg, Gunnstein. 2003b. "Talevariasjon i Noreg." I: Mæhlum, Brit m.fl. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. 145–166. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Akselberg, Gunnstein og Brit Mæhlum. 2003. "Sosiolingvistisk metode." I: Mæhlum, Brit m.fl. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. 71–86. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Akselberg, Gunnstein. 2006. "Horisontalistar versus vertikalistar. Om ulike tolkingar av talespråklege endringsprosessar i Noreg." *Målbryting* 8. 133–150. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Auer, Peter. 2000. "Process of horizontal and vertical convergence in presentday Germany." *Målbryting* 4. 9–26. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Auer, Peter og Frans Hinskens. 2005. "The role of interpersonal accommodation in a theory

- of language change.” I: Auer, Peter m.fl. *Dialect change. Convergence and divergence in European languages*. 335–357. Cambridge: Cambridge University Press.
- Auer, Peter m.fl. 2005. *Dialect change. Convergence and divergence in European languages*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Berulfsen, Bjarne og Dag Gundersen. 2000. *Fremmedord blå ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Britain, David og Jenny Cheshire. 2003. *Sosial Dialectology. In honour of Peter Trudgill*. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Broady, Donald. 1984. “Agent till subjekt. Liten ordlista för att underlätta läsningen av Pierre Bourdieus ‘Vad det vill säga att tala’.” I: Broady, Donald og Ulf P. Lundgren. *Skeptron 1. Tema: Rätten att tala*. 60–68. Stockholm: Symposion Bokförlag.
- Chambers, J.K. og Peter Trudgill. 1998. *Dialectology*. 2nd ed. Cambridge: Cambridge University Press.
- Chambers, J.K. 2003. “Sociolinguistics of immigration.” I: Britain, David og Jenny Cheshire. 2003. *Sosial Dialectology. In honour of Peter Trudgill*. 97–113. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Cheshire, Jenny, m.fl. 2005. “Phonology, grammar, and discourse in dialect convergence.” I: Auer, Peter m.fl. 2005. *Dialect change. Convergence and divergence in European languages*. 135–168. Cambridge: Cambridge University Press.
- Flatin, Tov. 1942. *Seljord*. Utgjeve av Seljord kommune. Oslo: Johansen & Nielsen.
- Fossåskaret, Erik. 2000. “Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, stad og sjølvforståing.” *Målbryting 4*. 27–46. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Faarlund, Jan Terje. 1999. “Norma i nynorsk sedd i høve til auslandsmåla.” I: Kleiva, Turid m.fl. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. 205–219. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Gardåsen, Tor Kjetil. 1996. *Regioner og kulturområder i Telemark: særpreg og kulturtrekk i Grenland, Vest-Telemark, Aust-Telemark og Tinn før 1900*. Skien: Fylkesmuseet for Telemark og Grenland.
- Gjerdevik, Kari. 2006. “Dialektar – eit lurespørsmål? Ein diskusjon om omgrepa dialekt og mállyska.” *Målbryting 8*. 67–85. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Gunleifsen, Elin. 2006. “Den kvalitative forskningsamtalen.” *Målbryting 8*. 117–131. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haugen, Odd Einar. 1998. *Grunnbok i norrønt språk*. 3. utgåve. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

- Haugen, Ragnhild. 2004. *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Dr. art.-avhandling, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Haukeland, Per Ingar (red.). 2005. *Det sammensatte Telemark. En litteraturundersøkelse om forholdet by og land i Telemark fylke*. TF-notat nr. 12/2005. Telemarksforskning-Bø. <http://www.tmforskbo.no/publikasjoner/filer/1157.pdf>. Lasta ned 01.10.07.
- Helleland, Botolv og Eric Papazian. 1981. *Norsk talemål*. Oslo: NRK-Skoleradioen.
- Hellevik, Alf. 2000. *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hernes, Reidunn. 2006. *Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os*. Dr. art.-avhandling. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Holland, Ann Kjersti. 2001. *Hedmarksdialekten i dag. En undersøkelse av språk og språklige motiv hos 12 ungdommer fra bygd og by på Hedmarken*. Hovedoppgave i nordisk språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.
- Hovdenak, Marit m.fl. (red.). 1993. *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. 2. utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hudson, R.A. 1999. *Sociolinguistics*. 2. utgåve. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kerswill, Paul. 2003. "Dialect levelling and geographical diffusion in British English." I: *Sosial Dialectology. In honour of Peter Trudgill*. 223–244. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Kleiva, Turid m.fl. 1999. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Kristiansen, Tore. 1992. "Har regionalsprog en fremtid i Danmark?" I: *Folkemål* 34. 203–247.
- Kristiansen, Tore og Jens Normann Jørgensen. 2005. "Subjective factors in dialect convergence and divergence." I: Auer, Peter m.fl. *Dialect change. Convergence and divergence in European languages*. 287–302. Cambridge: Cambridge University Press.
- Kristoffersen, Gjert. 1996. "Noen grunnleggende banaliteter om tolkning av sosiolingvistiske forskningsresultater." I: Thelander, m.fl. *Samspel & variation. Språklige studier tillagnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen*. 223–233. Uppsala universitet.
- Kvåle, Karen Marie. 1999. "Dè è'kji gøtt veta ko dai saia. Talemålsendring i Valdres." Oslo: Valdreslaget i Oslo.
- Labov, William. 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Milroy, Lesley. 1987. *Language and Social Networks*. 2. utgåve. Oxford: Blackwell.

- Milroy, Lesley. 2003. "Social and linguistic dimensions of phonological change." I: *Sosial Dialectology. In honour of Peter Trudgill*. 155–171. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Mæhlum, Brit. 1990. *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Dr. art.-avhandling. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Mæhlum, Brit. 2002. "Hvor går vi – og hvorfor? Et forsøk på å trekke noen store linjer i utviklingen av norsk talemål." *Målbryting* 6. 67–92. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Papazian, Eric. 1997. "Dialektdød i Numedal? Om språkutviklinga i Nore og Uvdal." *Maal og Minne*. 1997 / 2. 161–190. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Pedersen, Inger Lise. 2005. "Processes of standardisation in Scandinavia." I: Auer, Peter m.fl. *Dialect change. Convergence and divergence in European languages*. 171–195. Cambridge: Cambridge University Press.
- Preston, Dennis. 2002. "What is Folk Linguistics?" *Målbryting* 6. 13–23. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Rommetveit, Magne. 2000. *Med andre ord: den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk*. 2. utgåve, 1. opplag. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Rudi, Nina Berge. 1999. "Skilnader i bruken av den heimlege dialekta i Hallingdal og Gudbrandsdalen." I: Kleiva, Turid m.fl. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. 74–84. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Røyneland, Unn. 1999. "Språkleg regionalisering på Røros og Tynset." *Målbryting* 2. 98–119. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Røyneland, Unn. 2003. "Språk og dialekt." I: Mæhlum, Brit m.fl. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistikk*. 13–31. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Røyneland, Unn. 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Dr. art.-avhandling. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Sanden, Gunnar. 2004. *Vest-Telemark Boki*. [Ulefoss]: @NNO Forlag.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. 2. utgåve. Oslo: Novus
- Sandøy, Helge. 1993. *Talemål*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2003a. "Kontakt og spreining." I: Mæhlum, Brit m.fl. *Språkmøte. Innføring i sociolingvistikk*. 225–247. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge. 2003b. "Språkendring." I: Mæhlum, Brit m.fl. *Språkmøte. Innføring i*

- sosiolingvistik*. 197–224. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Skjekkeland, Martin. 1980. *Bø-målet i går og i dag: rapport frå ei språkgeografisk og språksosiologisk gransking*. Bø: Telemark distriktshøgskule.
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Skolseg, Ellen. 1999. “Jæ trudde bare vi snakka no’ blanding.” I: *Målføri og nynorsken*. Studieutvalet i Norsk målungdom, hefte 1. 20–28. Oslo: Norsk målungdom.
- Skramstad, Tone. 1999. *Oslocirkumferensen og språklig regionalisering: en metodetriangulert undersøkelse av språk og normer hos ungdommer på Hadeland*. Hovedoppgave i nordisk språk, Universitetet i Oslo.
- Skulerud, Olai. 1918. *Telemålet i umriss: ei utsyn yver maalsoga og maalgeografien i Telemark, serleg med umsyn paa Tinn*. Kristiania: Norli.
- Solheim, Randi. 2006. “Språkbruk og språkhaldningar i Høyanger etter andre verdskrigen. Eit sosiolingvistisk særtilfelle eller eit lokalt døme på ein allmenn tendens?” *Målbryting* 8. 7–28. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Stokstad, Ingunn. 2007. *Talemål og livsverd. Ein aldersavgrensa populasjonsstudie blant ungdomar i Aurland i Sogn*. Masteravhandling i Nordisk, Universitetet i Bergen.
- Sølvberg, Ola. 1999. “Endringar i førdedialekten.” *Målbryting* 2. 149–154. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Thoengen, Vigdis. 1999. “Kvar går målet i Hallingdal?” I: Kleiva, Turid m.fl. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. 62–73. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Torp, Arne. 1998. *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv*. Oslo: Novus forlag.
- Tvitekkja, Sigfrid. 1998. *Talemålsendring og sosial variasjon. Ei gransking av sosiolingvistiske tilhøve i Vinje i Vest-Telemark*. Hovudfagsoppgåve i nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo.
- Ulset, Kari Anne Vold. 2002. “Urbanisering som forklaringsfaktor i talemålsutviklingen.” *Målbryting* 6. 201–216. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Venås, Kjell. 1977. *Hallingmålet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Venås, Kjell. 1990. “Fjell-Noreg.” *Den store dialektboka*. [Redaktør Ernst Håkon Jahr]. Oslo: Novus forlag AS.
- Vesaas, Olav. 1992. *Telemark: dikt og draum*. Oslo: Damm.

- Vikør, Lars S. 1999. "Austlandsmål i endring". I: Kleiva, Turid m.fl. *Austlandsmål i endring. Dialektar, nynorsk og språkhaldningar på indre Austlandet*. 13–48. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vinje, Finn-Erik. 2004. *Språk 2005: en situasjonsrapport*. Oslo: Schibsted.
- Vaa, Aslaug. 1989. *Dikt i samling*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Wangensteen, Boye m.fl. 1996: *Tanums store rettskrivningsordbok*. 8. utgåve Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Williams, Glyn. 1992. *Sociolinguistics. A Sociological Critique*. London: Routledge.

Sider frå verdsveven:

Heimesida til Vinje kommune, lasta ned 29.09.2007:

<http://www.vinje.kommune.no/Toppmeny/Fakta%20om%20kommunen.aspx>

Heimesida til Seljord kommune, lasta ned 29.09.2007:

<http://www.seljord.kommune.no/default.asp?uid=10&cid=10&prevuid=>

Kart over Telemark, lasta ned 15.03.07:

http://kart.norge.no/default.asp?st=fylker&command=visFylke&norgeno_fylkesnr=80
[0](#)

Norsk Bane AS, lasta ned 14.01.08. http://www.norskbane.no/hk/rutehoin_n.htm

Statistisk sentralbyrå: lasta ned 28.02.08. <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=08>

Vest-Telemark Blad, lasta ned 06.08.05: <http://www.vtb.no/vis.php?id=2447>

Vest-Telemark Blad, lasta ned 06.02.06: <http://vtb.no/vis.php?id=2640>

Vest-Telemark Blad, lasta ned 28.09.06: <http://www.vtb.no/vis.php?id=2471>

9. VEDLEGG

Vedlegg 1: Informasjon til foreldre/føresette

Til foreldre/føresette

Talemålsundersøking

Eg heiter Olav Aasmundtveit og kjem frå Brunkeberg i Kviteseid kommune. Eg studerer nordisk ved Universitetet i Bergen, og skal no skrive masteroppgåve om talemålsendring i Vest-Telemark. Det er gjerne hjå ungdom ein ser talemålsendringar først, så dei er såleis ei svært interessant gruppe. Eg ønskjer difor å gjere ei undersøking blant ungdomsskuleelevar i 10. klasse i kommunane Seljord og Vinje.

Sjølv undersøkinga vil vere delt i to delar. Den første delen vil vere i form av eit spørjeskjema. Spørjeskjemaet vil innehalde ulike setningar og setningskonstruksjonar, der elevane skal fylle inn det som høver for dei. I tillegg vil dei få nokre spørsmål om haldning til språk og liknande. Den andre delen av undersøkinga vil vere i form av eit lite intervju med nokre få av elevane, anten éin og éin, eller to og to. Sidan eg skal ha både spørjeskjema og intervju, er eg avhengig av at elevane skriv namna sine på spørjeskjemaa. Eg vil poengtere at dette berre er for å kunne skilje elevane frå kvarandre. Dei vil vere heilt anonyme i oppgåva.

Sidan elevane er under 18 år, treng eg godkjenning frå foreldre eller føresette. Eg vonar de synest dette verkar greitt.

På førehand takk!

Med venleg helsing

Olav Aasmundtveit

Ja, eg går med på å vera med på denne undersøkinga.

Stad Dato

Underskrift, elev

Ja, eg gjev son min/dotter mi lov til å vera med på denne undersøkinga.

Stad Dato

Underskrift, føresett

Vedlegg 2: Spørjeskjemaet

I dette spørjeskjemaet skal du setje ring rundt dei alternativa som høver for deg. Du skal ikkje velje det du trur er "rett" språkbruk, men føre opp kva former du brukar i vanleg daglegtale. Sei setningane inni deg, og vel eitt av dei understreka alternativa. Dersom du brukar andre former enn dei som står oppført, så skriv desse ved sida av.

Det er berre å spørje dersom det er noko du lurar på.

Lukke til!

Set ring rundt det alternativet som høver:

- 1) Eg / Jeg går / gjeng på ungdomsskulen.
- 2) Vi / Me er mange elevar her.
- 3) Det er både gutar / gutter og jenter / jentur i klassa.
- 4) Bussen kom ikkje / ikke i dag.
- 5) Læraren har / he(ve) nemleg gjeve / gitt / gjedd alle fri frå skulen.
- 6) Det står / stend mange dyr og beitar på myri / myre / myra.
- 7) Dei har stae / stått der i mange timar.
- 8) Det er både griser / grisar / grisir og sauer / sauir på garden.
- 9) Ulven har tatt / teke / tekje mange av dei.
- 10) Huset hadde raudmåla veggar / vegger / vejjir / veggir.
- 11) Den eine veggen / vejjen var grøn.
- 12) Ein treng ikkje å gange / gå over bekken / bekken etter vatn.
- 13) Mange bekkar / bekkir / bekkjir / bekker små blir ei stor å.
- 14) Vatnet fraus / frøys / frøs til is.
- 15) Dermed blei vegen / vejen gjennom bygdi / bygde / bygda glatt.
- 16) Han har fått / fenge / fenje mange gjester / gjestir på besøk.
- 17) Dei kunne mange visur / viser.

- 18) Han påstod at fisjen / fisken han fekk, vog 10 kg.
- 19) Men då løyg / laug / løy han så det rann av han.
- 20) Fiskesnøret røyk / rauk / røk, og laksen sleit / slet seg fri.

Bakgrunnsspørsmål:

Namn:

Alder:

Adresse:

Set berre eitt kryss i kvart spørsmål:

- a) Har du vakse opp på gard___, i byggjefelt___, tettstad___ eller bustad utanfor tettstad___ ?
- b) Har du budd i Seljord sidan du var fem år gammal eller lenger _____, eller har du flytt hit etter at du fylte fem år _____ ?
(Dersom du flytte hit etter fylte fem år, kvar budde du før den tid?)_____
- c) Kjem bae___, den eine___ eller ingen___ av foreldra dine frå Seljord?
- d) Kva dialekt snakkar foreldra dine? Mor:_____ Far_____

Svar kort på følgjande spørsmål:

- 1) Dersom du skulle ha gjeve nokre stikkord om Seljord til ein turist, kva ville du sagt?
- 2) Kva er positivt ved å bu i Seljord?
- 3) Kva er negativt ved å bu i Seljord?
- 4) Er du stolt av heimstaden din? Ja___ Nei___
- 5) Er du interessert i lokalhistorie og lokale tradisjonar, til dømes folkemusikk?
Ja___ Nei___
- 6) Er du med i lokale lag og foreiningar? Ja___ Nei___
Viss ja, kva er du med i?
- 7) Synest du det er positivt at folk frå andre delar av landet buset seg i Seljord?
Ja___ Nei___ Kvifor / kvifor ikkje?

- 8) Trur du folk har eit positivt eller negativt inntrykk av vesttelemarkingar og dialekten deira?
- 9) Har du nynorsk eller bokmål som hovudmål?
- 10) Kva synest du om bokmål?
- 11) Kva synest du om nynorsk?
- 12) Kva synest du om dialektbruk i media?
- 13) Kva synest du om dialekten din?
Kva er positivt?

Kva er negativt?
- 14) Snakkar du meir dialekt heime enn til dømes saman med jamaldringar? Ja___ Nei___
Kvifor / kvifor ikkje?
- 15) Kva synest du om at folk legg om talemålet sitt når dei møter folk frå andre delar av landet?
- 16) Hender det at du sjølv legg om talemålet ditt? Ja___ Nei___
Kva er i så fall grunnen til det?
- 17) Synest du nokre dialektar er finare eller styggare enn andre?
Viss ja, kan du gje døme på typiske "fine" og "stygge" dialektar?
- 18) Korleis kan du høyre skilnaden på dialekten til ein som kjem frå Vinje og ein som kjem frå Seljord?
- 19) Kva synest du om dialektane i byar som til dømes Porsgrunn, Skien og Notodden?
- 20) Trur du at du kjem til å flytte frå Seljord for å ta høgare utdanning etter vidaregåande skule?
Ja___ Nei___ Viss ja, kvar har du tenkt deg?

- 21) Trur du at du kjem til å busetje deg i Seljord og få deg jobb her som vaksen?
Ja___ Nei___ Kvifor / kvifor ikkje?
- 22) Korleis trur du talemålet i Vest-Telemark er om 50 år?
- 23) Korleis trur du Seljord ser ut om 50 år?

Tusen takk for hjelpa!

Vedlegg 3: Tema under intervju

Bilete:

(Intervjuet byrjar med at informantane får sjå på nokre bilete, teikningar, o.l. som dei skal skildre både til meg og til kvarandre.)

Skulen:

- 1) Fortel litt om skulen. Til dømes, korleis er klasseinndelingane? Er det elevar frå heile kommunen her? Korleis er kjønnsfordelinga i klassa dykkar?
- 2) Kva planar har de etter ungdomsskulen? Skal de gå på vidaregåande skule andre stader?
- 3) Skal mange av klassekameratane dykkar òg byrje på skule andre stader?
- 4) Har de tenkt noko på kva de vil gjere etter vidaregåande? Har de tenkt å ta høgare utdanning? Er det vanleg at ungdomane forlèt heimbygda for å ta høgare utdanning?
- 5) Trur de mange vil kome attende etter at dei er ferdige med utdanninga? Har i så fall *de* tenkt å kome attende? Kvifor / kvifor ikkje?

Bygda:

- 1) Fortel litt om kommunen. Kva som kjenneteiknar han.
Dersom de skulle vist meg rundt her ein dag, kva ville de då ha trekt fram?
- 2) Korleis har det vore å vekse opp her?
- 3) Kva er positivt ved å bu i bygda?
- 4) Kva er negativt ved å bu i bygda? Er det noko negativt generelt ved å vere bygdeungdom?
- 5) Er det noko de saknar ved å bu her? Er det noko de føler manglar?
- 6) Korleis er det med fritidsaktivitetar her?
- 7) Når de dreg ut av bygda, kvar plar de å reise?
- 8) Trur de at de kjem til å slå dykk ned her og få arbeid her som vaksne?
Kvifor/kvifor ikkje?
- 9) Kva vil de seie er typisk for Vest-Telemark? Beskriv ein typisk vesttele.
- 10) Kva syn trur de andre har på ein typisk vesttele?

Dialekten:

- 1) Kva synest de sjølve om vesttelemålet?
- 2) Kva trur de andre synest om vesttelemålet? Har nokon gjeve dykk kommentarar og liknande nokon gong? Korleis reagerte de i så fall på det?
- 3) Føler de at talemålet i Vest-Telemark endrar seg? Korleis?
- 4) Er det skilnad på talemålet i Seljord og talemålet i Vinje?
- 5) Har de nokon gong opplevd å måtte leggje om talemålet for å bli skjøna? Kjenner de til folk som har gjort det? Kva trur de i så fall er grunnen til det?
- 6) Når de høyrer folk som legg om, kva ord er det då dei brukar i staden?
- 7) Korleis trur de det kjem til å gå med dialekten i framtida?
- 8) Trur de at de kjem til å endre dialekten nokon gong?
- 9) Kva trur de er den største utfordringa for at folk skal kunne halde på målet sitt?
- 10) Trur de ein kan gjere noko på politisk plan for å motverke utviklinga?

Vedlegg 4: Bilete og teikningar



A: To bilete av dyr. Det eine biletet viser ein tiger og fleire grisar, det andre tre sauer. Under intervjuet kunne informantane sine skildringar bl.a. gje belegg for variabel 3 (*grisir, sauir*) og variabel 4 (*stripur*).




B: Bilete av Pinocchio, som bl.a. kunne gje belegg for variabel 5 (*nøsi*) og variabel 8 (*laug*)..




C: Informantane skulle gje eit referat av kva dei hadde sett på dette biletet. Skildringane dei gav her, auka sjansane for bl.a. å få belegg for variabel 1 (*takjet*), variabel 2 (*prikkar*), variabel 4 (*stripur, buksur*), variabel 5 (*solli, dynni*), variabel 6 (*stend, gjeng*) og variabel 8 (*fraus, rauk, skreik, beit*).




D: Informantane skulle skildre biletet og kome fram til ordtaket “éin fugl i handa er betre enn ti på taket”, som bl.a. kunne gje belegg for variabel 1 (*takjet*) og variabel 5 (*hånd*).



E: Informantane skulle skildre biletet og kome fram til ordtaket “mange bekkar små vert ei stor å”, som bl.a. kunne gje belegg for variabel 1 (*bekkir*) og variabel 5 (*å*).



F: Informantane skulle skildre biletet og kome fram til ordtaket “du treng ikkje gå over bekken etter vatn”, som bl.a. kunne gje belegg for variabel 1 (*bekken*) og variabel 6 (*gjeng*).



G: Informantane skulle kome fram til regelen “ein gjeng ikkje over vegen før bussen har køyrt”, som bl.a. kunne gje belegg for variabel 1 (*vejen*) og variabel 6 (*gjeng*).

10. SAMANDRAG

Masteravhandling i Nordisk

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen

Namn: Olav Aasmundtveit

Rettleiar: Gunnstein Akselberg

Tittel: Høtt skjer'a? Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet til unge i Vest-Telemark.

I denne avhandlinga har eg granska korleis det tradisjonelle talemålet i Vest-Telemark endrar seg i dag. Feltundersøkinga vart gjennomført i kommunane Seljord og Vinje, der informantgrunnlaget var 20 ungdomar frå Seljord ungdomsskule i Seljord og 30 ungdomar frå Åmot skule i Vinje. Når det gjeld den generelle talemålsutviklinga på Austlandet, er det ein tendens til at bygdemål vert påverka av sentralaustlandske talemål, og då særleg den sterke stillinga Oslo har som hovudstad og maktpolitisk sentrum i Noreg. Målet med denne avhandlinga har vore å finne ut *korleis* vesttelemålet endrar seg i høve til talemåla på Austlandet, og kva som kan vere *bakgrunnen* for desse endringane.

Eg hadde fire hypotesar for avhandlinga: Den fyrste hypotesen gjekk ut på at talemålsformer frå det bokmålsnære talemålet i dei sentrale områda av Austlandet påverkar vesttelemålet, og resultatata viser at dette er tilfellet både i Seljord og Vinje. Det verkar dessutan som om denne påverknaden er langt sterkare i Seljord, noko som står opp om den andre hypotesen, nemleg at ungdomar frå Seljord brukar færre tradisjonelle former enn ungdomar frå Vinje.

Den tredje hypotesen gjekk ut på at sosiale bakgrunnsvariablar som kjønn, bustad og foreldrebakgrunn verkar inn på språkvala til ungdomane. Kjønn viste seg å ha liten innverknad, men bustad og foreldrebakgrunn hadde ein god del å seie. I Vinje hadde nemleg dei som budde på gard/bustad utanfor tettstad, langt fleire tradisjonelle former enn dei som budde i tettstad/byggjefelt. Også i Seljord var det ein klar samanheng mellom språkval og foreldrebakgrunn, men ikkje bustad. Etter nærare undersøkingar viste det seg at det her mest sannsynleg var foreldrebakgrunnen som spela inn når det var snakk om bakgrunnsvariabelen bustad òg. Medan det i Vinje var ein klar samanheng mellom det å bu på gard/bustad utanfor tettstad og det å ha båe foreldra frå kommunen, så var dette ikkje tilfellet i Seljord. Der budde nemleg mange av dei som ikkje hadde foreldre frå kommunen, nettopp på gard/bustad utanfor

tettstad. Mykje kan difor tyde på at foreldrebakgrunn har langt større innverknad på språkvala til dei unge enn kvar i kommunen ein bur.

Den fjerde hypotesen gjekk ut på at det er ein samanheng mellom språkval og haldning til eller deltaking i sosiale felt. Eg ville finne ut om det kunne vere ein samanheng mellom interesse for eller aktivitet innanfor det tradisjonelle feltet *folkemusikk* og det å bruke fleire tradisjonelle former. Diverre vart talet på informantar etter mi meining altfor lågt til at ein kunne trekkje pålitelege konklusjonar av materialet.

Eg har valt å ha ein kombinasjon av både kvantitativ og kvalitativ metode i avhandlinga. Alle dei 50 informantane svara fyrst på eit spørjeskjema, før åtte av dei deretter vart tekne inn til intervju med meg. Det var godt samsvar mellom den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet og den faktiske språkbruken under intervjuet, noko som kan vere eit teikn på at den rapporterte språkbruken i spørjeskjemaet gjev eit godt bilete av talemålssituasjonen i Vest-Telemark. Eg føler såleis sjølv at dei ulike teoretiske og metodiske vinklingane i denne avhandlinga har gjeve meg eit heilskapleg og godt bilete av korleis vesttelemålet endrar seg hjå dei unge i dag.

